

Årsrapport 2025

Utdanningsdirektoratet

13.03.2026



Innhald

Del I Leiaren har ordet	5
Del II Introduksjon til verksemda og hovudtal	7
Mål.....	7
Verkemidla våre.....	7
Organisasjon og leiing.....	8
Utvalde nøkkeltal	9
Del III Aktivitetar og resultat	12
Overordna måloppnåing i 2025	12
Mål 1 – ein barnehage som gir ein god start i livet	14
Utvikling i bemanning i barnehagen.....	15
Utvikling i tilsettkompetanse	16
Spesialpedagogisk hjelp til rett tid	18
Kunnskapsgrunnlag om kvalitet i barnehagen.....	21
Vegen vidare mot ein barnehage som gir ein god start i livet.....	21
Mål 2 – ei opplæring som gir god læring, utvikling og danning	23
Læringsresultat.....	24
Utvikling av læreplanverket.....	29
Arbeidet med leselyststrategien.....	32
Oppdrag som er knytte til Meld. St. 34 (2023–2024) <i>En mer praktisk skole</i>	32
Vidaregåande opplæring.....	33
Ungdom i vidaregåande opplæring	34
Oppfølging av fullføringsreforma	36
Rammeverk for innhald og struktur i vidaregåande opplæring.....	36
Vaksne i vidaregåande opplæring	37
Eksamen og standpunktvurdering	40

Nasjonale prøver og kartleggingsprøver	43
Individuelt tilrettelagd opplæring til rett tid	44
Utvikling av nytt system for kompetanse- og karriereutvikling (SKK)	47
Mål 3 – trygge og gode barnehage- og skulemiljø	50
Trivsel i barnehage, SFO og skule	51
Kompetansetiltak og utvikling av nytt kunnskapsgrunnlag.....	53
Fråvær	53
Styrking av lokalt arbeid med trygt og godt barnehage- og skulemiljø	55
Vidare arbeid med trygge og gode barnehage- og skulemiljø	56
Mål 4 – likeverdige barnehage- og opplæringstilbod	57
Innføring av ny opplæringslov	58
Regelverksetterleving og tilsyn i barnehagesektoren	59
Kunnskap om behov for støtte og formidling av tydelege og kunnskapsbaserte råd i sektoren	60
Vidareutvikling av oppfølgingsordninga	61
Bruken av nasjonale fellesløyser og standardar i sektoren	62
Utjamning av forskjellar i resultat mellom elevgrupper	62
Mot meir likeverdige tilbod	63
Mål 5 – gode lag rundt barnet og eleven.....	65
Tverrfagleg arbeid med laget rundt barn og unge	66
Innsats mot barne- og ungdomskriminalitet	67
Status for styrking av spesialpedagogisk kompetanse.....	67
Vidare arbeid med gode lag rundt barnet og eleven.....	69
Digitalisering som strategisk utviklingsområde.....	71
Del IV Styring og kontroll i Utdanningsdirektoratet.....	75
Rapportering på fellesføringar	78
Del V Framtidsutsikter	82
Del VI Årsrekneskap.....	84
Leiingskommentar til årsrekneskapen	84

Prinsippnote til årsrekneskapen.....	86
Oppstilling av løyvingsrapportering for rekneskapsåret 2025	88
Oppstilling av artskontorrapportering for 2025.....	99
Vedlegg til årsrapporten til Utdanningsdirektoratet	104
Om økonomiske tilsyn med private barnehagar i 2025.....	104
Om tilsyn med privatskular i 2025	110
Vedlegg til årsrapporten til Utdanningsdirektoratet	114
Om tilskotsforvaltning og tilskotskontroll i 2025.....	114
Vedlegg til årsrapporten til Utdanningsdirektoratet	126
Arbeid for likestilling og mangfold, og aktivitets- og forklaringsplikta.....	126
Del 1: Tilstand for kjønnslikestilling	126
Del 2: Arbeidet vårt for likestilling og mot diskriminering	128
Oversikt over oppdrag som er i gang og fullførte i 2025.....	132

Del I Leiaren har ordet

2025 har vore eit år prega av store globale endringar. Kunstig intelligens har på kort tid blitt allemannseige og endrar både arbeidsliv og utdanning. Verda er prega av uro, krig og aukande press på demokratiske verdiar og internasjonale relasjonar. Dette påverkar kvardagen til barn og unge og understrekar behovet for eit utdanningssystem som gir demokratisk motstandskraft og retning, der elevane lærer det dei treng, og som førebur neste generasjon på eit samfunn i rask endring.

I dette landskapet møter barnehagar, skular, kommunar og fylkeskommunar stadig meir komplekse forventningar og behov. I det store biletet ser vi ein sektor som tek ansvar, som utviklar seg, og som kvar dag arbeider for at barn og unge skal lære, trivast og ha det trygt og godt. Det gir grunn til optimisme.

Udir skal støtte, rettleie og styrkje kommunar, fylkeskommunar og private eigarar, og gjere verkemidla våre så nyttige, relevante og treffsikre som mogleg, for ein sektor som er samansett og variert. Samtidig må vi erkjenne at fleire av utfordringane sektoren vår står i, særleg knytt til kapasitet, rekruttering og ressursbruk, ligg utanfor det verkemidla til Udir åleine kan løyse.

Barnehagen er ein av dei viktigaste arenaene for utvikling og læring for barn, og for mange er det deira første møte med ein større sosial fellesskap. Noreg har høg barnehagedekning, og så godt som alle barnehagar oppfyller bemanningsnorma. Men mange barnehagar står i ein krevjande bemannings- og kompetansesituasjon. Mangel på pedagogar og fallande søkjartal til barnehagelæruddanninga forsterkar utfordringane, og kapasiteten blir ofte opplevd knapp sjølv der bemanningsnorma er oppfylt.

Innsikt frå sektoren viser at barnehagetilsette trivst, og at kvaliteten blir styrkt når dei får støtte, tid og relevant kompetanse. Vi veit at sterke profesjonsfellesskapar, trygge relasjonar og systematisk kompetanseutvikling gir betre oppfølging av ungane og ein meir føreseieleg arbeidskvardag for dei tilsette. Dette blir stadfesta i praksis når barnehagar bruker målretta verkemiddel som kompetanseheving, digitale kurs og støtteordningar. Med auka brukarinnsett og tett dialog med sektoren vidareutviklar vi no verkemidla slik at dei treffer betre og blir enklare å ta i bruk for barnehagar med store behov.

I skulen ser vi også eit samansett bilete. Det er mykje som fungerer godt i norsk skule. Når det gjeld trivsel og skulemiljø, ser vi tendensar til stabilisering og positiv utvikling. Mobbinga går noko ned, trivselen aukar, og fleire elevar opplever god støtte frå læraren. Evalueringa av fagfornyninga viser at læreplanverket er godt teke imot, og at mange skular jobbar godt. Samtidig viser evalueringa at det er variasjon i korleis læreplanane blir tolka og tekne i bruk lokalt, og at det er skular med god kapasitet som lykkast best. I vidaregåande opplæring er det fleire positive utviklingstrekk. Stadig fleire fullfører, rekordmange vaksne deltek i opplæring, og det er fleire som oppnår fag- eller sveinebrev. Dette gir viktig kompetanse både for enkeltpersonar og arbeidslivet.

Vi ser nokre teikn til at dei nedovergåande læringsresultata flatar ut på nokre område, men situasjonen er framleis alvorleg. Det er fleire elevar som presterer på dei lågaste nivåa, og ulikskapane aukar. Det er også ein auke i prosentdelen elevar med låge grunnskulepoeng, som kan

gjere overgangen til vidaregåande opplæring krevjande. I tillegg aukar risikoen for manglande fullføring. Dette er ei utvikling det er viktig å snu.

Å snu utviklinga i læringsresultat krev tydeleg prioritering og innsats over tid. Verkemiddel vi meiner er sentralt å halde fram med å prioritere, er tidleg innsats, arbeid med å styrkje dei grunnleggjande ferdigheitene til elevane og støtte arbeidet til skulane med trivsel. Vi veit at for å lykkast må skulen ha sterke profesjonsfellesskap og prioritere systematisk kompetanseutvikling for lærarane. Nye læringsstøttande prøver, ny skulemiljøundersøking, vidareutvikling av læreplanane og eit nytt system for kompetanse og karriereutvikling, er viktige reiskapar for å snu utviklinga i læringsresultata til elevane. Det er også behov for å vidareutvikle eksamen og utvikle kvaliteten på standpunktvurderinga, slik at vurderinga både er truverdig og rettferdig.

Av og til krev utfordringane til barn og unge eit samansett tenestetilbod for å bli løyst. Likeverdige barnehage- og opplæringstilbod krev at instansar som barnehage, skule, PPT og sosialtenester samarbeider tett og systematisk. Her er det store forskjellar, både mellom kommunar og innanfor kommunegrensene. Derfor ser vi at verkemidla våre i større grad må differensierast for å treffe kommunar, barnehagar og skular med størst behov, utan å auke belastninga hos dei som har minst kapasitet.

I dette arbeidet er statsforvaltarane heilt sentrale. Dei forvaltar regelverk, fører tilsyn, set i verk nasjonal politikk og er ein viktig lyttepost for å forstå situasjonen i ulike delar av landet. Det siste året har vi derfor arbeidd for å styrkje det strategiske samarbeidet med statsforvaltarane, både for å gjere støtta vår meir målretta og for å gi embeta betre rammevilkår. Dette samarbeidet er avgjerande for at verkemidla våre skal brukast effektivt der behova er størst.

Når vi samanfattar 2025 ser vi at verkemidla til Udir er viktige. Norsk barnehage og skule står sterkt, men utfordringane vi står i, krev at vi held fram med å arbeide systematisk med verkemidla våre. Dette inkluderer å samarbeide på tvers av sektorar og forvaltningsnivå og tydeleg prioritere oppveksten og utdanninga til barn og unge.



Morten Rosenkvist
Utdanningsdirektoratet

Del II Introduksjon til verksemda og hovudtal

Utdanningsdirektoratet er fagdirektoratet til Kunnskapsdepartementet for barnehage, skule og fagopplæring og skal setje opplæringspolitikken ut i praksis.

Mål

Måla i tildelingsbrevet frå Kunnskapsdepartementet er utgangspunktet for rapporteringa. Årsrapporten samla sett vil dekkje måloppnåinga på desse måla:

- 1) ein barnehage som gir ein god start i livet
- 2) ei opplæring som gir god læring, utvikling og danning
- 3) trygge og gode barnehage- og skulemiljø
- 4) likeverdige barnehage- og opplæringstilbod
- 5) gode lag rundt barnet og eleven

Verkemidla våre

Udir forvaltar lover og forskrifter for barnehagar, skular og private utdanningsinstitusjonar, og har ansvar for tilsyn med private skular og dessutan økonomisk tilsyn med private barnehagar. Vi utviklar rammeplanar for barnehage og SFO, læreplanar for grunnskule og vidaregåande opplæring, og tilbyr støtteressursar som skal gjere innføringa enklare for sektoren.

Vi utviklar og formidlar kunnskap om tilstanden i barnehage, SFO, skule og fagopplæring. I tillegg utarbeider vi støtte- og rettleiingsmateriell som skal sikre rett praktisering av regelverket og styrkje arbeidet til profesjonsfelleskapane.

Vi har også ansvar for eksamenar, nasjonale prøver og kartleggingsprøver. Vidare forvaltar vi tilskot til privatskular og folkehøgskular, og dessutan ulike tiltak som skal støtte læring og trivsel. Udir har også ansvar for å forvalte og vidareutvikle støtta staten gir til vidareutdanning, kollektiv kompetanseutvikling og leiarutdanning i barnehagar og grunnopplæringa, og vi utviklar nettbaserte kompetansepakkar og støtteressursar.

For å oppnå måla i utdanningspolitikken samarbeider vi med ei rekkje andre styresmakter, organisasjonar og utdanningsinstitusjonar.

Organisasjon og leing

Morten Rosenkvist er direktør i Utdanningsdirektoratet. Vi har tilsette på fire kontor: i Molde, på Hamar, i Tromsø og i Oslo. Utdanningsdirektoratet er delt inn i fem divisjonar med til saman 28 avdelingar. I tillegg har vi ein stab for kommunikasjon.


Oversikt over årsverk (årgjennomsnitt)

Kategoriar	2024	2025
Avtalte årsverk	369	385
Utførte årsverk	329	341

Oversikt over fordeling av talet på tilsette mellom kontora

Kontor	Talet på tilsette per 31.12.2024	Talet på tilsette per 31.12.2025
Oslo	289	314
Hamar	24	23
Tromsø	17	19
Molde	43	46
I alt	373	402

Organisasjonskart




Utvalde nøkkeltal

Nøkkeltal frå årsrekneskapen	2024	2025
Mengder utførte årsverk	329	341
Samla tildeling, post 01–99 i kr 1 000	16 310 848	17 113 395
Utnyttingsgrad, post 01–29, i prosent	96,8 %	96,2 %
Driftsutgifter i kr 1000	1 498 089	1 255 162
Lønnsdel av driftsutgifter i prosent	24,2 %	31,5 %
Lønnsutgifter per årsverk i kr 1 000	1 095	1 160
Lønnsutgifter per årsverk i kr 1000 ekskl. honorar, styre, råd og utval	1 030	1 087
Konsulentdel av driftsutgifter i prosent	14,1 %	16,6 %

Rekneskap 2025

Post	Sum 2025 (mill. kr)
Drift av direktoratet	435,6
Sektorretta tenester	266,7
Sentralt gitt eksamen	171,7
Verksemder direktoratet har etatsstyringsansvar for	160,9
Tilskot ¹	12 782,8
Kvalitetsutvikling i skulen	1 027,2
Kvalitetsutvikling i barnehagen	610,9
Vidareutdanning for lærarar og skuleleiarar	1 450,7


REKNESKAP 2025



¹ 12,8 milliardar kroner av tildelingane til direktoratet i 2025 gjekk til ulike tilskotsordningar. Dette var tilskot utgiftsført på tilskotspostar innanfor barnehage, offentleg grunnopplæring, private skular og folkehøgskular, i tillegg til nokre andre formål. Note 7 i årsrekneskapen viser likevel at vi utgiftsførte om lag 14,4 milliardar kroner innanfor tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten. Forskjellen her kjem av at note 7 viser kva som er utgiftsført på tilskotskontoar og ikkje berre for tilskotspostar. Om lag 1,6 milliardar kroner er utgiftsførte på tilskotskontoar, hovudsakleg på tilskot til kommunar og fylkeskommunar, på driftspostar innanfor kvalitetsutvikling i skule, barnehage og innanfor vidareutdanning.

Rekneskap for tilskotspostar 2025

Post	Sum 2025 i mill. kr
Tilskot til læremiddel	90,0
Tilskot til freds- og menneskerettssenter	175,4
Tilskot til tiltak i grunnsopplæringa	1 648,2
Tilskot til kvalitetsutvikling i grunnsopplæringa	334,9
Tilskot til rettleiing for nyutdanna nytilsette lærarar	145,1
Tilskot til særskilde skular	258,9
Tilskot til private skular osv.	8 244,6
Tilskot innanfor barnehage	737,1
Tilskot til folkehøgskular	1 148,5
I alt	12 782,7



Del III Aktivitetar og resultat

Overordna måloppnåing i 2025

Mål 1 – ein barnehage som gir ein god start i livet

Innsatsen vår på barnehageområdet har særleg vore retta mot kompetanse og kvalitet. Gjennom forskning har vi fått ny kunnskap om kvalitet i barnehagen. I tillegg har vi vidareutvikla verkemiddel for kompetanse, tilskot og rettleiing. Vi ser positiv utvikling innanfor tidleg innsats og inkludering, og mange barnehagar tek i bruk kompetansepakkane våre aktivt. Utfordringane med bemanning og rekruttering er framleis dei største risikoane for måloppnåinga. Prosentdelen barnehagar som må nytte dispensasjon for å oppfylle pedagognorma, er framleis høg, og søkjartala til barnehageutdanninga har falle mykje dei siste åra. Dette avgrensar moglegheitene for systematisk kvalitetsarbeid i barnehagen over tid. Det understrekar også at verkemiddel må vere mogleg å ta i bruk sjølv der kapasiteten er låg. Udir har styrkt støtta til sektoren og gjort verkemidla meir målretta. Likevel vil strukturelle forhold utanfor handlingsrommet vårt, særleg rekrutteringssituasjonen og ressursituasjonen til kommunane, kunne påverke måloppnåinga framover.

Mål 2 – ei opplæring som gir god læring, utvikling og danning

Kunnskapsgrunnlaget om læring og trivsel er styrkt i 2025 gjennom evalueringar, nasjonale og internasjonale undersøkingar. Vi har følgd opp med konkrete tiltak for lesing, læreplanstøtte og vurdering. Evalueringane viser at læreplanverket er godt motteke, og kvaliteten i profesjonsfellesskapane aukar fleire stader. Samtidig viser kunnskapsgrunnlaget lita betring knytt til læringa til elevane. Vi ser rett nok teikn til at dei nedovergåande læringsresultata flatar ut på nokre område, særleg på ungdomssteget. Men ein aukande del elevar presterer på dei lågaste nivåa i lesing og rekning, og færre elevar presterer på dei høgaste nivåa. Vi ser også at fleire elevar begynner på vidaregåande med svakt fagleg grunnlag.

I 2025 starta vi arbeidet med nye læringsstøttande prøver som skal gi lærarane betre verktøy for å støtte den faglege utviklinga til elevane. I tillegg har vi vidareutvikla eksamensordninga og styrkt tryggleiken og kvaliteten i gjennomføringa av eksamen.

Vi har styrkt kunnskapsgrunnlaget om individuelt tilrettelagd opplæring (ITO) og utvikla rettleiing og tiltak som skal bidra til at elevar får nødvendig støtte til rett tid. I tillegg har vi vidareutvikla det heilskaplege systemet for kompetanse- og karriereutvikling (SKK), som skal bidra til livslang læring og styrkje profesjonsutviklinga.

Samla sett vurderer vi at tiltaka legg eit godt grunnlag for vidare positiv utvikling. Dette føreset at arbeidet med å gjere verkemidla meir praksisnære og brukbare for ulike målgrupper i skule og opplæring blir førte vidare.

Mål 3 – trygge og gode barnehage- og skulemiljø

I 2025 har vi prioritert innsatsen for å styrkje barnehage- og skulemiljøa gjennom tydelegare råd, støtte til lokalt arbeid og styrkt oppfølging av fråvær og skulemiljø.

Elevundersøkinga viser positive tendensar, med høg trivsel, redusert mobbing og auka motivasjon og opplevd støtte frå læraren. I barnehagane er trivselen til ungane gjennomgåande høg. Samtidig

ser vi ein auke i fråværet i skulen, både på time- og dagsnivå, og ein samanheng mellom høgt fråvær og låge karakterar.

I 2025 har Udir utvikla og formidla tydelege råd om barnehage- og skulemiljø og støtta det lokale arbeidet gjennom tiltak som Læringsmiljøprosjektet og tilskot til skulemiljøteam. Vi har også utvikla rettleiing om fråværsreglane og råd om oppfølging av urovekkjande skulefråvær, og vil styrkje denne innsatsen vidare.

Det er framleis variasjonar i kor godt barnehagar og skular lykkast med å skape trygge og inkluderande miljø, og tilsyn viser at det framleis oppstår brot som kan ha alvorlege konsekvensar. Vi veit at for å byggje og halde eit ved like trygt og godt barnehage- og skulemiljø må arbeidet vere langsiktig og heilskapleg, og det må vere forankra i kulturbygging framfor enkeltstående tiltak.

Mål 4 – likeverdige barnehage- og opplæringstilbod

Det er store forskjellar i kva føresetnader kommunar og skular har for å gi eit likeverdig tilbod. Udir har derfor i 2025 lagt særleg vekt på arbeid med differensiering av støtte, råd og rettleiing, og vi har utvikla kunnskapsbaserte råd på dei områda der utfordringane er størst. Vi ser at mange har teke i bruk desse råda i det lokale arbeidet sitt, og vi reknar med at dette har, og vil halde fram med å ha, ein positiv effekt på praksis i barnehagar og skular.

Regelverket er eit viktig verkemiddel, og arbeidet med innføring og etterleving av ny opplæringslov har vore prioritert i 2025. Vi har styrkt arbeidet med rettleiing for å gjere det enklare å etterleve krava lokalt. Samtidig viser kunnskapsgrunnlaget at etterlevinga av regelverket varierer, særleg innanfor individuell tilrettelegging og særskild språkopplæring. Ulik kapasitet lokalt, både økonomisk, organisatorisk og fagleg, er ein vedvarande risiko. Vår vurdering er at Udir i 2025 har gjort verkemidla tydelegare og meir brukarvennelege, men at målet framleis er krevjande å nå fordi mange av utfordringane ligg utanfor det direkte handlingsrommet vårt.

Mål 5 – gode lag rundt barnet og eleven

Udir har i 2025 støtta opp om kommunane og fylkeskommunane sin innsats for at barn og elevar skal møte eit heilskapleg tenestetilbod, som innfrir behova og rettane deira. Vi har gjort opp status for tidleg innsats, tilpassa opplæring, og individuelt tilrettelagd opplæring, og utvikla forslag til tiltak som kan styrkje laget rundt barna og elevane. Udir har også bidrege til å vidareutvikle det heilskapelege systemet for kompetanse og karriereutvikling, der målgruppene er utvida og skal omfatte alle tilsette i barnehage, SFO og skule, og dessutan tilsette i PP-tenesta, kulturskulen og andre relevante tenester i kommunane og fylkeskommunane. Udir har i tillegg eit tett og godt samarbeid med andre etatar på oppvekstfeltet for å styrkje innsatsen på tvers av sektorar, slik at utsette barn, unge og familiare deira får meir heilskapelege tenester. I etatssamarbeidet for utsette barn og unge har innsatsen mot barne- og ungdomskriminalitet vore høgt prioritert, saman med utvikling av støtte til det generelle førebyggjande arbeidet i kommunane og til tverrsektoriell leiarutvikling.

Mål 1 – ein barnehage som gir ein god start i livet

Målet handlar om den innsatsen Udir gjer for å sikre behova barn har for omsorg og leik, og for å fremje læring og danning som grunnlag for utvikling, i tråd med rammeplanen for barnehage.

Styringsparametrar

- utvikling i bemanning i barnehagen
- utvikling i tilsettkompetanse
- kunnskapsgrunnlag om kvalitet i barnehagen
- spesialpedagogisk hjelp til rett tid / tidleg innsats

Resultatkrav 2025

- støtte til sektoren for å finne løysingar på bemanningssituasjonen
- høgare prosentdel tilsette med formalkompetanse i barnehagen
- utvikling av nytt system for kompetanse- og karriereutvikling
- betre kunnskap om kva som gir betre kvalitet i barnehagen
- betre kunnskap om situasjonen for barn med behov for spesialpedagogisk hjelp

Resultatkravet «Utvikling av nytt system for kompetanse- og karriereutvikling» blir omtalt i under mål 2 – ei opplæring som gir god læring, utvikling og danning.

Barnehagen skal gi dei yngste barna ein god start på livet. Her blir grunnlaget lagt for trivsel, utvikling og læring. Rammeplanen for barnehagar er eit sentralt fundament for kvaliteten i barnehagetilbodet. Han skildrar verdiane og oppgåvene som skal prege kvardagen i barnehagen, og gir retning for korleis personalet arbeider med omsorg, leik, danning og læring. Slik bidreg rammeplanen til ein felles profesjonell ståstad i sektoren. For Udir er det derfor ei viktig oppgåve å løfte fram kva kvalitet i barnehagen inneber, slik det er formulert i lov og rammeplan. Vi har eit løpande ansvar for å utvikle og forvalte støtte- og rettleingsmateriell som styrkjer forståinga og bruken av rammeplanen. Arbeidet vårt skal støtte barnehagane i å tolke og omsetje intensjonane til rammeplanen i ein praksis som gir alle barn eit trygt, leikande og utforskande læringsmiljø.

Noreg har høg barnehagedekning, og barnehagen speler ei viktig rolle for inkludering og sosial utjamning. Eit kompetent pedagogisk personale er ein føresetnad for eit barnehagetilbod av god kvalitet. Barnehagen er også ein viktig arena for tidleg innsats.²

² Ideas2evidence, [pilotar for meir inkluderande praksis i barnehage, skule og SFO – del 1.](#)

Eit godt barnehagetilbod har mykje å seie for utviklinga til barn, særleg for dei som veks opp under utsette levevilkår. For familiar med låg inntekt og/eller lågt utdanningsnivå blant foreldra er barnehagen spesielt viktig. Tidleg deltaking i barnehage gir betre språk, sosial meistring og læringsgrunnlag. Barnehagen er derfor ein nøkkel til å jamne ut forskjellar og sikre like moglegheiter³.

TALIS 3s viser at barnehagetilsette kjenner seg trygge på å planleggje og gjennomføre arbeid som støttar utviklinga til barn og tilpasse det til individuelle behov. Samtidig er barn med særskilde behov eit område som mange tilsette ønskjer seg meir kompetanse om⁴.

Barnehagesektoren står overfor fleire omfattande utfordringar. Ei av dei mest kritiske er å rekruttere, behalde og utvikle kvalifisert personell. Ein stram kommuneøkonomi legg press på moglegheita til å utvikle og halde oppe den kvaliteten som barnehagelova og rammeplanen føreset. Nedgangen i søkinga til barnehagelærerutdanninga er stor. I tillegg har barnehagane høgt sjukefråvær og stor variasjon i kompetanse blant tilsette. Det er også slik at nesten halvparten av dei tilsette opplever ei manglande anerkjenning frå samfunnet for den avgjerande rolla dei har i livet til mange barn.⁵

Sjølv om arbeidet i barnehagen kan vere krevjande, viser TALIS-rapporten at trivselen er høg blant dei tilsette. Det at dei trivst så godt på jobb, gjer at dei ønskjer å halde fram i barnehageyrket. Andre positive trekk dei tilsette trekkjer fram, er godt samarbeid og kunnskapsdeling, og kultur for læring og fellesskap. Medråderett for tilsette er utbreidd, og dei tilsette gir kvarandre tilbakemeldingar på arbeidet og opplever høg grad av autonomi⁶.

Det høvet kvar enkelt barnehageeigar har til å rekruttere kvalifisert personale, bemanning og sjukefråvær, ligg utanfor det direkte ansvaret til direktoratet, og det er vanskeleg å vri på eigne verkemiddel for å treffe desse utfordringane. Vi har uansett verkemiddel som kan leggje til rette for ei forbetring av situasjonen. Det kan vi gjere gjennom kompetanseutvikling, deling av kunnskap som kan brukast i utviklinga av profesjonsfellesskapa, målretta tilskotsordningar og gjennom informasjon og rettleiing som vil fremje betre regelverksetterleving.

Utvikling i bemanning i barnehagen

Barnehageeigaren har plikt til å sørgje for forsvarleg pedagogisk bemanning i barnehagen⁷. Tal frå 2025⁸ viser at 99 prosent av barnehagane oppfyller bemanningsnorma. Det betyr ikkje at bemanningsnorma er oppfylt heile dagen. For nokre barnehagar gjeld den oppfylte bemanninga berre nokre timar om dagen⁹. Dette tyder på at sjølv om bemanningsnorma formelt er oppnådd i omtrent alle barnehagar, er likevel mangel på bemanning ei årsak til at mange tilsette opplever

³ Sage Journals, [Estimating the Consequences of Norway's National Scale-Up of Early Childhood Education and Care \(Beginning in Infancy\) for Early Language Skill](#)

⁴ NIFU, [TALIS Starting Strong Survey 2024. Hovedfunn fra den internasjonale rapporten.](#)

⁵ NIFU, [TALIS Starting Strong Survey 2024. Hovedfunn fra den internasjonale rapporten.](#)

⁶ NIFU, [TALIS Starting Strong Survey 2024. Hovedfunn fra den internasjonale rapporten.](#)

⁷ Lovdata, [Forskrift om pedagogisk bemanning og dispensasjon i barnehager, merknad til § 1](#)

⁸ Udir, [Fakta om barnehager 2025.](#)

⁹ SINTEF, [Spørsmål til Barnehage-Norge 2020. Analyse og resultater fra Utdanningsdirektoratets spørreundersøkelse til barnehagesektoren.](#)

jobben sin som krevjande. Bemanning er også eit område som foreldre er mindre nøgde med. Tal frå FUBA 2025 viser at 21 prosent av foreldre som svarte på undersøkinga, er misnøgde med kor mange barn det er per tilsett¹⁰.

Udir har fleire ordningar som skal bidra til styrkt bemanning i barnehagane. Eit viktig verkemiddel for å hjelpe barnehagane med bemanningssituasjonen er *Tilskudd til toppa bemanning*. I 2025 tildelte vi 200 millionar kroner til 353 kommunar¹¹. Midlane kunne nyttast til å tilsetje ekstra personale i ulike funksjonar, så sant bemanningsnorma var oppfylt. Det er ikkje eit generelt rapporteringskrav i ordninga, og vi vil vurdere korleis vi skal hente inn informasjon om bruken av midlane i løpet av 2026.

I 2025 forvalta Udir 205 millionar kroner i tilskot til auka pedagogtettleik og grunnbemanning i levekårsutsette område. Formålet er å sikre fleire tilsette per barn, slik at barnehagane kan tilby tettare oppfølging, betre omsorg og meir tid til kvart enkelt barn. Dette skal bidra til å jamne ut forskjellar og gi barn i utsette område eit likeverdig tilbod.

Vi forvaltar også særskilt tilskot til språkstimulering av minoritetsspråklege barn i førskulealder. Fram til 2025 har ein tredel av kommunane i landet teke imot tilskot til tiltak for å betre språkforståinga blant minoritetsspråklege barn i barnehage. I statsbudsjettet for 2026 er det vedteke at denne tilskotsordninga skal fasast over i ei tverrsektoriell programfinansiering for førebyggjande tiltak for barn og unge.

I tillegg til å forvalte tilskot som kan styrkje bemanninga i barnehagane har Udir utvikla *Den norske barnehagen*, eit kurs for nykomne med flyktning- eller innvandrarakgrunn som ønskjer å jobbe i barnehage. Kursa er laga for personar som ønskjer å få innsikt i korleis den norske barnehagen er organisert og fungerer i praksis. Det gir ingen formell kompetanse, men tilbyr ei grunnleggjande innføring i regelverket, verdigrunnlaget og arbeidsformene til barnehagen. Kursa har ca. 1300 brukarar. Intensjonen er at kurset skal bidra til å gjere det attraktivt for fleire å jobbe i barnehage.

Utvikling i tilsettkompetanse

Sidan 2021 har det vore ein nedgang i prosentdelen barnehagar som oppfyller pedagognorma. I 2025¹² var det 65 prosent av barnehagane som oppfylte norma. Til samanlikning var prosentdelen på nesten 71 prosent i 2021. I 2025 oppfylte ikkje 8,4 prosent av barnehagane norma, mens 26,3 prosent oppfylte henne med dispensasjon. Prosentdelen barnehagar som må nytte seg av dispensasjonar for å oppfylle pedagogkrava, har auka sidan 2021.

I tillegg til å auke prosentdelen tilsette med barnehagelæruddanning har det vore eit langsiktig mål å auke prosentdelen tilsette med formalkompetanse i barnehagen. I *Barnehagen for en ny tid*¹³ er

¹⁰ Udir, [Fakta om barnehager 2025](#).

¹¹ Udir, [Tilskudd til toppet bemanning i barnehagene](#).

¹² Udir, [Fakta om barnehager 2025](#).

¹³ Kunnskapsdepartementet, [Barnehagen for en ny tid. Nasjonal barnehagestrategi mot 2030](#).

målet at barnehagelærarar utgjer minst 60 prosent av dei tilsette, og fleire tilsette i barnehagen skal ha mastergrad. Alle barnehagar skal ha minst 25 prosent fagarbeidarar.

Tal frå BASIL¹⁴ viser at prosentdelen barnehagelærarar i 2025 var på 42,2 prosent. Dette talet har vore stabilt sidan 2023. Prosentdelen med høgare utdanning utover barnehagelærarar held seg stabil på rundt 3,5 prosent. Målet om høgare formalkompetanse i barnehagen er dermed ikkje oppnådd. Prosentdelen barne- og ungdomsarbeidarar har halde seg stabil dei siste åra. I 2025 var det 22,8 prosent av dei tilsette som var barne- og ungdomsarbeidarar.

Nedgang i søkjarar til barnehagelærerutdanninga.

Det er også lågare søkjartal til barnehagelærerutdanningane. Nedgangen har vore stor dei siste åra. I 2019 hadde 4542 søkjarar barnehagelærar som førsteval, mens talet i 2025 var 2153¹⁵. Det betyr at talet på søkjarar er halvert på seks år.

Baserte på nye framskrivingar frå SSB¹⁶ er det sannsynleg at mangelen på barnehagelærarar vil auke mykje i åra framover. Analysane til SSB viser at vi vil nå eit kritisk brekkpunkt rundt 2035, der utdanningssystemet ikkje lenger klarer å utdanne nok nye barnehagelærarar til å erstatte dei som går av med pensjon. Dersom dette blir ein realitet, kan dagens pedagogutfordring bli forsterka ytterlegare, så sant styresmaktene stiller dei same krava til pedagogtettleik som i dag.

Etter- og vidareutdanning

Kompetanseutvikling for tilsette i barnehagane er eit viktig verkemiddel for å styrkje kvaliteten på tilbodet til ungane og for å gjere det meir attraktivt å jobbe i barnehagesektoren. I 2025 har Udir vidareutvikla det heilskaplege systemet for kompetanse- og karriereutvikling (SKK). Målgruppa for vidareutdanning er utvida til også å gjelde fagarbeidarar og andre tilsette med høgare utdanning, i tillegg til lærarar i barnehagen. Desse gruppene får no betre vilkår for å delta i vidareutdanning enn før. Les ytterlegare omtale av SKK under mål 2.

I 2025 blei det godkjent 1512 søknader om vidareutdanning for lærarar i barnehagen. Det var størst søking til spesialpedagogikk og rettleiingsstudium. 569 søkjarar blei godkjende i spesialpedagogikk og 376 i rettleiingsstudium. Mange barnehagar deltek også i systematisk og langsiktig kvalitetsutviklingsarbeid i partnarskap med høgskular og universitet gjennom ordninga for lokal kompetanseutvikling.

Barnehagetilsette som ønskjer vidareutdanning, men som manglar grunnutdanning, kan nytte seg av ABLU eller anna deltidbarnehagelærerutdanning. ABLU er tilrettelagt for assistentar og barne- og

¹⁴ Udir, [Fakta om barnehager 2025](#).

¹⁵ Workbook, [Sluttstatistikk UHG 2025](#).

¹⁶ SSB, [Færre barnehagelærere, men flere grunnskolelærere, frem mot 2060](#).

ungdomsarbeidarar som ønskjer å utdanne seg til barnehagelærarar. I 2025 var det omtrent 500 ABLU-plassar.

Udir har også sett eit behov for eit lågterskeltilbod til assistentar og andre tilsette i barnehagar. Kurset *barnehagefagleg grunnkompetanse* er eit gratis, interaktivt tilbod som er lett tilgjengeleg via både mobil og datamaskin. Målgruppa er nytilsette utan tidlegare barnehagefagleg kompetanse eller erfaring, men tilbodet kan brukast av alle tilsette. Kvar deltakar får også ein mentor som følgjer opp gjennom kurset.

I tillegg til kompetansetilboda for tilsette i barnehagane forvaltar Udir styrarutdanninga, som er ei gratis vidareutdanning for styrarar og assisterande styrarar. Formålet er å styrkje leiarkompetansen i barnehagesektoren. Evalueringa av styrarutdanninga¹⁷ viser at ho styrkje leiarkompetansen og gir tydelege utslag i praksis. Deltakarane får eit godt grunnlag for refleksjon over eiga leiarrolle, blir tryggare som leiarar og får betre føresetnader for å vidareutvikle arbeidet til barnehagen.

Deltakinga i styrarutdanninga har gått ned dei siste åra, frå 319 deltakarar i 2021 til 259 i 2025. Vi har ikkje dokumentasjon som forklarar denne nedgangen. Tilbakemeldingar frå sektoren tyder på at færre tek vidareutdanning fordi ein strammare ressursituasjon gjer at barnehagane ikkje hentar inn vikarar. Det blir heller ikkje gitt tilretteleggingsmidlar for styrarutdanninga, og deltaking er derfor avhengig av dei økonomiske og praktiske rammene til barnehagane. Udir gjennomfører kampanjar for auka deltaking til styrarutdanninga.


Spesialpedagogisk hjelp til rett tid

2025 hadde 8884¹⁸ barn vedtak om spesialpedagogisk hjelp. Denne prosentdelen har vore stabil sidan 2021, med ein liten nedgang i 2025. Det er geografiske skilnader i kor høg prosentdel barn under opplæringspliktig alder som har vedtak om spesialpedagogisk hjelp.¹⁹

¹⁷ Fafo, [Den nasjonale lederutdanningen for barnehagestyrere. Sluttrapport.](#)

¹⁸ Udir, [Fakta om barnehager 2025.](#)

¹⁹ Udir, [Barn med spesialpedagogisk hjelp – barnehage.](#)



I 2025 jobba vi med å samanlikne kunnskap om tidleg innsats i barnehagen (svar på OB 25-01 Kunnskap og status om arbeidet med førebygging, tidleg innsats og individuell tilrettelegging). Innspel frå sektoren og gjennomgang av forskning til det oppdraget viser at barnehagane dei siste åra har styrkt arbeidet med tidleg innsats. Dette kan ha fleire forklaringar, mellom anna nasjonale satsingar på kompetanseutvikling, auka vektlegging av inkludering og tilrettelegging gjennom heile utdanningsløpet og innføring av retten til eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø. Evalueringa av innføringa av rammeplanen²⁰ stadfestar at barnehagane har blitt betre på tidleg innsats, noko som også omfattar barn som treng ekstra støtte – til dømes barn med forseinka utvikling, språkvanskar eller andre særskilde behov.

Kompetanse for inkluderande praksis

Som ein del av kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis har Udir forvalta omfattande støtte til etter- og vidareutdanning for barnehagelærarar. I tillegg har vi utvikla ein kompetansepakke for inkluderande praksis, som er godt motteken. Omtrent 40 prosent av styrarane og eigarane i *Spørsmål til Barnehage-Norge*²¹ svarer at Udirs kompetansepakke for inkluderande praksis aktivt blir teken i bruk i barnehagen. 75 prosent av barnehagestyrarane seier dei ser stor eller svært stor verdi i det å ha tilsette med vidareutdanning innanfor spesialpedagogikk. Kompetansen blir vurdert som nyttig både når det gjeld å ha ansvar for individuell oppfølging av barn med særskilde behov og det å rettleie kollegaer i spesialpedagogikk og inkludering. Også med tanke på fysisk og teknisk tilrettelegging for barn med særskilt behov og koordinering av innsatsen til barnehagen for inkludering og tilrettelegging svarer nesten sju av ti styrarar at dei ser stor eller svært stor nytte av denne kompetansen i barnehagen sin.

²⁰ Fagbokforlaget Open Access, *Fra «bør» til «skal»: Rammeplan for barnehagen i et implementeringsperspektiv*.

²¹ Nasjonalt vitenarkiv, *Spørsmål til Barnehage-Norge 2024*.

Inkludering av minoritetsspråklege barn i barnehagen

Det har over tid vore eit mål å auke deltakinga til minoritetsspråklege barn i barnehagen. I 2024²² gjekk 89 prosent av dei minoritetsspråklege barna i alderen 1–5 år i barnehage, ein auke på 4,2 prosentpoeng sidan 2020.

Ser vi på aldersfordeling, ser vi at 66 prosent av 1-åringane med minoritetsspråkleg bakgrunn går i barnehagen i 2024. Her har det vore ei positiv utvikling dei siste åra. I 2017 var talet på ca. 45 prosent. 4- og 5-åringane har over fleire år hatt høg deltaking. I 2024 var deltakinga på 96 prosent.

Prosentdel minoritetsspråklege barn i barnehage i forhold til innvandrarbarn								
År	1 år	2 år	3 år	4 år	5 år	1–2 år	3–5 år	1–5 år
2017	44,6	79,6	89,5	94,2	94,8	62,2	92,8	80,3
2018	50,2	81,9	91,8	94,0	96,6	66,1	94,1	82,8
2019	53,3	84,0	92,8	93,6	94,8	69,0	93,7	83,9
2020	54,4	85,2	93,3	95,7	95,1	70,2	94,7	85,3
2021	58,2	87,4	94,0	94,9	96,2	73,4	95,1	86,9
2022	59,4	86,4	93,5	94,1	94,0	73,1	93,9	86,2
2023	61,3	87,2	94,0	95,4	94,7	75,0	94,7	87,4
2024	65,8	90,6	95,0	96,1	96,1	78,5	95,7	89,5

Udir forvaltar midlar til auka barnehagedeltaking og kvalitet på tilbodet for barn med minoritetsbakgrunn. Rapportering viser at tilskota har fungert etter formålet. Dei har ført til auka deltaking blant innvandrarbarn og styrkt språkutviklinga hos minoritetsspråklege barn i barnehagen. I tillegg har vi utvikla ein kompetansepakke for å fremje eit fleirspråkleg barnehagemiljø. I kompetansepakken kan tilsette i barnehagen lære om språkarbeid i barnehagen og korleis ein kan leggje til rette for eit godt språkmiljø. Kompetansepakken skal bidra til at språkleg mangfald blir ein stimulans for heile barnegruppa, støtte fleirspråklege barn i å bruke morsmålet sitt og samtidig aktivt fremje og utvikle den norsk- eller samiskspråklege kompetansen til barna. Kompetansepakken har ca. 2500 brukarar – dette er tilsette og leiarar i barnehagar.

Kunnskapsgrunnlag om kvalitet i barnehagen

Udir har ansvar for å utvikle eit godt kunnskapsgrunnlag og formidle det til dei som jobbar i og med barnehagane. Kunnskapsgrunnlaget blir utvikla på bakgrunn av både forskning, undersøkingar og

²² Udir, [Fakta om barnehager 2025](#).

data frå ulike kjelder til statistikk. I 2025 fekk vi informasjon frå den internasjonale studien TALIS 3s, den faste spørjinga til *Barnehage-Noreg*, foreldreundersøkinga i barnehage, den årlege datainnsamlinga BASIL og dessutan enkeltstudiar som *Barns trivsel i barnehagen* og evalueringa av etterleving av barnehagelova og tilsyn. Resultata frå desse studiane og undersøkingane gir viktig informasjon om kvaliteten i barnehagen.

Ei anna kjelde til kunnskap om kvalitet i barnehagen er tilsyn med i kva grad sektoren etterlever regelverket. Dette blir omtalt i kapittel 4: Likeverdige barnehage- og opplæringstilbod.

Vi bruker fleire ulike kanalar til å formidle kunnskap og gi kunnskapsbaserte råd til barnehagesektoren. Vi bruker nettsidene til å samle kunnskap, råd og anna relevant innhald på temaside. I tillegg formidlar og spreier vi råd og kunnskap på sosiale medium og i andre medium, for å nå heilt ut til målgruppene som elles er vanskelege å nå.

Støtte til kvalitetsutvikling i barnehagen

Utdanningsdirektoratet leverte i 2025 svar på oppdrag 2024-006 – *En helhetlig gjennomgang av hva slags støtte det er behov for i arbeidet med kvalitetsutvikling i barnehagesektoren*. Oppdraget gjekk ut på å gå gjennom kvalitetssystemet i barnehagen (KiB) for å vurdere kva støtte barnehagar, eigarar, barnehagestyresmakter og nasjonale styresmakter treng i arbeidet med kvalitetsutvikling. Gjennomgangen viser store variasjonar i kvalitet mellom barnehagar. Nokre har gode føresetnader og kompetanse, mens mange treng meir tilpassa støtte.

Vi skal som oppfølging av oppdraget vidareutvikle og spreie dei digitale støtteressursane våre til tilsette i barnehagane, slik at dei blir betre kjende og er så nyttige som mogleg. Vi førebur også utprøving av støtte til kvalitetsutvikling i barnehagen, noko som er etterspurt i sektoren. Prøveprosjektet tek utgangspunkt i datainnsamlingsmetodar som er utvikla og validerte i forskingsprosjektet «Kvalitetsutvikling gjennom medvirkning i barnehagen» (KUMBA), leidd av Dronning Mauds Minne Høgskole og Nord universitet.

For å støtte opp om kvalitetsarbeidet i barnehagane og bidra til etterleving av rammeplanen bruker vi nettsida vår for å samle og formidle støttemateriell. Nytt i 2025 var ei temaside om «Samisk i barnehagen». Den inneheld mellom anna faglege oppdateringar og filmar til arbeid med ulike tema som samisk språk, levesett, kultur og mattradisjonar i samiske og andre barnehagar. Desse sidene er utvikla i samarbeid med samiske barnehagar, fagpersonar og Sametinget. Vidare har vi utvikla nye faglege miniforedrag. Vi har prioritert aktuelle og etterspurde tema og har laga miniforedrag om temaet livsmeistring og helse og to miniforedrag om temaet fleirspråklegheit i barnehagen.

Vegen vidare mot ein barnehage som gir ein god start i livet

Verkemidla til Udir for målet «Ein barnehage som gir ein god start i livet» handlar primært om å støtte barnehagane slik at dei kan jobbe godt innanfor dei rammene dei har. Dei viktigaste verkemidla våre for å bidra til dette er lovverk, rammeplan, utvikling og formidling av kunnskap, støtte og råd, tilskot, tilsyn og dessutan støtte til kompetanse- og kvalitetsutvikling.

Verkemidla våre kan først og fremst bidra til å støtte barnehagane i å utvikle og halde oppe gode profesjonsfelleskapar, kvalitet og kompetanse, også i ein krevjande kvardag. Vi vurderer at god

barnehagekvalitet er vesentleg for å gi barn ein god start i livet, og at det gjer det meir positivt å jobbe i barnehage.

Bidraget vårt til å auke tilgangen på kvalifisert personale er i første omgang tilbod om vidareutdanning, ABLU og kompetanseutvikling. Udir skal framover innføre, følgje med på og vidareutvikle det heilskaplege systemet for kompetanse- og karriereutvikling (SKK), som er eit av dei viktigaste verkemidla til Udir for å rekruttere, behalde og utvikle personalet i barnehagen.

For å bidra til eit likeverdig barnehagetilbod for alle, uavhengig av bakgrunn, og bidra til integrering blir det viktig å framleis satse på tidleg innsats og tiltak som kan støtte opp om eit godt barnehagetilbod både for nykomne og for minoritetsspråklege barn.

Mål 2 – ei opplæring som gir god læring, utvikling og danning

Målet handlar om den innsatsen Udir gjer for å sikre danning og utdanning i tråd med heilskapen i læreplanverket.

Styringsparametrar

- resultat i lesing og matematikk
- fullføring av yrkesfag med fagbrev
- kvalifisering til yrkesliv eller vidare studium
- status for gruppa utanfor opplæring/jobbb 16–24
- utvikling i tilsettkompetanse
- utvikling i lærarrekruttering
- tilrettelagd individuell opplæring til rett tid

Resultatkrav 2025

- bidra til å realisere måla i Leselyststrategien og følgje opp oppdrag knytt til tiltak i Meld. St. 34 (2023–2024) *En mer praktisk skole*
- sørge for trygg og sikker eksamensgjennomføring
- identifisere tenlege tiltak for å styrkje kvaliteten i standpunktvurderinga
- bidra til innføring og oppfølging av fullføringsreforma
- utvide tilbodet med fleire modulstrukturerte lærefag og støtte fylkeskommunane i innføring av modulstrukturert opplæring
- utvikle nytt system for kompetanse- og karriereutvikling
- vidareutvikle tilbodsstruktur og fagtilbod i vgo., inkludert å vurdere behov for justeringar av læreplanar og behovet for støtte til sektoren
- betre kunnskapen om situasjonen for elevar med behov for individuelt tilrettelagd opplæring

Skule og opplæring skal gi barn, unge og vaksne høve til å utvikle kunnskap, ferdigheiter og haldningar som gjer dei i stand til å delta i samfunnet, forstå verda rundt seg og meistre sitt eige liv. Opplæringa skal bidra til at elevar utviklar identitet, kritisk tenking og etisk bevisstheit, og gi rom for skaparglede, engasjement og utforskartrøng. Ho skal også førebu dei på å møte arbeidslivet og til å delta aktivt i demokratiet og i fellesskap med andre, i tråd med verdigrunnlaget i læreplanverket.

Utviklinga i samfunnet i dag går raskt. Den teknologiske utviklinga går fort, demokratiske verdiar blir utfordra, og individfokuset står sterkare. I tillegg påverkar inntog av kunstig intelligens både arbeidsliv og utdanningssektor i aukande grad. Den raske endringstakta gir både utfordringar og

moglegheiter for undervisning, fagopplæring og vurdering. Mange av utfordringane vi ser både i skulen og i Udir, er knytte til denne utviklinga.

Veldig mykje er bra i norsk skule. Fleire elevar rapporterte i 2025 om auka trivsel, lågare mobbing og gode relasjonar til både lærarar og foreldre. Ein stadig større prosentdel elevar fullfører vidaregåande opplæring, og fleire vaksne tek fagbrev og får dokumentert kompetanse som er viktig for arbeidslivet.

Dei siste åra har vi likevel sett ei urovekkjande utvikling, med fallande læringsresultat, lågare motivasjon og aukande fråvær. Sjølv om trivselen har betra seg noko, er utfordringsbiletet framleis tydeleg. Samtidig rapporterer lærarane at undervisningssituasjonen har blitt meir krevjande, med meir uro og auka behov for tilpassing.²³ Det mest alvorlege utviklingstrekket er at ein aukande del elevar har svake grunnleggjande ferdigheiter og presterer på dei lågaste nivåa. Barn og unge som forlèt skulen utan desse ferdigheitene, har stor risiko for å møte store utfordringar seinare, både i utdanning, arbeidsliv og samfunnsdeltaking.

Ekspertgruppa bak *Et jevnere utdanningsløp* (2024)²⁴ viser at læringsgapet mellom elevar med låg og høg sosioøkonomisk status aukar over tid, både i skuleprestasjonar, gjennomføring av vidaregåande opplæring og psykisk helse.

Den første rapporten frå KLAR2030²⁵ viser at nedgangen i læringsresultat no også får konsekvensar i vidaregåande opplæring. Både prosentdelen elevar med fritak frå vurdering og utan vurderingsgrunnlag held fram med å auke. Ein stadig større del elevar startar i Vg1 med mangelfulle eller låge grunnskulepoeng. Kva som er årsaka til at stadig fleire manglar vurderingsgrunnlag, er vanskeleg å seie.

For at alle elevar skal kunne lykkast, treng vi både tidleg innsats, styrking av grunnleggjande ferdigheiter, ein skule der elevane trivst og kan lære på ulike måtar, gode moglegheiter for kompetanseutvikling og ikkje minst god struktur og gode nok rammevilkår for lærarar og skuleeigarar.

Læringsresultat

I 2025 har Utdanningsdirektoratet styrkt kunnskapsgrunnlaget om læringa og trivselen til elevane gjennom mellom anna internasjonale studiar, nasjonale undersøkingar og sluttrapporteringa frå evalueringa av fagfornyninga. Til saman gir desse kjeldene eit bilete av ein kompleks situasjon for utviklinga av læringsresultat i norsk skule.

²³ Universitetet i Oslo, [Sluttrapport for EVA2020-prosjektet](#).

NIFU og Universitetet i Oslo, [Den norske lærerrollen i endring: Resultater fra TALIS 2024](#)

²⁴ Kunnskapsdepartementet, [Rapport: Et jevnere utdanningsløp](#)

²⁵ NIFU, [Videregående opplæring i utvikling og endring, delrapport fra prosjektet KLAR2030](#)

Det overordna biletet teiknar opp nokre positive trekk. I Elevundersøkinga for 2025 svarer fleire elevar enn i fjor at dei er motiverte, trivst godt på skulen og er tilfredse med støtta frå lærarar²⁶. Det veit vi er viktig for læring. Karakterane på 10. trinn har stabilisert seg. Evalueringa av fagfornyinga viser at læreplanane er godt mottekne av sektoren,²⁷ og at arbeid på tvers av fag og meir praktiske arbeidsmetodar har skapt nye moglegheiter for tilpassa opplæring, elevmedverknad og profesjonelt handlingsrom.

Samtidig ser vi at mange elevar både har svake prestasjonar og låg motivasjon for læring²⁸, og at lærarar rapporterer om meir krevjande undervisningssituasjonar og eit aukande behov for tilpassing hos elevane.²⁹

Internasjonale og nasjonale analysar av kompetansen til elevar peikar også på nokre tydelege utfordringar. Resultata frå dei siste undersøkingane frå både PISA og TIMSS og resultata frå nasjonale prøver viser at ulikskapane i korleis elevane presterer i lesing, matematikk og naturfag, har auka, og både TIMSS- og Pisa-undersøkinga viser at sosioøkonomisk bakgrunn har fått meir å seie for dei faglege prestasjonane til elevane. Undersøkingane viser også at fleire elevar enn tidlegare presterer på lågt nivå.

Nedanfor skildrar vi nokre utviklingstrekk og korleis vi arbeider med å heve læringsresultata.

Resultat frå nasjonale prøver

Leseprestasjonane til elevane på 5. trinn har gått jamt nedover sidan 2022, med totalt 1,3 skalapoeng³⁰. I rekning har det vore ei svak negativ utvikling i prestasjonane til elevane sidan 2022, men ikkje så sterk som i lesing. I engelsk gjekk prestasjonane litt opp dei to tidlegare åra, og litt ned igjen i år, slik at utviklinga frå 2022 til 2025 i praksis er stabil.


²⁶ Udir, [Elevundersøkelsen 2025](#).

²⁷ Universitet i Sørøst-Noreg, [EvaFag 2025: Evaluering av fagfornyelsen](#).


²⁸ Udir, [Elevundersøkelsen 2025](#).

²⁹ NIFU og Universitetet i Oslo, [Den norske lærarrolla i endring: Resultater fra TALIS 2024](#)

³⁰ Udir, [Resultat frå nasjonale prøver for 5. trinn 2025](#)



29 prosent av elevane presterer på lågaste meistringsnivå i lesing. Det er ein auke på 6 prosentpoeng sidan 2022, noko som svarer til 3400 fleire elevar på lågaste meistringsnivå. Prosentdelen elevar som presterer på høgaste meistringsnivå i lesing, har i same periode gått ned med 4 prosentpoeng.




På 8. og 9. trinn har resultata, etter ein tydeleg nedgang frå 2022 til 2023, vore relativt stabile i lesing og rekning. I engelsk presterer elevane 0,6 skalapoeng betre enn i fjor³¹.


Prosentdelen elevar som presterer på det lågaste meistringsnivået i lesing, går litt ned frå i fjor. Samtidig aukar prosentdelen elevar på nivå 2. Til saman presterer 35 prosent av elevane på dei to

³¹ Udir, [Resultater fra nasjonale prøver for ungdomstrinnet 2025](#).

lågaste meistringsnivåa i lesing, ein auke på 5 prosentpoeng frå 2022. Prosentdelen på dei to høgaste meistringsnivåa på ungdomssteget har gått ned med 6 prosentpoeng, noko som svarer til 3700 elevar.



Elevundersøkinga 2025 viser ein liten auke i motivasjonen til elevane for skularbeid både for 10. trinn og vg1, men vi ser samtidig at det har vore ein jamn nedgang sidan 2018. Det same gjeld indikatoren interesse for å lære, der det etter eit markant fall frå 2018 til 2023 dei siste to åra har vore ein svak auke i interessa til elevane i å lære i mange eller fleire fag. Samtidig er det urovekkjande at berre 58 prosent av elevane på 7. og 10. trinn svarer at dei er interesserte i å lære på skulen. På vg1 er talet 69 prosent.



Funn frå internasjonale undersøkingar

Resultat frå ICILS 2023³² (International Computer and Information Literacy Study) viste at fire av ti norske elevar manglar tilfredsstillande digital kompetanse, og at éin av tre har svake ferdigheiter i algoritmisk tenking. Noreg ligg samla sett på det internasjonale gjennomsnittet, men resultatata avdekkjer store forskjellar mellom elevgrupper. Ein ny analyse av dataa frå 2025³³ viser at digitale distraksjonar, kjønnsforskjellar og sosiale forskjellar skaper nye ulikskapar, og at høg meistringstru hos elevane ofte er oppgåvespesifikk snarare enn uttrykk for brei digital forståing. Funna peikar på at god infrastruktur ikkje er tilstrekkeleg, men at den pedagogiske bruken av teknologi er avgjerande for læringa til elevane.

ICCS 2022³⁴ (International Civic and Citizenship Education Study) viser at demokratikunnskapen til norske elevar fell. Meir inngåande analysar av resultatata frå 2025³⁵ avdekkjer at motivasjon, innsats og kulturen på skulen har mykje å seie for desse resultatata.

Samla teiknar studiane eit bilete av at både digital og demokratisk kompetanse blir påverka av strukturelle forskjellar og kvaliteten på praksisen i skulen.

I tillegg svarer norske lærarar i TALIS-undersøkinga frå 2024³⁶ (Teaching and Learning International Survey) at dei opplever meir uro og auka stress i klasserommet. Lærarane rapporterer også om ei meir samansett elevgruppe og auka behov for tilpassing. Over 90 prosent av lærarane seier at dei trivst i jobben, men mange rapporterer at undervisninga har blitt meir krevjande, og at behovet for kompetanseutvikling aukar.

Styrking av kunnskapsgrunnlaget

Det er mange faktorar, både innanfor og utanfor skulen, som påverkar læringa til elevane. Det er vår vurdering at det framleis er behov for å forstå utviklingstrekk og utfordringsbiletet rundt fallande læringsresultat. Vi prioriterer derfor å utvikle kunnskapen vi har om elevane i norsk skule og kople dei med lærings- og trivselsresultat. I dette arbeidet ser vi også til og samarbeider med andre land.

Vi ser også eit behov for å sjå nærmare på korleis vi vurderer læringsresultat, særleg i lys av endringar i samfunnet, livssituasjonen til elevane og den teknologiske utviklinga. Vi må vurdere om dei målemetodane vi bruker i dag, faktisk reflekterer den kompetansen elevane vil ha behov for i framtida, og om målemetodane måler den kompetansen elevane har.

³² Cappelen Damm forskning Open Access, [ICILS 2023](#).

³³ Cappelen Damm forskning Open Access, [Søkelys på digital læring: Sekundæranalyser fra ICILS 2023](#).

³⁴ NTNU samfunnsforskning, [Ett steg fram og to tilbake Demokratiforståelse, holdninger og deltakelse blant norske ungdomsskoleelever](#).

³⁵ NTNU samfunnsforskning, [Unge medborgere i en ny tid. Den internasjonale demokrati- og medborgerskapsstudien i skolen \(ICCS 2022\)](#).

³⁶ NIFU og Universitetet i Oslo, [Den norske lærerrollen i endring: Resultater fra TALIS 2024](#)

Her er vi også vi i dialog med det svenske skuleverket om å hente inn meir kunnskap om korleis testmotivasjonen til elevane kan påverke både resultat og tolkingsgrunnlag for prøver som ikkje tel for resultatata til elevane, som nasjonale og internasjonale prøver. Ein studie frå Sverige³⁷, der dei har samanlikna prestasjonane til elevar i prøver med og utan tyding for sluttvurderinga, kan tyde på at testmotivasjon kan påverke resultat i slike undersøkingar. Det indikerer at det kan vere tenleg å utvikle nye måtar å måle på for betre å fange opp kva elevane kan. Arbeidet med å utvikle våre egne vurderingsformer som standpunkt og eksamen er også relevant i denne samanhengen – sjå eigen omtale under punktet om sluttvurdering.

I tildelingsbrevet frå KD for 2025 blir Kunnskapssenter for utdanning (KSU) ved UiS og Udir oppmoda om å samarbeide om kunnskapsoppsummeringar og brukarretta formidling. KSU skal bidra til auka bruk av forskning på politikk og praksis og samarbeide med relevante aktørar om formidling. For å følgje opp dette er det inngått ein toårig rammeavtale mellom Udir og KSU.

Utvikling av læreplanverket

Læreplanverket er det mest sentrale styringsdokumentet vi har for det elevane skal lære. Frå 2020 fekk vi nye læreplanar, Kunnskapsløftet 2020 og Kunnskapsløftet 2020S. Prosessen med å utvikle læreplanane blir gjerne omtalt som fagfornyinga. Både prosessen og sjølve læreplanverket har blitt evaluert i lys av måla slik dei blei vedtekne av Stortinget, jf. Meld. St. 28 (2015–2016) *Fag – fordypning – forståelse*.

Evalueringa av fagfornyinga har gått føre seg sidan 2019 og blei avslutta med sluttrapportar i desember 2025 og januar 2026. Evalueringa har omfatta fire prosjekt, som har følgd innføringa over tid og gjennom utvikling, innføring, gjennomføring og konsolidering. Resultatet er eit unikt og omfattande kunnskapsgrunnlag.

Forskarane har ved hjelp av ulike forskingsmetodar og analysar på fleire nivå gått i breidda og i djupna, og grunnlaget dekkjer alle nivå i Skule-Noreg. Utdanningsstyresmakter, caseskular over heile Noreg, titusenvise av lærarar, elevar, skuleleiarar og eigarar har svart på spørjeundersøkingar og blitt intervjuet, og fleire tusen undervisningstimar har blitt observerte. Dette kunnskapsgrunnlaget er viktig både for nasjonale og lokale skulestyresmakter, politikktutvikling, forvaltning og praksisfeltet. Samla inneber dette eit av dei mest omfattande datamateriala om tilstanden til skulen i norsk samanheng.

³⁷ ScienceDirect, [Learning and Individual Differences](#).

Evalueringa viser at læreplanane er godt mottekne, og det er stor oppslutning om læreplanverket. Evalueringa viser også at dei nye læreplanane har påverka undervisningspraksis etter intensjonane på fleire område.³⁸

Over tid har analysane gitt fleire nyansar, som at læreplanverket blir opplevd som komplekst, at det er innført i varierende grad, og at det er store lokale variasjonar i prioriteringar, leiing og samarbeidet i profesjonsfelleskapane. Dette gir «strekk i laget». Evalueringa viser også at arbeidet til skulane har blitt påverka av store ytre endringar, som pandemien, ein pressa kommuneøkonomi, bruk av KI og innføring av ny opplæringslov. Forskinga viser at dei nye læreplanane i aukande grad pregar undervisninga, og at arbeid med tverrfaglege tema kan bidra til meir refleksjon, samarbeid og engasjement blant elevar.³⁹ Studiane peikar på at når undervisninga legg til rette for fordjuping, dialog og utforskande arbeidsmåtar, opplever elevane auka motivasjon og eit godt læringsmiljø, noko som kan støtte både fagleg og sosial læring.

Læreplanverket blir skildra som heilskapleg på strukturnivå, men komplekst i praksis, og fleire sentrale omgrep, som kjerneelement, djupnelæring, tverrfaglege tema og verdiløftet, blir tolka ulikt og har potensial til å bli tekne i bruk i større grad. Opne kompetanssmål blir opplevde av nokre skular og lærarar som eit nødvendig og ønskt profesjonelt handlingsrom, mens andre ser det som ei utfordring som skaper uvisse og ulikskap i opplæringa. Forskarane peikar på at innføringa av læreplanen krev tid, prioriteringar, kollektivt tolkingsarbeid og god pedagogisk leiing for at han skal fungere slik han er tenkt.⁴⁰

Overordna del har brei oppslutning, og det er arbeidd systematisk med han i sektoren. Evalueringa viser at dei faglege og verdimeisige intensjonane til læreplanverket er godt plasserte i praksis i skulane. Samtidig tyder evalueringa på at verdiane i varierende grad pregar den konkrete undervisninga i fag. Dette blir mellom anna forklart med at dei fellesskapsorienterte verdiane frå overordna del i varierende grad blir integrerte eksplisitt i faga.⁴¹

Læreplantiltak

Evalueringa av fagfornyninga har gitt eit solid kunnskapsgrunnlag for vidare arbeid. I 2025 har vi sett i gang fleire prosessar på bakgrunn av funna i evalueringa og dei fallande læringsresultata. På denne bakgrunnen har vi foreslått konkrete justeringar i læreplanane for grunnskulen. Mellom anna har vi utvikla og sendt på høyring forslag til endringar i læreplanen i matematikk for grunnskulen. Målet med endringa er å gjere innhaldet i læreplanane meir konkret og avgrensa, slik at lærarane veit betre kva som er forventa. Vidare har vi gjort det tydeleg kva elevane skal lære, og kva plass

³⁸ Universitetet i Oslo, [Evaluering av fagfornyelsen – intensjoner, prosesser og praksiser. Sluttrapport fra prosjektet EVA2020.](#)

³⁹ Universitetet i Oslo, [Læring, motivasjon, trivsel og tverrfaglige tema i fagfornyelsen: Funn fra spørreundersøkelsen til elever på 9. trinn og lærere i ungdomsskolen.](#)

⁴⁰ Universitetet i Oslo, [Evaluering av fagfornyelsen – intensjoner, prosesser og praksiser. Sluttrapport fra prosjektet EVA2020.](#)

⁴¹ Universitetet i Sørøst-Norge, [Fornyelse og fordypning. Evaluering av innføringen av LK20 i fire fag på barnetrinnet. Sluttrapport EvaFag 2025.](#)

rekneferdigheiter har i faget. Den grunnleggjande ferdigheita blir delt inn på trinn for å vise progresjon i utviklinga av rekneferdigheitene til elevane.

Evalueringa av LK20⁴², eit forskingsprosjekt om standpunktvurdering frå NTNU⁴³ og tilbakemeldingar vi har fått frå lærarar og fagmiljø, dokumenterer at det er utfordringar med vurdering i kroppsøvningsfaget. Vi har derfor førebudd eit arbeid for å gjere endringar i læreplanen og i vurderingsordninga.

Med fallande læringsresultat er det også viktig å stille grunnleggjande spørsmål om læreplanen som styringsverkemiddel. Vi har derfor i 2025 sett i gang eit internt utforskande arbeid for å byggje kunnskap om ulike læreplanmodellar. Vi har sett på ulike modellar for innhald og struktur i læreplanar i lys av eit historisk perspektiv i Noreg, igangverande prosessar i andre land og forskning på læreplanfeltet for å byggje kunnskap som grunnlag for vidare utvikling. Dette gir oss eit viktig utgangspunkt for vidare utviklings- og endringsarbeid med læreplanverket.

I arbeidet med oppdrag 2025-012 – *Utredning av teknologifag og digitale ferdigheter* har vi også starta eit arbeid med å vurdere om læreplanverket legg godt nok til rette for at elevane utviklar den digitale kompetansen dei har behov for, og om det bør innførast eit obligatorisk teknologifag i grunnskulen. Dette arbeidet ser vi i samanheng med regjeringsstrategien for digital kompetanse og infrastruktur i barnehage og grunnopplæring. Sjå eigen omtale under digitalisering som strategisk utviklingsområde.

I oppdrag 2025-20 – *Utvikling av veiledende innholdslistar til læreplanverket* har vi saman med faggrupper utvikla forslag til innhald som kan støtte skulane og lærarane i undervisninga deira. Faggruppene omfattar lærarar og representantar frå universitet og høgskular i faga norsk, samisk, musikk og samfunnsfag. Dette vurderer vi som eit viktig tiltak for å konkretisere innhaldet i læreplanane. Prosessen med høyring og korleis desse listene blir tekne imot, vil gi oss viktig kunnskap til vidareutvikling av læreplanverket som møter behovet i sektoren.

Vi har i løpet av 2025 laga ferdig støtte- og rettleiingsressursar til arbeidet til skulane med LK20 og LK20 samisk. Ressursane omfattar filmar og webinar om samanhengar i læreplanane, tverrfaglege tema, verdigrunnlag i læreplanverket og profesjonsfagleg leiing og samarbeid. Desse ressursane er eit bidrag til å synleggjere sentrale verdiar i læreplanverket og korleis skulane kan arbeide med dei i opplæringa.

Sjølv om vi skal halde fram med å bruke kunnskapsgrunnlaget til å justere læreplanane og utvikle relevant støtte til praksis, er det vår vurdering at skulane også treng ro og føreseielege rammevilkår til å halde fram utvikling av eigen praksis lokalt. Eit av funna i *EVA20: Evaluering av fagfornyelsen – intensjoner, prosesser og praksiser* peikar på behovet for å jobbe kollektivt og langsiktig: «Det er behov for å la skoleleiderne, lærerne og skolemyndighetene jobbe kollektivt og langsiktig med

⁴² Universitet i Sørøst-Norge, [Evaluering av fagfornyelsen i de praktiske og estetiske fagene i LK20. Sluttrapport 2026.](#)

⁴³ NTNU, [Standpunktvurdering – praksis og prosesser i LK20.](#)

målsettingene i LK20 og for at en eventuell ny reform bør vente mens dette langsiktige arbeidet pågår.»⁴⁴

For ei skildring av arbeid med læreplanar i vidaregåande opplæring, sjå eigen del om vidaregåande opplæring.

Arbeidet med leselyststrategien

I 2025 har Udir gjennomført ei rekkje tiltak for å bidra å utvikle ferdigheitene til elevane i lesing. Udir sitt arbeid med oppfølging av leselyststrategien og utvikling og spreining av kunnskapsbaserte råd om lesing har bidrege til auka merksemda om lesing. Gjennom leserråda har vi tydeleggjort verdien av tidleg og systematisk opplæring. Vi har også nådd breitt ut med råda i ulike kanalar. Gjennom året har vi også følgt opp oppdraget om å vidareutvikle tilskotsordninga til skulebibliotek, som skal bidra til betre leseferdigheiter og auka leselyst hos elevane. Tilskotsordninga har fått stor merksemd og interesse blant kommunane, og søkjartala viser også stor tilslutning og behov for ordninga.

Tiltak for auka leseferdigheiter og leselyst var også prioritert i tilskot gjennom prosjektmidlar til private og frivillige organisasjonar. Som del av oppfølginga av leselyststrategien har vi samarbeidd med Lesesenteret og andre fagmiljø. Vi har også sett i gang arbeidet med å utvikle nye prøver med læringsstøttande formål. Å styrkje leseferdigheitene til elevane er heilt sentralt for å heve læringsresultata til elevane, også på andre område. Vi vurderer at grepa vi har gjort dette året, er viktige for å styrkje leseferdigheitene til elevane, men vil understreke at dette arbeidet krev systematisk innsats over tid, nasjonalt og lokalt.

Oppdrag som er knytte til Meld. St. 34 (2023–2024) *En mer praktisk skole*

Arbeidet med å utvikle nye prøver med læringsstøttande formål har komme godt i gang i 2025. I desember leverte vi eit forslag til overordna løysingar og drøfta moglege konsekvensar dersom prøva på 9. trinn ikkje skal gjennomførast lenger. Vi skildra også økonomiske og administrative konsekvensar, og vi presenterte ein plan for gjennomføringa av arbeidet.

Det er etablert partnarsskap med strategiske samarbeidsskular frå ulike delar av landet. Hausten 2025 er det gjennomført brukarinnsiktsarbeid på skulane for å hente inn kunnskap om korleis vi kan møte behova deira på ein god måte. Hausten 2025 blei det også rekruttert lærarar som skal hjelpe Udir i arbeidet med å greie ut korleis dei nye prøvene kan bli gode verktøy for skulane. Desse gruppene vil mellom anna gjennomføre møte med fagmiljøa i UH-sektoren som utviklar dagens prøver for å utveksle synspunkt på behov og moglege løysingar. Udir legg vekt på at dei nye prøvene skal utviklast for lærarar og av lærarar for å sikre at dei blir gode pedagogiske verktøy som gjer at lærarane kan støtte læringa til elevane.

⁴⁴ Universitetet i Oslo, Evaluering av fagfornyelsen – intensjoner, prosesser og praksiser. Sluttrapport fra prosjektet EVA2020.

Vi har også lagt til rette for ei meir fleksibel gjennomføring av kartleggingsprøver, slik at skulane frå og med våren kan velje å gjennomføre ei eventuell kartlegging av elevar våren i 1. klasse eller hausten i 2. klasse. Frå 2026 vil også skulane kunne gjennomføre prøva for enkeltelevar.

I 2025 har vi også starta arbeidet med å utvikle det nasjonale programmet for meir praktisk læring, som er ein del av oppdrag 2025-017 om oppfølging av Meld. St. 34 (2023-2024) og tiltak for ein meir praktisk skule. Programmet vil omfatte ei tilskotsordning der skular får tilbod om å bli pilotskular for meir praktisk læring. Pilotskulane skal bidra til kompetanseutvikling, erfaringsdeling og til å spreie inspirasjon til andre skular. I tillegg skal Udir tilgjengeleggjere støtteressursar til innsats for ein meir praktisk skule.

Det har også vore stor interesse for tilskotet til kommunar til utstyr og læringsarenaer på 5.–10. trinn. Dei 160 millionane blei fordelte på over 300 kommunar. Midlane gjer det mogleg å i større grad realisere ein meir praktisk og variert undervisning og tilskotet har bidrege til konkrete forbetringar ved mange skular. Kommunar har brukt midlane til å kjøpe utstyr som støttar praktiske og estetiske fag og dessutan praktisk læring i andre fag, som laboratorieutstyr, utstyr til musikkrom, oppgradering av skulekjøkken, skaparverkstader og ulike verkstadsfag og utstyr til fysisk aktivitet og friluftsliv.

Vi har sett i gang arbeidet med å utvikle ei valfagordning på 5.–7. trinn og har utforska moglege modellar og teke kontakt med skular og kommunar som ønskjer å delta i ei første utprøving. Endring i opplæringsforskrifta om arbeidslivsfag er send på høyring og samanfatta, og vi har førebudd ei spørjing om framandspråk på ungdomssteget.

Arbeidet med ny skulemiljøundersøking er også ein del av oppdraga som er knytte til Meld. St. 34. Dette er nærmare omtalt under mål 3.

Styrkt innsats for læring

Vår vurdering er at tiltaka vi har gjennomført i 2025, har styrkt kunnskapsgrunnlaget og gitt betre støtte til sektoren, men utfordringane med svake grunnleggjande ferdigheiter og aukande forskjellar i prestasjonar krev framleis stor innsats. Fleire elevar står i fare for ikkje å ha tilstrekkeleg læringsutbytte til å meistre vidare utdanning og arbeidsliv. Denne utviklinga ser vi no er i ferd med å også få tydelegare konsekvensar også for vidaregåande opplæring. KLAR2030-rapporten⁴⁵ skildrar det som at det oppstår ei kjede av følgjefeil: Når fleire elevar startar vidaregåande med svakt fagleg grunnlag, aukar behovet for støtte og tilpassing, samtidig som risikoen for manglande meistring, svake karakterar og lågare gjennomføring blir forsterka.

Det er derfor vår vurdering at arbeidet med å styrkje dei grunnleggjande ferdigheitene til elevane må forsterkast i åra framover for å heve læringsresultata.

⁴⁵ NIFU, [Videregående opplæring i utvikling og endring, delrapport fra prosjektet KLAR2030](#)

For å støtte skulane best mogleg må vi også halde fram med å vere tydelege og rådgivande, bidra med gode praksisdøme og levere nyttig og relevant innhald. For å få til det treng vi meir kunnskap om kva behov lærarar og leiarar har for støtte frå nasjonale styresmakter. Her er vi i gang med fleire prosjekt for å styrkje innsikta vår om behovet til brukarane gjennom brukarinnsett. Vi må også sørge for at vi bruker rette kanalar og verkemiddel for å spreie innhaldet og nå heilt ut til målgruppene. Eit vidare tett samarbeid med lærarutdanningane og forskingsmiljøa, og dessutan ein god og kontinuerleg dialog med sektoren, er også viktig for å bidra til at ny kunnskap blir teken i bruk i praksis.

Vidaregåande opplæring

Vidaregåande opplæring skal bidra til at unge og vaksne utviklar fagleg og sosial kompetanse som gir dei eit godt grunnlag for arbeid eller vidare studiar og aktiv deltaking i samfunns- og arbeidsliv. Opplæringa skal leggje til rette for både studieførebuande og yrkesfaglege utdanningar, for å møte det behovet samfunnet og arbeidslivet har for kompetanse.

Ungdom i vidaregåande opplæring

Sjølv om vidaregåande opplæring ikkje er obligatorisk, vel nesten alle ungdommar å gå direkte frå grunnskule til vidaregåande skule. Deltakinga blant 16–18 åringar ligg stabilt på over 90 prosent, noko som viser at vidaregåande opplæring blir opplevd som viktig for dei fleste unge.⁴⁶

I 2025 nådde søkninga til yrkesfagleg opplæring eit historisk høgt nivå, med 54 prosent av vg1-søkjarane som søkte yrkesfag. Det er ei ønskt utvikling. Samtidig ser vi at ein aukande del av elevane som vel yrkesfag, går vidare til vg3 påbygging til generell studiekompetanse i staden for å fullføre med fag- eller sveinebrev. Det vil seie at sjølv om søkninga går opp, klarer vi per i dag ikkje å møte behovet for fleire fagarbeidarar framover.


Gjennomføringsgraden i vidaregåande opplæring er framleis høg, men viser tydelege forskjellar mellom studieførebuande og yrkesfag. Om lag 82 prosent av elevane fullfører med studie- eller yrkeskompetanse innan seks år, men elevane på yrkesfag har både lågare gjennomføring og høgare fråfall, noko som framleis er ei utfordring. Innanfor yrkesfaga er mangel på læreplassar ei sentral årsak til fråfallet mellom vg2 og vg3.

Samla sett er det gode og relativt stabile tal for kor mange nyutdanna fagarbeidarar som er i arbeid. Over 83 prosent er i jobb første år etter bestått fag- eller sveineprøve. For lærlingar åleine er talet på om lag 77 prosent, men dette varierer mykje mellom utdanningsprogram og mellom fagbrev. Sysselsetjingsdelen varierer relativt mykje mellom ulike fag i utdanningsprogramma, der bygg- og anleggsteknikk har høgast sysselsetjingsgrad og informasjonsteknologi og medieproduksjon har lågast.

⁴⁶ Utdanningsforbundet, Nøkkeltall for vidaregåande opplæring 2024. Faktaark 17:2025.

Trass i ei svak positiv utvikling er det ei alvorleg utfordring at om lag kvar femte elev ikkje fullfører vidaregåande opplæring. Mange elevar er heller ikkje godt nok førebudde på vidare utdanning og arbeidsliv. Dette har konsekvensar både for kvar enkelt og for samfunnet.

Omtrent 12 prosent av unge i alderen 16–25 år har ikkje fullført vidaregåande opplæring og deltek heller ikkje i eit utdanningsløp på vidaregåande nivå. Dette er ei variert gruppe, og enkelte har også behov som krev meir samordna støtte frå fleire tenester over tid. At ein så stor del unge står utanfor vidaregåande opplæring, understrekar verdien av tidleg innsats, gode overgangar og tverrsektorielt samarbeid for å sikre at fleire fullfører opplæringa og får ei stabil tilknytning til arbeidslivet.



SSB reknar med at Noreg kan mangle om lag 90 000 fagarbeidarar innan 2035/47, særleg innanfor helsefag, industri, bygg og anlegg og handverk. For at Noreg skal ha tilgang til den arbeidskrafta det er behov for, må vi prioritere hardare enn før. Tilgang til læreplassar, dimensjonering av elevplassar i vidaregåande opplæring og storleiken på elevkulla utgjør sentrale rammer for tilgangen til rett arbeidskraft. Tiltak retta mot vidare god rekruttering til fag- og yrkesopplæringa, auka tilgang til og formidling til relevante læreplassar og auka gjennomføring er avgjerande for å møte arbeidskraftbehovet i samfunnet og arbeidslivet.

I 2025 har vi ført vidare arbeidet vårt med å utvikle strukturar for å møte behovet i arbeidslivet. Vi har greidd ut og innført fleire endringar etter innspel frå arbeidslivet, og i tett samarbeid med faglege råd⁴⁸.

⁴⁷ Rapport fra arbeidsgruppe oppnevnt av Kunnskapsdepartementet. Utredning av et nasjonalt senter for yrkesfag.

⁴⁸ Udir, Mandat og retningslinjer for samarbeidet mellom SRY, faglige råd og Utdanningsdirektoratet 2025–2029.

Nasjonalt senter for yrkesfag blei etablert i 2025 som ein del av Utdanningsdirektoratet og skal vere ein sentral aktør i utviklinga av fag- og yrkesopplæringa. Senteret skal bidra til meir einskaplege og kvalitetssikra praksisar på tvers av fylkeskommunar og opplæringsarenaer, og styrkje samanhengen mellom læreplanar, vurdering og opplæring i bedrift.

Arbeidslivet står i dag framfor fleire store omstillingsutfordringar: geopolitisk, teknologisk, grøn, økonomisk og demografisk. Fagopplæringa er det viktigaste verkemiddelet vårt for å bidra til å møte desse utfordringane. Framover vil det vere særleg viktig å utvikle tiltak for å møte mindre elevkull, vaksne i utanforskap, tilbodsstruktur og dimensjonering. Eit tett samarbeid med partane i arbeidslivet og fylkeskommunane vil framleis vere avgjerande for at vi skal lykkast i møte med utfordringane fagopplæringa står overfor.

Oppfølging av fullføringsreforma

Udir si oppfølging av fullføringsreforma har i 2025 følgt tre hovudspor. Innføring av nytt regelverk, etterleving av nye rettar for vaksne og nytt rammeverk for innhald og struktur i vidaregåande opplæring. Tiltaka skal sikre at målgruppene får likeverdige og relevante tilbod, og at ordningane fungerer som ein reell kvalifiseringsveg.

Vi har gjennom året følgt opp arbeidet med realkompetansevurdering og fullføringsrett gjennom utvikling av rettleiingar, kompetansepakkar og styrkt informasjonsmateriell. Vi har også følgt opp lærekandidatordninga for å sikre betre tilrettelegging.

Våren 2025 kartla vi lærekandidatordninga som del av oppdrag 2024-028 – *Om å tydeliggjøre målgruppen og bedre tilbudet til personer med stort tilretteleggingsbehov innanfor lærekandidatordninga*. Funna viste at handlingsrommet i ordninga gir ulik forståing av formålet, og at tilbodet til målgruppa ikkje er tilstrekkeleg for kvalifisering, gjennomføring og stabil tilknytning til arbeidslivet. Vi har følgt opp endringar som gjeld formål og målgruppe med nytt innhald på nettstaden vår og i dialog med sektoren. Vi har også styrkt rettleiinga om individuell tilrettelegging. Arbeidet blir vidareutvikla på bakgrunn av tilbagemeldingar frå sektoren. Tiltaka skal sikre at målgruppa får likeverdige og relevante tilbod, og at ordninga fungerer som ein reell kvalifiseringsveg.

Rammeverk for innhald og struktur i vidaregåande opplæring

Utvikling av eit nytt rammeverk for innhald og struktur (RIS) er eit sentralt tiltak i oppfølginga av fullføringsreforma og er forankra i oppdrag 2023-24 – *Gjennomgang av fag- og timefordelinga*. Arbeidet inneber å gå gjennom fag- og timefordelinga i studieførebuande utdanningsprogram, inkludert fellesfaga i yrkesfaglege utdanningsprogram, og skal resultere i eit nytt rammeverk som skal erstatte dagens fag- og timefordeling. Rammeverket skal gi elevar på studieførebuande best mogleg føresetnader for å studere vidare i høgare utdanning, gi elevar i studieførebuande og yrkesførebuande utdanningsprogram eit solid og dannande grunnlag for aktiv deltaking i samfunn og arbeidsliv og for å meistre sitt eige liv. Vidare skal innhaldet vere relevant for den valde sluttkompetansen til elevane. Dei overordna måla for arbeidet og korleis vi skal jobbe for å nå dei, er skildra i strategien for arbeidet. Strategien ligg til grunn når vi planlegg ulike aktivitetar, involveringspunkt og resten av framdrifta for arbeidet.

I 2025 har vi gått gjennom fag- og timefordelinga i studieførebuande utdanningsprogram og fellesfag i yrkesførebuande utdanningsprogram. Dette inkluderer analyse av fag- og timefordelinga og bruken av lokale forskrifter. Gjennomgang av fag- og timefordelinga viser at ho er for kompleks, at ho ikkje er tilstrekkeleg fagleg grunnlagt, og at det blir stilt ulike krav til den same sluttkompetansen i dei ulike programfaga. Fellesfaga er ikkje reelt felles for alle, og det finst ingen samlande definisjon av kva det vil seie å vere studieførebudd. Derfor har vi utvikla ein modell med nye byggjeklossar for å byggje eit regelverk for framtida. Byggjeklossane utgjer ulike kategoriar av innhald. Dette er eit viktig tiltak for å forenkle regelverket og sørgje for at arbeidet med å utvikle nytt innhald byggjer på tydelege prinsipp.

Som ein del av arbeidet har vi arrangert fleire dialogkonferansar og besøkt vidaregåande skular i alle fylke for å snakke med elevar, lærarar og skuleleiarar. NIFUs første delrapport frå KLAR203049 gir oss kunnskap som ligg til grunn for arbeidet. Rapporten peikar på at den norske opplæringslova ikkje definerer konkrete krav i høgare utdanning som elevane må førebuast til. Samanlikna med Danmark og Sverige kan det verke som den norske opplæringslova i mindre grad angir retning for dei studieførebuande utdanningsprogramma.

Parallelt med arbeidet med utviklinga av nytt rammeverk har vi i løpet av året gått gjennom fagtilbodet i dei studieførebuande utdanningsprogramma og gjort vurderingar av behovet for justeringar i fagstrukturen på kortare sikt. Dette er gjort med utgangspunkt i utviklinga i elevtal, fagmiljø og relevans for utdanningsprogram og vidare studium.

I tråd med strategien vil vi følgje opp kunnskapsgrunnlaget vi har opparbeidd oss i 2025 gjennom dei ulike tiltaka og aktivitetane vi har gjennomført. Det samla kunnskapsgrunnlaget gir eit tydeleg signal om behov for formålsskildringar for vidaregåande opplæring. Før vi i neste fase kan ta tak i spørsmål om innhaldet i studieførebuande utdanning for framtida, må vi definere formålet med dei ulike byggjeklossane. Formålsskildringane skal hjelpe oss til å gjere prioriteringar av innhaldet.

Råd for studieførebuande utdanningsprogram blei etablert som eit permanent rådsorgan i 2025, etter to år med prøveordning. Rådet skal vere eit rådgivande organ for statlege utdanningsstyresmakter og jobbe overordna, strategisk og langsiktig med saker som gjeld studieførebuande opplæring. I mandatet til rådet for perioden 2025–2029 blir det lagt særleg vekt på at rådet skal involverast i arbeidet Udir har sett i gang med å utvikle eit nytt rammeverk for innhald og struktur i vidaregåande opplæring. Rådet skal også vere eit bindeledd mellom utdanningsstyresmaktene, studieførebuande vidaregåande opplæring og UH-sektoren.



Vaksne i vidaregåande opplæring

Den nye opplæringslova styrker rettane for vaksne til vidaregåande opplæring og legg til rette for fleksible opplæringsløp tilpassa ulike utgangspunkt, behov og mål for vaksne. Formålet er at vaksne skal kunne kvalifisere seg til arbeid eller vidare utdanning, fullføre starta opplæring og oppdatere

⁴⁹ NIFU, Videregående opplæring i utvikling og endring, delrapport fra prosjektet KLAR2030

kompetansen gjennom heile livet. Skuleåret 2024–2025 er det første året dei nye rettane for vaksne har vore gjeldande.

Udir har utvikla nasjonal statistikk over søkjartal til vidaregåande opplæring for vaksne. I perioden 1. august 2024–31. juli 2025 er det registrert nær 23 000 søkjarar. 36 prosent søkte helse- og oppvekstfag, mens 38 prosent søkte studieførebuande løp eller påbygg til generell studiekompetanse. Dette er første år med statistikk, og vi har derfor ikkje samanliknbare tal frå tidlegare. Statistikken er viktig for å følgje utviklinga over tid. Samtidig peikar kunnskapsgrunnlaget frå fylkeskommunane og statsforvaltarane på både fleire søkjarar og eit tydeleg endra søkjemønster i den vaksne målgruppa. Førebelse tal for inneverande skuleår tyder på at søkjartrykket til vidaregåande opplæring for vaksne framleis er høgt.



Modulstrukturert opplæring

Modulstrukturert opplæring for vaksne i vidaregåande blei innført 1. august 2024 som ein permanent modell i utvalde lærefag, med mål om betre tilpassing til behovet, utgangspunktet og livssituasjonen til vaksne. I skuleåret 2024–2025 deltok om lag 2 600 personar over 25 år i modulstrukturert opplæring.⁵⁰ Sidan læreplanane først blei pliktige frå 1. august 2025, forventar vi ein stor vekst i 2025–2026.

Innspel frå fylkeskommunane viser at modulstrukturert opplæring blir opplevd som meir relevant og motiverande, og spørjeundersøkingar viser at mange får kortare løp tilpassa realkompetanse og progresjon. Vi observerer likevel forskjellar mellom fylke og vil følgje utviklinga tett for å sikre at formålet med opplæring av vaksne blir innfridd. Vi er vidare opptekne av å sjå i kva grad innføringa av modulstrukturerte lærefag endrar søkjemønsteret i retning av at modulstrukturerte alternativ blir meir attraktive. Dette kan bidra positivt til vidare arbeid med utviding av ordninga og gjere modulstrukturering til eit strategisk grep for å møte kompetansebehovet i arbeidslivet.

Parallelt med at modulstrukturerte læreplanar blir tekne i bruk, blir ordninga utvida til fleire fag. I 2025 er modulstrukturerte læreplanar fullførte i vg3 blomsterdekoratørfaget, vg3 bunadstilverkarfaget og vg3 handvevarfaget. I 2026 kjem vg3 frisørfaget og vg3 yrkessjåførfaget, og arbeidet med vg3 barne- og ungdomsarbeidarfaget er sett i gang.

Samla utgjer desse faga eit stort tal fagbrev og ei vesentleg utviding av ordninga. Målet er at dei fleste lærefag med høg del vaksne deltakarar der det er stort kompetansebehov i arbeidslivet, skal inngå i modulstrukturert opplæring. I tillegg til fylkeskommunane involverer Udir arbeidslivet og dessutan HK-dir, IMDi og Nav i vurderingar av kva lærefag som skal modulstrukturast.

Vi vurderer at måla i fullføringsreforma og kompetansepolitikken er godt forankra i fylkeskommunane, og kvalifisering av vaksne er høgt prioritert. Den nye opplæringslova har ført til reorganisering og omprioritering⁵¹, men fylkeskommunane er framleis tidleg i innføringa av nytt regelverk, og vi ser at regelverket må få tid til å verke.

Samtidig nyttar fleire enn først forventa seg av dei nye rettane. Fleire fylkeskommunar melder om kapasitetsutfordringar i samband med ein veksande søkjarmasse, til dei modulstrukturerte lærefaga og til opplæring for vaksne generelt. Vaksne får per no ikkje oppfylt retten til kontinuerleg inntak, og det er tidvis lang ventetid for realkompetansevurdering. Dette inneber ein risiko for at vaksne ikkje får oppfylt retten dei har til opplæring eller realkompetansevurdering, innan rimeleg tid. Vi ser også stor variasjon i korleis fylka innfører modulstrukturert opplæring, noko som kan føre til ulik kvalitet og ulikt tilgjenge på tilboda.

⁵⁰ Udir, [Voksne i grunnopplæringen 2025](#).

⁵¹ NIFU, [Ny opplæringslov i praksis. Rapport 2025:24 Delrapport 1. Erfaringer fra første implementeringsår](#).

Auka etterspurnad etter læreplassar for vaksne skaper press i arbeidslivet, og dagens finansieringsmodell kan bli utfordra når arbeidslivet både får større ansvar for opplæring, og talet på vaksne i opplæring aukar.

Utvida rettar for både vaksne og ungdom gjer dimensjoneringa krevjande, og talet på vaksne som nyttar rettane, er mykje høgare enn føresett. Rekruttering av lærebedrifter er ei utfordring, særleg der deltakarar treng språkopplæring, og mange har komplekse sprang utan tidlegare fullført vidaregåande opplæring.

I 2025 har vi utvikla ein kompetansepakke for opplæring i bedrift og utarbeidd ei rettleiing for realkompetansevurdering i grunnopplæringa, basert på tidlegare retningslinjer. Vi leier eit nasjonalt nettverk med fylkeskommunar og statsforvaltarar som støttar innføringa. Vidare har vi sett i verk eit forsøk med tilskot for at fleire vaksne skal få læreplass, gjennomført dialog med dei faglege råda om kvalifisering av vaksne, og gjennomført eit forsøk med skriftleg-munnleg eksamen i to lærefag for yrkesfaglege utdanningsprogram. Vi har styrkt kunnskapsgrunnlaget gjennom statistikk, analysenotat, dialog med statsforvaltarane og involvering av fylkeskommunane gjennom spørjingar og dessutan dialog- og nettverkssamlingar.

Erfaringane frå 2025 viser at regelverket må få verke, og arbeidet med vaksne inngår i arbeidet med å støtte innføringa av ny opplæringslov. Vi har sett forventningar til rettleiinga til statsforvaltarane om realkompetansevurdering og fullføringsretten, og vi vil halde fram med å støtte fylkeskommunane gjennom verkemidla våre. Det er behov for meir kunnskap om vaksne i grunnopplæringa og betre statistikk over vaksne, og det blir arbeidd med å hente inn betre data om realkompetansevurdering. Vi vil utvide modulstrukturert opplæring til fleire lærefag der arbeidslivet har stort behov og vaksne utgjer ein høg del av målgruppa. Nye rettar for ungdom og vaksne aukar kompleksiteten i dimensjoneringa av utdanningstilboda. I lys av høg søking vurderer vi korleis fagtilbod, opplæringsmodellar og omfanget av utdanninga påverkar praktisk handtering og gjennomføring for ungdommar og vaksne. Det blir også viktig å samarbeide tett med arbeidslivet for å utnytte moglegheitene i modulstrukturert opplæring og auke prosentdelen vaksne som oppnår fagbrev, slik at vi betre møter kompetansebehovet i arbeidslivet. Vidare samarbeid med Nav, IMDi og HK-dir vil i 2026 vere sentralt for å samordne innsatsen på tvers av sektorar, nå målgruppa og sikre heilskaplege løp, slik at fleire vaksne kvalifiserer seg til arbeid eller vidare utdanning.

Eksamen og standpunktvurdering

Eksamen og standpunkt har mykje å seie for dei vidare moglegheitene til elevane i livet, både for inntak til vidaregåande skule, opptak til høgare utdanning og framtidig arbeidsliv. Ei rettfærdig og påliteleg sluttvurdering er avgjerande for tilliten til korleis elevane blir vurderte etter enda opplæring. Den teknologiske utviklinga og bruken av kunstig intelligens (KI) utfordrar legitimiteten, spesielt til vurdering av skriftlege elevarbeid. Dette stiller nye krav til profesjonsutøving, vurderingspraksis og eksamensformer.

I 2025 blei det vedteke å flytte våreksamen til før 17. mai. Eit forslag om å endre tidspunktet for fastsetjing av standpunktarakterar og tidspunktet for offentleggjing av trekk blei sendt på høyring, og endringane blei sette i kraft frå skuleåret 2025–2026.

Trygg og sikker eksamensgjennomføring

Arbeidet med å sikre resultatkravet om ei trygg og sikker eksamensgjennomføring har vore høgt prioritert i 2025. Mange tiltak er sette i verk og har bidrege til at elevar og privatistar opplevde færre formelle feil under eksamen i 2025 enn tidlegare år.

Vår vurdering av risiko før våreksamen 2026 er framleis høg, trass i gjennomførte tiltak. Vi forventar at uønskete hendingar vil oppstå. Sentrale risikoområde omfattar sensur, hjelpemiddeltilgang og bruk av ikkje-tillatne hjelpemiddel, lokale feil i gjennomføringa og feil i oppgåvene og IT-systema våre.

Gjennomføringa av eksamen lokalt for fylkeskommunar og kommunar er pressa, og forvaltningskostnadene for eksamensordninga har auka. Digital eksamen har bidrege til å sikre universell utforming, auka tryggleik og betre personvern, og det har gitt nye moglegheiter for vurdering, men IT-system krev også vidare investeringar for å sikre robuste løysingar.

Tiltaka våre på kort sikt har særleg vore knytte til auka kvalitetssikring av IT-system og oppgåveproduksjon, å tryggje gjennomføringa og forhindre bruk av KI og andre ikkje tillate hjelpemiddel. Vi har fjerna førebuingdelen på dei fleste skriftlege eksamenar, vi har redusert tilgangen til nettbaserte hjelpemiddel saman med fylkeskommunane og bede dei om å styrkje vakthaldet under eksamen.

Vi er også i gang med å innføre sikker nettlesar på eksamen. Sidan dette inneber store endringar for elevane og auka teknisk kompleksitet ved gjennomføringa, gjer vi dette stegvis på fleire og fleire eksamenar fram til 2027.

Årets eksamensgjennomføring

Udir utarbeidde i 2025 eksamensoppgåver i ca. 480 ulike fagkodar. Våren 2025 blei det avlagt 75 900 eksamenar i grunnskulen, og 1900 for FOV. I vidaregåande opplæring blei det avlagt 174 900 sentralt gitte eksamenar. Omtrent 81,9 prosent var eleveksamenar, og 18,1 prosent var privatisteksamenar. Omtrent 75,7 prosent blei avlagde i systemet for digital eksamen (EPS), mens 24,3 prosent blei avlagde i systemet for filopplasting (PGS).

Hausten 2025 blei det avlagt til saman 36 100 sentralt gitte eksamenar i vidaregåande opplæring. 82,8 prosent var privatisteksamenar mens dei andre blei avlagde av elevar med rett til anten særskild, utsett eller ny eksamen. Omtrent 65,7 prosent av eksamenane blei avlagde i EPS, mens 34,3 prosent blei avlagde i PGS. For FOV blei det avlagt 35 eksamenar på hausten.

Totalfråværet for vidaregåande på våreksamen var 6,7 prosent, mens det på hausteksamen var 19,5 prosent. Eksamenar som fylkeskommunen har ansvar for å utarbeide, er ikkje med i desse tala.

Tiltak for å styrkje kvaliteten i standpunktvurderinga

Standpunktvurdering byggjer på eit stort lokalt handlingsrom og ein tillit til dei profesjonelle vurderingane til lærarane, noko som opnar for variasjon i praksis. Ny forskning stadfestar

at det er stor variasjon mellom fag, lærarar og skular i arbeidet med standpunktvurdering⁵². Forskarane peikar på at nokre former for variasjon er fagleg legitime, og er mellom anna knytte til eigenarten i faga og lokale rammevilkår. Meir problematiske former for variasjon kjem av fråvær av strukturar for samarbeid, der lærarar kan utvikle og kalibrere felles forståing. Dette er særleg tydeleg i praktiske og estetiske fag. Det generelle inntrykket er likevel at lærarar samarbeider om vurdering og i stor grad diskuterer standpunktkarakterar med kollegaer før dei blir fastsette, men at dette i mindre grad skjer mellom skular⁵³. Felles analyse av vurderingsgrunnlag eller drøfting av konkrete elevprestasjonar og karakterar ser likevel ut til å få mindre plass i samarbeida. Forskarane finn også at det er fagspesifikke vurderingskulturar for bruken av karakterskalaen, og at lærarar opplever eit aukande karakterpress frå elevar og føresette. Vidare viser evalueringa av fagfornyninga at mange lærarar opplever uvisse rundt korleis kompetansen til elevane skal vurderast i tråd med intensjonane til læreplanane, og etterlyser meir støtte og felles forståing for vurdering.

I 2025 har vi identifisert, og starta planlegginga av, tiltak for å styrkje kvaliteten på standpunktvurdering. Vi lagar planar for å tydeleggjere rammene for standpunktvurderinga og vurderer ulike tiltak for å gjere vurderinga meir påliteleg. Dette kan vere regelverksendringar eller andre verkemiddel. Vi planlegg tiltak som handlar om utprøvingar eller forsøk for å styrkje kunnskapsgrunnlaget vidare. Vi har sett i gang tiltak for å vidareutvikle støtteressursar til standpunktvurderinga og starta på ei justering av læreplanen og vurderingsordninga i kroppsøving. Det kan bli aktuelt å setje i verk utgreiingar av andre fagspesifikke problemstillingar òg.

Arbeidet med å identifisere tiltak har blitt gjennomført i tett samarbeid med referansegruppa til Udir på vurderingsfeltet og andre aktørar i sektoren. Prosessen har bygd vidare på eit breitt forankra utfordringsbilette, oppdatert kunnskapsgrunnlag og innspel.

I 2025 har vi også bidrege i offentleg debatt om karakterpraksis og karakterinflasjon, mellom anna på bakgrunn av eit analysenotat vi har utarbeidd om karakterutvikling i standpunktvurdering.

Vidare utvikling av sluttvurdering

Den strategiske prioriteringa til Udir er å sikre kvaliteten ved vurderingsordningane i dag, samtidig som vi ser behov for å vidareutvikle dei ut frå korleis samfunnet og den teknologiske utviklinga endrar føresetnadene for dei. Utviklinga av KI gjer at stadig nye tiltak trengst på kort sikt, og at vi må finne andre og meir robuste ordningar på lengre sikt som ikkje er like sårbare. Dette gjeld særleg eksamen og vurdering av skriftlege elevsvar.

Tiltaka som er sette i verk for å innfri resultatkravet om trygg og sikker eksamensgjennomføring, har vore nødvendige, men ikkje tilstrekkelege til å redusere det overordna risikobiletet ved eksamen. Vår vurdering er at det må gjennomførast meir omfattande og djuptgripande endringar for å redusere risikoen til eit akseptabelt nivå, jf. mål i oppdragsbrev 2025-04 om «sikrere, mindre komplekse og mer bærekraftige eksamensordningar og eksamensformer som gir elevane god mulighet til å vise hva de har lært i faget».

⁵² NTNU, [Standpunktvurdering – praksis og prosesser i LK20](#).

⁵³ NTNU, [Standpunktvurdering – praksis og prosesser i LK20](#).

Vi har starta utgreiinga av større endringar i eksamensordninga på lengre sikt. I 2025 har vi gjennomført utprøving av langtidsoppgåva og forsøk med skriftleg-munnleg eksamen, og greidd ut endringar for å styrkje tilrettelegginga av eksamen for praksiskandidatar. I 2026 slutfører vi evalueringa av forsøka med langtidsoppgåva og skriftleg-munnleg eksamen. Vi vil også greie ut endringar i trekkordninga og vurdere tiltak som kan redusere kostnader ved dagens sentralt gitte eksamen. Vi vil gjennomføre eit strategisk framsynsarbeid om endringar i sluttvurderinga på lang sikt, som analyserer drivkrefter og utviklar framtidsscenario. Vi vil også utvikle eit nytt vegkart for modernisering av IT-porteføljen for eksamen og prøver. Formålet er å redusere risiko ved eksamen og gjere IT-løysingane meir robuste og berekraftige. Vi vil høyre endringar for å betre tilrettelegging for praksiskandidatar og greie ut vidare betre løysingar for å dokumentere kompetanse før fag- og sveineprøva for denne målgruppa.

Vi har også fått eit tydelegare bilete av korleis vi kan vidareutvikle standpunktvurderinga som ei rettferdig og robust sluttvurdering. Vi har identifisert at det ikkje er eitt enkelt tiltak som vil bidra til å styrkje standpunktvurderinga, men at vi bør jobbe langs fleire spor samtidig. Utforskande tilnærmingar, som utprøvingar og forsøk, kan bidra både til at skular vidareutviklar dagens praksis og til å gi ny innsikt for å vidareutvikle vurderingsordninga. Samtidig er det behov for å halde fram med å støtte praksis innanfor eksisterande rammer. Prioriterte tiltak i 2026 er derfor å setje i gang utprøvingar og/eller forsøk som gir grunnlag for å vidareutvikle og styrkje rammene for standpunktvurderinga, i tillegg til å utvikle støtteressursar.

Sentrale spørsmål framover er korleis Udir i større grad kan bidra til å styrkje den faglege utviklinga i sektoren om vurdering, støtte profesjonen og sikre at vurderingssystemet fungerer etter intensjonen. Vi vil også halde fram med å støtte sektor gjennom tydeleg kommunikasjon, rettleiing og samarbeid med kommunar, fylkeskommunar og statsforvaltarar.

Nasjonale prøver og kartleggingsprøver

Utdanningsdirektoratet har fått i oppdrag å utvikle nye prøver med læringstøttande formål, jf. oppdrag 2025-018. Dagens nasjonale prøver vil vere i bruk fram til dei nye prøvene er utvikla.

Vi vurderer at gjennomføringane av nasjonale prøver og kartleggingsprøver i 2025 i hovudsak har vore vellykka. Det har vore få utfordringar med dei tekniske løysingane.

Prosentdelen elevar som gjennomfører prøver, har vore stabil dei siste åra, med ein liten nedgang for kartleggingsprøvene på 1. trinn.


472 439 elevar gjennomførte nasjonale prøver i 2025. Dette utgjør 93 prosent av elevane som blei påmelde. 5 prosent av elevane blei fritekne. Dette er same prosentdel som for dei to tidlegare åra. 86 018 elevar gjennomførte kartleggingsprøvene på 1. trinn, og 110 580 gjennomførte kartleggingsprøvene på 3. trinn.

Nasjonale prøver og kartleggingsprøver skal i størst mogleg grad vere inkluderande og brukarvennlege. I 2025 har vi vidareutvikla prøvene slik at dei er betre tilgjengelege for elevar med syns- og høyrselesnedsetjingar.

Individuelt tilrettelagd opplæring til rett tid

Elevar som ikkje har tilfredsstillande utbytte av opplæringa, kan ha rett til individuelt tilrettelagt opplæring (ITO). Prosentdelen elevar som har vedtak om ITO i grunnskulen, har vore stabil på rundt 8 prosent dei siste åra. Hausten 2025 hadde 7,6 prosent av elevane vedtak om ITO. Dette er ein liten nedgang frå 2024⁵⁴. Etter endringar i opplæringslova frå 2024 tel ein ikkje vedtak om personleg assistanse med som ITO. Dette forklarar truleg nedgangen.

Hovudregelen for individuelt tilrettelagd opplæring er at eleven skal ha opplæring i klassen/basisgruppa dersom det er mogleg. Sidan 2016–2017 har prosentdelen av elevane med ITO som hovudsakleg får individuelt tilrettelagd opplæring i den ordinære klassen, auka vesentleg. I 2016–2017 fekk 37 prosent av elevane hovudsakleg individuelt tilrettelagt opplæring i den ordinære klassen, mens prosentdelen i 2025–2026 er 49 prosent. Vi ser likevel ein liten nedgang frå førre skuleår i prosentdelen som hovudsakleg får opplæring i den ordinære klassen.




Finnmark har høgast del elevar med individuelt tilrettelagd opplæring, med 9,5 prosent, mens Telemark ligg lågast, med 6,5 prosent. Det er stor variasjon mellom kommunar i same fylke. I kommunen med størst del elevar med individuelt tilrettelagd opplæring har 21 prosent av elevane vedtak.

Det er truleg samansette årsaker til at omfanget av individuelt tilrettelagd opplæring varierer på tvers av skular, fylke og kommunar. På den eine sida kan behovet til elevane variere frå stad til stad. På den andre sida kan skuleeigarar og skuleleiarar ha ulik tilnærming til kva som skal løysast

⁵⁴ Udir, [Fakta om grunnskolen 2025–2026](#).

innanfor tilpassa oppl ring og kva som krev vedtak om individuelt tilrettelagd oppl ring. Dei kan ogs  ha ulik tolking av oppl ringslova. Dersom det er f  elevar i klassen, kan det for nokre ogs  vere lettare   leggje til rette undervisninga utan ITO.



Vi har ikkje nasjonal statistikk over prosentdelen elevar i vgo. med vedtak om ITO. Eit overslag viser at prosentdelen kan vere p  2,5–4 prosent, men dette er usikre tal. Men vi kan seie sikkert at prosentdelen elevar som har ITO, minkar markant n r elevane g r fr  grunnskulen til vidareg ande oppl ring⁵⁵. Denne nedgangen kjem ikkje n dvendigvis av at behova forsvinn, men at vidareg ande oppl ring er organisert p  ein m te som gjer at st tte blir gitt gjennom andre ordningar enn formelle enkeltvedtak. Fylkeskommunale PP-leiarar vurderer vidareg ande oppl ring som meir fleksibelt, motivasjonsstyrt og med fleire moglegheiter for tilrettelegging enn i grunnskulen, særleg i fag- og yrkesoppl ringa, men ogs  p  studief rebuande programst tte gjennom tilpassa oppl ring⁵⁶.

Kompetansel ftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis var ei nasjonal satsing som skulle styrkje kompetansen i heile laget rundt barn og elevar, i barnehage, skule og PP-tenesta, slik at alle barn og unge f r eit godt tilpassa og inkluderande tilbod. Satsinga blei avslutta i 2025, men intensjonen og temaa skal takast hand om innanfor det heilskaplege systemet for kompetanse- og karriereutvikling.

⁵⁵ Udir, [Fakta om spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning](#).

⁵⁶ Ideas2evidence, [P  vei mot mer inkluderende praksis – Status og behov i PPT, skoler og barnehager fem  r etter Meld. St. 6](#).

Sluttrapporten⁵⁷ frå evalueringa av Kompetanseløftet for inkluderande praksis viser at satsinga har hatt positiv verdi for arbeidet med tilrettelegging for barn og elevar, men at effektane varierer mellom kommunar og skular. Satsinga har styrkt struktur, samarbeid og profesjonsfellesskapar, noko som legg eit betre grunnlag for tidleg innsats og meir inkluderande praksis. Dette kan gi elevar med behov for tilrettelegging betre oppfølging enn før.

Samtidig peikar rapporten på at forbetringane i praksis ikkje er så tydelege og gjennomgåande som forventa. Effekten er størst i miljø der satsinga har vore solid forankra i tydeleg leiing og langsiktige partnerskapar med ei felles forståing av mål, roller og ansvar. I slike tilfelle ser ein meir systematikk i oppfølginga av elevar med særskilde behov.

Vektlegginga av inkluderande praksis har vore prioritert i kompetanseløftet. Samtidig ser det ut som at dette breie inkluderingsarbeidet kan ha ført til at spesialpedagogisk djupnekompetanse blir mindre tilgjengeleg, og at laget rundt eleven framleis manglar kompetanse for tilrettelagd opplæring. Dette er eit funn som også kjem fram i den første delrapporten frå evalueringa av opplæringslova der tilpassa opplæring og individuell tilrettelegging blir trekt fram som det mest krevjande området for kommunar og fylkeskommunar å følgje opp⁵⁸.

Kunnskap om tidleg innsats og tilpassa opplæring i skulen

Elevar med behov for ITO treng gode tiltak både for å klare å fullføre opplæringa si og for å vere ein del av fellesskapen på skulen. I oppdragsbrev 25-01 – *Kunnskap, status og tiltak for å sikre bedre tidlig innsats og tilpasset opplæring* har direktoratet samanstillt kunnskap om mellom anna situasjonen for elevar med ITO. Denne delrapporten blei sendt i til KD 26. februar 2026.

Alt i alt kan vi seie at samanstillinga viser at arbeidet med tidleg innsats er styrkt dei siste åra. Den positive utviklinga viser seg mellom anna ved at fleire elevar har ITO i klassefellesskapen, noko som kan bety ein meir inkluderande praksis. Det er likevel store variasjonar. Dette gir seg utslag i store forskjellar mellom skular og kommunar i prosentdelen elevar med vedtak om ITO, storleiken på vedtaka, og korleis ITO blir organisert. Vi kan rekne med at barn og elevar framleis får ulike tilbod avhengig av kvar dei bur, og kva skule dei går på. Trekk ved kommunen kan vere ein del av forklaringa på variasjonen vi ser. Gjennom statsforvaltarane melder fleire kommunar om utfordringar med gjennomføring av tildelte timar, til dømes når tilrettelegging ikkje blir gitt fordi personalet må fungere som vikarar. Det er også aukande press på grenseflater mellom juridiske rettar, pedagogiske vurderingar og organisering av ressursane i skulen.

Trass i at elevgruppa blir vurdert til å ha meir komplekse behov, har prosentdelen barn og elevar som får spesialpedagogisk hjelp og ITO vore stabilt på nasjonalt nivå dei siste åra. Dette kan vere eit teikn på at ein har lykkast betre med inkludering og tidleg innsats dei siste åra. Kva dette har å seie for trivselen og læringsutbyttet til elevane, har vi ikkje tilstrekkeleg kunnskap om.

NTNU Samfunnsforskning, [Et løft for samarbeid, men ikke for praksis?](#)

⁵⁸ NIFU, [Ny opplæringslov i praksis. Rapport 2025:24 Delrapport 1. Erfaringer fra første implementeringsår.](#)

For å få betre innsikt om bruken av individuelt tilrettelagt opplæring i vidaregåande opplæring har vi bede statsforvaltarane om å rette særskild merksemd mot dette i 2025. Resultata får vi i mars 2026, og det vil vere eit prioritert område å følgje opp.

Kunnskapsoppsummeringa om tidleg innsats og tilpassa opplæring (svar på OB 25-01 – *Kunnskap, status og tiltak for å sikre bedre tidlig innsats og tilpasset opplæring*) peikar vidare på at arbeidet med tidleg innsats, inkludering og individuell tilrettelegging kan forståast som eit *gjenstridig problem*, prega av komplekse utfordringar som krev samordna innsats på tvers av sektorar og tenester. Det vil derfor vere behov for kontinuerleg statleg merksemd og oppfølging av feltet.

Det vidare arbeidet er todelt. For det første er det behov for å føre vidare og styrkje eksisterande verkemiddel som allereie bidreg i rett retning, men som må målrettast betre for å gi effekt der utfordringane er størst. For det andre er det behov for enkelte nye grep som kan styrkje kunnskapsgrunnlaget, gi betre avgjerdsstøtte lokalt og gjere det enklare å realisere intensjonane om tidleg innsats og inkludering innanfor faktiske rammevilkår. Sjå utdjuping av dette under rapporteringa på mål 5.

Utvikling av nytt system for kompetanse- og karriereutvikling (SKK)

Arbeidet med å etablere og vidareutvikle SKK har vore ei stor levering i 2025, som er forankra i strategi for kompetanse- og karriereutvikling for tilsette i barnehage og skule. Ein vesentleg del av arbeidet i 2025 har vore knytt til utarbeiding og høyring av tre nye forskrifter for vidareutdanning og kollektiv kompetanseutvikling i barnehage og grunnopplæringa. Dei nye forskriftene blei fastsette i januar 2026.

Direktoratet har også greidd ut og svart på fleire deloppdrag som handlar om oppfølging og evaluering av tiltaka i strategien, og om vår eiga rolle i å støtte og samhandle med aktørane i sektoren. Udir har hatt utstrekt dialog med statsforvaltarar, partane i arbeidslivet og universitet og høgskular (UH) i arbeidet med forskriftene og omlegging av ordningane for kompetanseutvikling. Udir har også levert ei omfattande utgreiing og forslag til tilleggsoppdrag om leiarutdanning og -utvikling. Deloppdraget om vidareutvikling av oppfølgingsordninga er nærmare omtalt under mål 4.

Udir forvaltar fleire ordningar i tillegg til tiltaka under strategien, som har same formål: å styrkje kompetansen til tilsette i barnehage, skule og SFO. Utdannings- og rekrutteringsstipend gir skuleeigarar høve til å søkje støtte for tilsette som manglar godkjend lærarutdanning og for personar dei ønskjer å rekruttere, særleg på yrkesfaglege utdanningsprogram. Ordninga blir særleg brukt av fylkeskommunane og har bidrege til å sikre nødvendig kompetanse i fagopplæringa.

Udir har forvalta tilskotet til profesjonsfagleg rettleiing av nyutdanna lærarar, som er eit viktig tiltak i strategien. Tiltaket har auka i budsjettomfang og har utvida målgrupper dei siste åra, og resultat frå mellom anna TALIS 2024 viser ei positiv utvikling i talet på nyutdanna lærarar som får rettleiing i overgangen til arbeidslivet.

I 2025 blei det godkjent 5 815 søknader om vidareutdanning for lærarar i grunnopplæringa. I tillegg til dette kjem vidareutdanning for yrkesfaglærarar, rektorutdanning, vidareutdanningsmodular for

skuleleiarar og utdannings- og rekrutteringsstipend. Søkjartala for lærarar i grunnopplæringa viser tydeleg høg etterspurnad etter kompetanse på fleire av dei nasjonalt prioriterte fagområda. Spesialpedagogikk hadde flest godkjende søknader, med 1418 lærarar som var godkjende av skuleeigaren, godt over det nasjonale måлтаlet om minst 800 deltakarar. Også praktiske og estetiske fag var eit prioritert område, men her blei ikkje måлтаlet på 1000 deltakarar nådd; totalt 562 søkjarar blei godkjende. I dei andre nasjonalt prioriterte faga var det også stor søking: matematikk (544), norsk (525) og engelsk (444). 366 lærarar søkte seg til vidareutdanning i andrespråkspedagogikk.

Tala viser samla sett at sektoren framleis har stort behov for vidareutdanning, og at særleg spesialpedagogikk skil seg ut som eit område med høg og aukande etterspurnad, både for lærarar i barnehagen og grunnopplæringa. Den store søkningen til spesialpedagogikk er ei utvikling vi har sett dei siste åra, og også søkningen til andrespråkspedagogikk er i tråd med funna frå TALIS om aukande behov for kompetanse for å møte eit auka mangfald og meir uro i klasseromma.

Evalueringa av ny kompetansmodell⁵⁹ viser at det er etablert ein robust infrastruktur for kollektiv kompetanseutvikling, og at det er sterk støtte til intensjonen bak partnerskapsmodellen både frå UH og praksisfeltet. Samtidig viser evalueringa at det er variasjon i kvaliteten på det lokale samarbeidet, og i kapasiteten UH-sektoren har til å delta i partnerskap, noko som påverkar det «doble formålet» med ordninga: at erfaringar frå partnerskapane også skal tilbakeførast til og styrkje lærarutdanningane.

Vidare arbeid med SKK

Gode moglegheiter for kompetanse- og karriereutvikling gjennom yrkeslivet er nødvendig for at lærarar skal kunne møte krava i ei stadig meir kompleks lærarrolle. Lærarar spør særleg etter kompetanse for å kunne meistre den teknologiske utviklinga og for å kunne ta betre hand om eit auka mangfald i elevgruppa. Ordningane for kompetanseutvikling er det viktigaste verkemiddelet til staten for å sikre at lærarar og tilsette i andre yrkesgrupper i barnehage og skule får nødvendig kompetanseutvikling, og dei sikrar også likebehandling ved at lærarar i alle kommunane i landet kan ha høve til å delta, uavhengig av ressursituasjonen lokalt.

Arbeidet i 2025 har lagt eit godt grunnlag for å vidareutvikle tiltaka for kompetanseutvikling, som blir fasa inn i 2026. Samordning og forenkling for betre å kunne støtte dei lokale behova for kompetanseutvikling er viktige mål med endringane som blir gjennomførte. Målgruppene for kompetanseutvikling blir utvida, noko som særleg er viktig for dei som jobbar i laget rundt eleven. Vi vurderer at det likevel er ein risiko for at det framleis kan vere krevjande å orientere seg i dei ulike ordningane. Det er framleis eit behov for å samordne og forenkle ordningane for dei ulike brukargruppene. Kommunane har også ulik grad av kapasitet og ressursar til å prioritere kompetanse- og karriereutvikling for lærarar og tilsette i andre yrkesgrupper i barnehagar og skular. Direktoratet har lagt stor vekt på dialog og kommunikasjon med sektoren for å leggje best mogleg til

⁵⁹ Oslomet AFI, Sluttrapport: Evaluering av ny kompetansmodell.

rette for god bruk av ordningane og vil aktivt følgje opp informasjons- og kommunikasjonsarbeidet vidare.

Udir skal etablere arenaer for samarbeid og dialog med aktørar og partane i arbeidslivet, både ei felles referansegruppe for kompetanseutvikling, nettverk med fylkeskommunane og eit nettverk for samarbeid med UH-sektoren. Det er mellom anna behov for god oversikt og koordinering av tilboda for vidareutdanning, og det er framleis behov for å styrkje arbeidet med partnerskap mellom UH og praksisfeltet i ordningane for kollektiv kompetanseutvikling.

Udir skal ha ansvaret for å følgje med på bruken og nytta av ordningane gjennom kunnskapsinnhenting, rapportering og evaluering. Vi vil lyse ut eit oppdrag om ei nullpunktsmåling i 2026, som grunnlag for vidare evaluering og vurdering av måloppnåing.

Frå 2026 skal den øyremerkte tilskotsordninga for profesjonsfagleg rettleiing av nyutdanna lærarar og barnehagelærarar overførast til kommuneramma. Vår vurdering er at dette inneber ein risiko for at rettleiing blir nedprioritert lokalt. Vi vil vurdere korleis vi kan bidra til å utvikle dette feltet vidare, mellom anna om UH-sektoren kan få ei meir sentral rolle i å støtte barnehage- og skuleeigarar. Å halde oppe eit godt vidareutdanningstilbod i rettleiing er også vesentleg.

Mål 3 – trygge og gode barnehage- og skulemiljø

Målet handlar om den innsatsen Udir gjer for å sikre at alle barn og elevar har eit trygt og godt barnehage- og skulemiljø som fremjar helse, inkludering, trivsel og læring.

Styringsparametrar

- utvikling i trivsel og tilhøyrse
- utvikling i urovekkjande fråvær
- det førebyggjande arbeidet til sektorane

Resultatkrav 2025

- fleire barn og elevar trivst i barnehage, SFO og på skule
- oppfølging av oppdrag som er knytte til tiltak i Meld. St. 34 (2023–2024) *En mer praktisk skole*
- oppfølging av statsforvaltarane for å styrkje arbeidet til skuleeigarane med skulemiljø og å redusere saksbehandlingstid i handhevingsordninga
- auka kunnskap om korleis aktivitetsplikta fungerer i barnehagar og skular

Tryggleik og trivsel er grunnleggjande vilkår for at barn og elevar skal kunne leike, lære, utvikle seg og delta aktivt i barnehage, SFO og skule. Kunnskapsgrunnlaget vårt viser at det store fleirtalet av barn og elevar trivst godt, noko som er avgjerande for både læringsutbytte og deltaking. Samtidig er det variasjonar i kor godt barnehagar og skular lykkast med å skape trygge, inkluderande miljø. Vi veit at for å byggje og halde ved like eit trygt og godt barnehage- og skulemiljø må arbeidet vere langsiktig og systematisk.

Erfaringar frå Læringsmiljøprosjektet og frå skular som er nominerte til Dronning Sonjas skulepris, viser at kontinuerleg arbeid for eit trygt og godt miljø og reell inkludering verkar i barnehagar og skular. Effekten kjem når innsatsen er målretta og tydeleg, og når heile profesjonen arbeider systematisk med relasjonar, deltaking og barn og elevar sin medverknad i kvardagen. Vi ser at sektoren blir stadig meir bevisst på verdien av kulturbygging. Samtidig viser tilbakemeldingar frå statsforvaltarane at barnehagar og skular ønskjer tydelegare styringssignal og støtteverktøy i det langsiktige forbetningsarbeidet sitt.

Urovekkjande fråvær hos elevar kan gå ut over fagleg og sosial utvikling og ha konsekvensar for eleven både på kort og lang sikt. Og tal viser⁶⁰ at fråværet i skulen aukar på både time- og dagsnivå. For å løyse dette trengst det systematisk oppfølging av eleven frå første fråværsdag og eit tettare

⁶⁰ Udir, [Fravær på 10.trinn for skoleåret 2023-24](#).

samarbeid i laget rundt barnet⁶¹. Udir har i 2025 utvikla rettleiing om fráværreglane, tydelege råd om oppfølging av urovekkjande skulefrávær og skal styrkje denne innsatsen ytterlegare i tida framover.

Trivsel i barnehage, SFO og skule

Kunnskapsoversikta *Barns trivsel i barnehagen*⁶² viser at fleirtalet av ungene har positive opplevingar i barnehagen, men omtrent eitt av ti barn seier at dei har negative erfaringar og mistrivst. Barn i sårbare posisjonar, til dømes barn med særskilde behov og barn frå språklege minoritetar, blir det peika på i kunnskapsoversikta at kan vere i ein dobbel utsett posisjon. Etter vår vurdering understrekar desse funna behovet for målretta tiltak som styrkjer relasjonar, språkstøtte og deltaking i fellesskapen, og dessutan jamleg etterspørjing av barna sine egne erfaringar som ein integrert del av kvalitetsarbeidet.

Retten til eit trygt og godt miljø gjeld heile skuledagen, også i SFO. Forsking⁶³ viser at relasjonar av høg kvalitet mellom tilsette og barn, og mellom ungene, er ein nøkkelfaktor for å førebyggje mistrivsel, mobbing og utanforskap. Samtidig viser både sektor erfaringar og tilsynsdata at SFO ofte ikkje blir inkludert systematisk i det heilskaplege arbeidet til skulen med trygt og godt skulemiljø. Evalueringa av innføringa av rammeplanen for SFO⁶⁴ viser at for mange skular og SFO-ar strevar med å samarbeide om ein heilskapleg skulekvardag for ungene. Dermed blir ikkje SFO utnytta som den viktige førebyggingsarenaen det kan vere.

Elevundersøkinga 2025⁶⁵ viser ei utvikling i positiv retning på fleire sentrale indikatorar. Prosentdelen elevar som rapporterer mobbing har gått ned samanlikna med dei tre tidlegare åra, til nivå på om lag 11 prosent på 7. trinn, 10 prosent på 10. trinn og 6 prosent på vg1.


⁶¹ Udir, [Slik kan skolen håndtere bekymringsfullt fravær](#).

⁶² Læringsmiljøsentret, [Barns trivsel i barnehagen. En kunnskapsoversikt](#).


⁶³ Universitetet i Stavanger, [Trygt og godt miljø i barnehage, skole og SFO](#).

⁶⁴ NTNU samfunnsforskning, [Innføring av rammeplan i SFO: Sluttrapport fra evalueringen av de første årene med rammeplan](#).

⁶⁵ Udir, [Elevundersøkelsen](#).



Biletet av trivsel er samtidig generelt godt og i betring; prosentdelen som melder om høg trivsel, har auka med om lag eitt prosentpoeng på alle trinn frå i fjor. På vg1 svarer 89 prosent at dei trivst, på 7. trinn 85 prosent og på 10. trinn 83 prosent.



Det er verdt å merkje seg at ein stor del elevar som rapporterer mobbing, likevel seier at dei trivst, særleg på 7. trinn og vg1.

Støtte frå læraren er ei viktig drivkraft for både trivsel og læringsmotivasjon. Derfor er det positivt at opplevinga til elevane av støtte frå læraren i 2025 har auka på alle trinn samanlikna med 2024 og 2023. Etter fleire år med fallande motivasjon ser vi dessutan ei moderat, men positiv vending. På 10. trinn aukar prosentdelen elevar som er interesserte i å lære, med om lag tre prosentpoeng, og på vg1 med om lag to prosentpoeng. På 7. trinn er det ein liten nedgang, men totalbiletet er i betring.

Elevar på yrkesfag rapporterer i langt større grad enn elevar på studieførebuande at dei liker skularbeidet.⁶⁶

Kompetansetiltak og utvikling av nytt kunnskapsgrunnlag

Læringsmiljøprosjektet⁶⁷ har i 2025 framleis som eit sentralt tiltak for å styrkje arbeidet med trygge og gode barnehage- og skulemiljø. Prosjektet skal bidra med rettleiing og kompetanseutvikling til tilsette, leiarar og eigarar i både barnehagar og skular. I 2025 har 27 barnehagar og 27 skular i 16 kommunar starta i ein ny pulje, samtidig som dei 30 skulane og 27 barnehagane som starta i 2024, fører vidare arbeidet fram til 2026. Parallelt er rekrutteringa til ein ny pulje med oppstart våren 2026 i gang. Deltakarane som starta i 2025, vil bli evaluerte av NTNU og Dronning Mauds minne for å sikre ei kunnskapsbasert vidareutvikling av prosjektet.

Arbeidet med Dembra har halde fram, med særleg vekt på førebygging av gruppefiendskap og ekstremisme, og hausten 2025 starta utviklinga av eit eige Dembra-tilbod for barnehage. I 2025 blei det sett i gang ei evaluering av Dembra som blir avslutta i 2027.


I OB2025-10 – *Utvikle en ny skulemiljøundersøking* har vi fått i oppdrag å starte utviklinga av konsept for ei ny skulemiljøundersøking. Undersøkinga skal støtte arbeidet med skulemiljøet til elevane og på sikt erstatte Elevundersøkinga. I april leverte vi ein overordna plan for arbeidet med å utvikle ei ny undersøking, der vi omtalte sentrale utgreiingsspørsmål og vegval, overordna framdriftsplan og overslag over kostnader. Udir skal utvikle eit konsept for undersøkinga og ein plan for overgangen frå Elevundersøkinga til ei ny undersøking. Fleire omsyn må takast for å få til formålstenleg innretning på den nye undersøkinga. Mellom anna blir det viktig å få til god nok informasjonsinnhenting innanfor personvernregelverket. Undersøkinga må også sjåast i samheng med andre verktøy i kvalitetsutviklingssystemet, som læringsstøttande prøver. Eit godt avgjerdsgrunnlag er viktig for å få eit godt resultat, og gjennom prosessen vil vi hente innsikt frå fleire aktørar, både elevar, lærarar, skuleeigarar og fagmiljø. Vi vurderer at tiltaka samla sett vil bidra til at skulane kan jobbe meir målretta med å førebyggje og følgje opp skulemiljøet til elevane.

Fråvær

Fråværet er aukande både i grunnskulen og i vidaregåande opplæring. Trenden er at fleire elevar har høgt fråvær og færre har lågt, og både time- og dagsfråværet stig. I vidaregåande er gjennomsnittet no rundt fem fråværsdagar og 20 timar, omtrent éin dag og éin time meir enn i fjor. Om lag 11 prosent av elevane har fråvær på 20 dagar eller meir. På 10. trinn ligg gjennomsnittet på rundt ni dagar og åtte timar, og også her er det auke. Jentene har meir fråvær enn gutane, og geografiske forskjellar er tydelege.

⁶⁶ Udir, [Elevundersøkelsen 2025](#).

⁶⁷ Udir, [Læringsmiljøprosjektet](#).



Opplæringslova avklarar at kommunen og fylkeskommunen har ansvar for å følgje opp frávær frå første dag. Nærvær på skulen er avgjerande både for læringa til elevane, for at dei skal få den opplæringa dei har krav på, og for den sosiale utviklinga deira. Det er derfor nødvendig både å arbeide førebyggjande med frávær og å sikre at elevar med urovekkjande frávær får rask og god hjelp og oppfølging. Dette krev eit tett tverrfagleg samarbeid mellom skulen, PP-tenesta, skulehelsetenesta og andre relevante tenester.

Vi har utvikla kunnskapsbaserte råd⁶⁸ for handtering av urovekkjande frávær og formidlar dei gjennom ulike kanalar for å nå ut til alle som jobbar med barn og unge. Saman med Bufdir, Helsedirektoratet, Statped og FHI utviklar vi no nasjonale faglege retningslinjer for førebygging og oppfølging av frávær. Formålet med retningslinjene er å gi tilsette i skulen, PP-tenesta og skuleeigarar tydelege faglege oppfordringar om korleis frávær kan førebyggjast, og korleis elevar med urovekkjande skulefrávær best kan følgjast opp.

Oppmodingane er også relevante for tilsette i skulehelsetenesta og andre tenester for barn og unge, som barnevernstenesta, oppfølgingstenesta, Nav, fastlegar og spesialisthelsetenesta. Retningslinjene skal samtidig støtte kommunar og fylkeskommunar i rolla som tenesteutøvarar, og gi foreldre og elevar betre oversikt over kva dei kan forvente av oppfølging og samarbeid. Det er planlagt at retningslinjene skal sendast på høyring 31. mai 2026. Dei skal følgjeevaluerast, og det skal utviklast eigne støtteressursar.

For å kunne utvikle meir treffsikre tiltak vil vi forbetre datagrunnlaget. Dette blir mellom anna gjort gjennom arbeidet med å utvikle individregister for barnehage og skule, noko som vil gi oss betre nasjonale fráværdata.

⁶⁸ Udir, [Frávær i skolen](#).

Styrking av lokalt arbeid med trygt og godt barnehage- og skulemiljø

I 2025 har Udir følgt opp Meld. St. 34 (2023–2024) *En mer praktisk skole* gjennom strategisk utviklingsarbeid, økonomiske verkemiddel og målretta kompetansestøtte. Vi har bidrege i arbeidet med utviklinga av nasjonal strategi for barnehage- og skulemiljø, som byggjer på gjeldande regelverk, tilsynserfaringar og forskning, mellom anna kunnskapsoppssummeringar frå Udir og funn frå Elevundersøkinga.

For å styrkje arbeidet i kommunane med skulemiljø er det etablert ei tilskotsordning for kommunar med særskilde utfordringar. 63 kommunar har fått totalt 45 millionar kroner til etablering eller styrking av skulemiljøteam, midlar som også kan nyttast til førebyggjande arbeid i barnehagar. Tilskotet bidreg til lokal kapasitetsbygging og betre systematisk arbeid med førebygging.

Vidare er det tildelt 80 millionar kroner til 11 bykommunar for å etablere eller styrkje tverrsektorielle beredskapsteam mot barne- og ungdomskriminalitet og utrygge skulemiljø. Teama skal sikre heilskapleg innsats i samarbeid mellom skule, barnevern, politi og andre tenester.

Mobbeombodsordninga er ført vidare med 9 millionar kroner i delfinansiering og 1 million til fagleg oppfølging. Omboda gir støtte og bidrag med låg terskel for at retten til eit trygt psykososialt miljø for barn og elevar blir teken hand om. I Meld. St. 34 *En mer praktisk skole* varslar regjeringa at ho vil gjere endringar i mobbeombodsordninga. Udir vil følgje opp desse endringane når dei blir innførte.

Rapporten *Et jevnere utdanningsløp* viser mellom anna⁶⁹ verdien av relasjonskompetanse, systematisk førebygging og tydelege samarbeidsstruktur. Skulemiljøteam og beredskapsteam styrkjer handlingsrommet til kommunane i krevjande situasjonar, mens mobbeomboda gir uavhengig rettleiing knytt til rettane og klagemoglegheitene til elevane.

Samtidig ser vi utfordringar som kan påverke måloppnåinga. Føreseieleg finansiering er avgjerande for å sikre langsiktig kapasitet og for å behalde nødvendig kompetanse lokalt. Ein pressa kommuneøkonomi kan føre til at roller som miljøarbeidarar og sosiallærarar blir nedprioriterte, noko som kan svekkje moglegheita til å byggje gode lag rundt barnet.

Vi har bidrege til å auke kunnskapen om aktivitetsplikta i sektoren gjennom tilpassa innhald på udir.no. Dette koplar regelverk tettare til praksis. Vi har også utvikla kunnskapsbaserte råd om kva barnehagar⁷⁰ og skular kan gjere når eit barn ikkje har det trygt og godt, som støtte til tilsette. Desse er spreidde til tilsette og leiarar i skular via ulike kanalar.

Vi vurderer at rettleiing, kompetanseutvikling og kunnskapsbaserte råd samla sett styrkjer evna sektoren har til å skape trygge, gode og inkluderande barnehage- og skulemiljø⁷¹. Dette er tiltak som gir konkrete verktoy for å omsetje forskings- og regelverkskrav i relevant praksis. Tilskotsordningar og mobbeombod bidreg til å byggje kapasitet i kommunane og gi støtte til barn og foreldre, mens

⁶⁹ Kunnskapsdepartementet, [Rapport: Et jevnere utdanningsløp](#)

⁷⁰ Udir, [Barnehagemiljø](#).

⁷¹ Udir, [Skulemiljø](#).

oppfølginga av statsforvaltarane sikrar at handhevingsordninga fungerer etter intensjonen. For å sikre varig effekt er det behov for at kommunane og fylka blir støtta vidare i implementering og kompetanseutvikling.

Handhevingsordninga

Formålet med handhevingsordninga er å sikre at elevar og foreldre har høve til å få saka si vurdert utanfor skulen. Forsking viser⁷² at tidleg og kvalitetssikra intervensjon er avgjerande for å førebyggje langvarige konsekvensar av mobbing og utrygge skulemiljø. Statsforvaltarane har over tid systematisk jobba med å få ned saksbehandlingstida i desse sakene. Tertialrapporteringa per 31. august viser ein svak nedgang i talet på melde saker og redusert saksbehandlingstid.

Sjølv om saksbehandlingstida er redusert, er det framleis behov for å jobbe med kvaliteten i sakene. I 2025 har Udir gjennomført fleire tiltak for å styrkje kompetansen til statsforvaltarane og praksis i handhevingsordninga. Sjølv om det er ein svak nedgang i innkomne saker, rapporterer embeta at sakene no er meir komplekse og samansette. Etter vår vurdering har Udir og tiltaka til embeta i 2024 og 2025 bidrege til raskare, betre kvalitet og ein litt meir einskapleg praksis nasjonalt.

Vidare arbeid med trygge og gode barnehage- og skulemiljø

Det store fleirtalet av barn og elevar trivst i barnehagen og på skulen, og vi ser teikn til at den negative utviklinga i trivsel og mobbing vi har sett dei siste åra, er i ferd med å snu. Dette er ei positiv utvikling som Udir skal støtte opp om. Framover vil vi styrkje arbeidet med å sikre at alle barn og elevar har eit trygt og godt barnehage- og skulemiljø. Vi vil leggje større vekt på heilskapleg og førebyggjande praksis, med mål om å fremje trivsel, tilhøyrse og læring. Udir vil framleis støtte barnehagar, skular, og kommunar som jobbar for eit trygt og godt miljø, og som treng rettleiing og bistand, mellom anna gjennom Læringsmiljøprosjektet. Vi vil også prioritere arbeidet med å styrkje forståinga og etterlevinga av regelverket om barnehagemiljø, særleg aktivitetsplikta, slik at barn får tidleg og god hjelp når utrygge situasjonar oppstår. Samtidig vil vi vidareutvikle kunnskapsformidlinga til heile sektoren, slik at barnehagar, SFO og skular får enklare tilgang til kunnskapsbaserte råd, praktiske døme og støtteverktøy som kan brukast i ein travel kvardag. Det blir avgjerande å tenkje breitt om kanalar og tiltak for å nå ut til heile målgruppa, og å følgje opp med måling av effekt og bruk av støtta.

Arbeidet med å utvikle nasjonale faglege retningslinjer for førebygging og oppfølging av skulefråvær blir sentralt i 2026. Retningslinjene skal gi kommunar og fylkeskommunar eit tydeleg og heilskapleg grunnlag for å følgje opp elevar med urovekkjande fråvær og bidra til meir systematisk tidleg innsats og tettare samarbeid mellom skule, heim og hjelpetenester.

Vegen vidare handlar om å utvikle eit heilskapleg og førebyggjande barnehage- og skulemiljøarbeid, der kunnskapsgrunnlag, regelverk, støtte og lokal kapasitet blir kopla tettare saman. Målet er at barn og elevar skal møte trygge og inkluderande miljø, i barnehagen, gjennom heile skuledagen og i heile opplæringsløpet.

⁷² NTNU samfunnsforskning, [Elevundersøkelsen 2024 Analyse av Elevundersøkelsen skoleåret 2024/25](#).

Mål 4 – likeverdige barnehage- og opplæringstilbud

Målet handlar om den innsatsen Udir gjer for å oppnå likeverdig kvalitet i barnehagar og opplæringstilbud på tvers av geografiske og andre skiljelinjer.

Styringsparametrar

- differensiering av støtte og verktøy frå Udir
- støtte til systematisk og dialogbasert arbeid med kvalitet i kommunane
- bruken av nasjonale fellesløyningar og standardar i sektoren
- utjamning av forskjellar i resultat mellom elevgrupper

Resultatkrav 2025

- evaluering av innføringa av ny opplæringslov og støtte til sektoren i innføring av lova
- auka kunnskap om regelverksetterleving og tilsyn i barnehagesektoren
- auka kunnskap om kva behov sektoren har for støtte frå Udir
- vidareutvikling av arbeidet med å formidle tydelege og kunnskapsbaserte råd til sektoren

Som vi har rapportert tidlegare, mellom anna i årsrapport for Udir 2024 er vi urolege for at målet om likeverdige tilbud i heile landet blir utfordra av at kommunane har ulik kapasitet og tilgang til kompetanse. Dette ser ein også av Generalistkommuneutvalets rapport frå 2023. Her blir mellom anna trong økonomi trekt fram som eit hinder for å halde oppe og vidareutvikle eit barnehage- og opplæringstilbud av likeverdig kvalitet i mange kommunar⁷³. Dette er eit bilete som også blir stadfesta av forskning⁷⁴.

På bakgrunn av dette har vi i år ytterlegare forsterka arbeidet med å tilpasse verkemidla våre og forenkle kommunikasjonen vår, for å bidra til å nå målet om likeverdige barnehage- og opplæringstilbud i heile landet. Vår erfaring er at for å treffe målgruppene betre må verkemidla i større grad differensierast, vere heilskapleg utforma og ta omsyn til lokale føresetnader, samtidig som dei er enkle å bruke og fungerer godt saman.

Tilbakemeldingar frå sektoren og frå statsforvaltarane peikar også på at det er vesentlege og strukturelle hindringar for å få til likeverdige barnehage- og opplæringstilbud. Meir differensiert

⁷³ NOU 2023:9 [Generalistkommunesystemet. Likt ansvar – ulike forutsetningar.](#)

⁷⁴ NTNU samfunnsforskning, [Lovendringer møter kommunal hverdag. Delrapport 2 frå evaluering av endringar i velferdstenestelovene.](#)

NTNU samfunnsforskning, [Bedre tjenester til barn og unge med sammensatte behov? Delrapport 1.](#)

støtte vil krevje innsats frå fleire, og det er behov for å jobbe med korleis roller, finansiering og ansvar skal løysast på tvers av sektororganiseringa både på kommunalt og statleg nivå.

Innføring av ny opplæringslov

Regelverket er eit av dei viktigaste verkemidla våre, og i 2025 har vi prioritert arbeidet med å støtte innføringa av opplæringslova gjennom fleire ulike tiltak og støtteressursar. Vi har halde dialogsamlingar om retten til å fullføre vidaregåande opplæring tre ulike stader i landet. Målgruppa for samlingane var både statsforvaltarar, fylkeskommunar, PPT, lærarorganisasjonar og elevar. Dei skriftlege og munnlege tilbakemeldingane frå deltakarane var svært positive, særleg frå fylkeskommunane, som jamt over melder om mindre kontakt med både statsforvaltaren og Udir enn kommunane.

NIFU og NTNU gjennomfører ei evaluering av innføringa av opplæringslova, og første delrapport⁷⁵ kom hausten 2025. Blant hovudfunna i rapporten var at innføringa har teke mykje tid og ressursar, men at det er stor kjennskap til lova i sektoren. Dette er positive signal for innføringsarbeidet både sentralt og lokalt, og vi vurderer at støttearbeidet vårt har vore ein viktig bidragsfaktor for dette.

Samtidig viser evalueringa at fleire delar av opplæringslova framleis blir oppfatta som komplekse å setje seg inn i og tolke, særleg for skuleeigarar og skuleleiarar. Sjølv om det primært er gjort små endringar i lova, viser evalueringa at det som er meint som små endringar, kan oppfattast som større endringar i praksis. Regelverket om individuell tilrettelegging og skulemiljø blir særleg trekt fram som utfordrande. Dette blir også støtta av andre funn om situasjonen i sektoren, mellom anna i dialogen med statsforvaltarane. I 2025 har vi prioritert desse områda, i tillegg til særskild språkopplæring og retten til å fullføre vidaregåande opplæring, inkludert realkompetansevurdering. Desse områda blir omtalte nærmare under mål 2.

Evalueringa viser at statsforvaltarane er ein viktig ressurs, særleg for kommunane. Ettersom vi fekk gode tilbakemeldingar på effekten av midlane som blei tildelte statsforvaltarane i 2024, har vi også i 2025 tildelt embeta midlar slik at dei i større grad kan støtte dei lokale behova for kompetanseheving i sektoren.

Evalueringa frå NIFU og NTNU viser at udir.no er ei føretrekt informasjonskjelde for informasjon om opplæringslova. Ho viser også at både kommunar, fylkeskommunar og rektorar bruker rundskriv, rettleiarar og artiklar aktivt. Tala våre viser at rettleiinga om tilpassa opplæring og individuell tilrettelegging⁷⁶ og rundskrivet om fraværsgrensa⁷⁷ har vore spesielt mykje besøkte i 2025. I løpet av året publiserte vi over 20 nye og reviderte rettleiingar, rundskriv og artiklar.

I forkant av skulestart publiserte og spreidde vi fleire filmar med foredrag som går i djupna av enkelte tema som regelstruktur på opplæringsområdet. Målgruppene var primært statsforvaltarar, fylkeskommunar og kommunar og universitet og høgskular. Sjøårtal og

⁷⁵ NIFU, [Ny opplæringslov i praksis. Rapport 2025:24 Delrapport 1. Erfaringer fra første implementeringsår.](#)

⁷⁶ Udir, [Veileder om tilpasset opplæring og individuell tilrettelegging.](#)

⁷⁷ Udir, [Rundskriv om fraværsgrensen.](#)

innsikt viser at dei mest sette filmane handlar om reglane om skulemiljø, førebygging og fysisk innblanding.

Vi vurderer at det framover er særleg behov for tiltak som kan støtte kommunar med låg kapasitet og kompetanse. Døme på dette kan vere sjekklister og digitalisering av malar. Vi vil også vurdere om det bør utarbeidast pedagogisk støttemateriell om reglane om fysisk innblanding med tilsette i skulen som målgruppe, i tillegg til å spreie informasjon og støtte frå andre. Vi vil vidare følgje opp funna i den første delrapporten frå evalueringa av innføringa av opplæringslova.

Regelverksetterleving og tilsyn i barnehagesektoren

Regjeringa har som mål at alle barn skal ha tilgang til eit likeverdig barnehagetilbod av høg kvalitet. Vi har kunnskap i dag som tyder på at kvaliteten mellom barnehagetilboda varierer, avhengig av mellom anna prioriteringane og kompetansen til kommunen og barnehageeigaren.⁷⁸ Gjennom dialogen med statsforvaltarane får vi også stadfesta at det er stor variasjon i barnehagetilbodet på tvers av og internt i kommunar.

Etableringa av avdelinga har vidare styrkt arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap gjennom ei tydelegare plassering av oppgåver og ansvar. Det er også gjennomført ei omfattande kartlegging av korleis Udir arbeider med samfunnstryggleik, nasjonal tryggleik og informasjonstrygglek, både internt, mot sektoren og som skuleeigar. Kartlegginga resulterte i ein plan for vidare utviklingstiltak. Det er skildra nærmare nedanfor.

Styrkt skuleeigarrolle

I 2025 blei det etablert ei avdeling for samisk i grunnopplæringa. Avdelinga er lokalisert i Tromsø og skal sikre nærleik til dei samiske opplæringsinstitusjonane og styrkje skuleeigarrolla til Udir. Det blei tilsett ein avdelingsdirektør som skal byggje opp avdelinga framover. Arbeidet med tryggleik og beredskap i skuleeigarrolla er særleg prioritert. I 2025 har dette resultert i ei spissing av måla i tildelingsbrevet for å auke merksemda rundt tryggleik og beredskap, og vi vil prioritere dette i rettleiinga i 2026.

Tilsyn

Udir har ansvaret for å føre tilsyn med 2 748 private barnehagar og 388 private skular. Dei private barnehagane får ca. 27 milliardar kroner i tilskot og foreldrebetaling. Dei private skulane som Utdanningsdirektoratet har økonomisk tilsynsansvar for, får 7,6 milliardar kroner i tilskot. Desse midlane skal komme ungene og elevane til gode. Dei økonomiske tilsyna frå Udir er eit viktig verkemiddel for å sikre dette. Vidare fører Udir tilsyn med at dei private skulane etterlever opplæringslova.

Riksrevisjonen publiserte hausten 2025 ein rapport som kritiserte Udir for ikkje å ha rutinar for vurdering av det samla risikonivået for utval av tilsynsobjekt og at det ikkje blir ført mange nok tilsyn med at midlane kjem barn og elevar til gode. Vi fekk også kritikk for at det blir gitt for lite rettleiing om krav for bruk av offentlege tilskot til private skular. Vi tek konklusjonane i rapporten på alvor og vil i 2026 vurdere nødvendige forbetringar.

Tilsynsaktivitetane til Udir blir omtalte nærmare i eigne vedlegg.

Tilskotsforvaltning og -kontroll

Tilskotsordningane vi forvaltar, skal bidra til å nå måla om trygge, gode og likeverdige barnehage- og opplæringstilbod og gode lag rundt barn og elevar. Ordningane har tydelege mål, kriterium for måloppnåing og krav til rapportering, i tråd med reglement og føresegner for økonomistyring i staten. Vi hentar inn og analyserer resultatinformasjon for å vurdere om tilskota bidreg til måloppnåing. Dette gjer vi gjennom mål- og resultatrapportering frå tilskotsmottakarane, stikkprøver, bruk av offentlig statistikk, evalueringar, resultatindikatorar og porteføljeverdning. Vi vurderer styring og kontroll av tilskotsforvaltninga gjennom risikobasert oppfølging og eit etablert internkontrollsystem.

Effektane av tilskota på sektoren blir analyserte gjennom systematiske vurderingar av resultat, måloppnåing og sektorutvikling. Denne heilskapen bidreg til at tilskotsmidlane blir forvalta effektivt, sikkert og i tråd med formålet.

Tilskotsforvaltninga og -kontrollen til Udir blir omtalt nærmare i eige vedlegg.

IT-styring

Udir har stor breidd i IT-porteføljen sin. For å sikre god forvaltning og utvikling av IT-systema kjøper vi tenester frå eksterne konsulentar. I 2025 har vi særleg jobba med å forbetre avtaleoppfølginga for å ytterlegare sikre at tenestene vi kjøper, er i tråd med avtalt volum og dokumentasjonskrav. Vidare har vi standardisert drifts- og plattformtenester og innført nytt verktøy for risikovurderingar av IT-system. Dei siste åra er det etablert fleire tverrfaglege team for å samle kompetansetypar innanfor ulike område av IT-forvaltning og -utvikling. Vi har også innført ein felles modell for IT-styring som skal gi støtte og felles prosessar for dei ulike systemeigarane. Vi vurderer at dette bidreg til ei meir heilskapleg IT-styring, mellom anna ved å standardisere roller og ansvar for forvaltning og utvikling.

Dei siste åra har systemporteføljen auka, og vi forvaltar 30 eigenutvikla IT-system som blir nytta av sektor. Det vil seie at behovet for vedlikehald og vidareutvikling er vesentleg, og medfører at vi er avhengige av eksterne konsulentar for å sikre dette. Det representerer ei utfordring, med tanke på føringa om å redusere konsulentbruk. Vi vurderer at det aller viktigaste er å sikre stabile og trygge tenester, og at dette forsvarer konsulentbruken. Vi vil vurdere om Udir bør planleggje for å ha meir IT-kompetanse innomhus. Dette har vi innleidd dialog med KD om i 2025.

Innføring av statlege rekneskapsstandardar

Frå og med 1. januar 2026 følgjer Udir statlege rekneskapsstandardar (SRS), og i 2025 har vi gjennomført nødvendige førebuingar. Dei samiske verksemdene har fått utsett frist og skal følgje ¹⁰⁶dei statlege rekneskapsstandardane frå og med 1. mars 2027. Etter kvart som dei nye rutineane er på plass, vil vi vurdere korleis vi kan utvikle innhenting og bruk av styringsinformasjon basert på moglegheitene i SRS.

Rettsferdsvederlag – fleire og meir komplekse søknader

Rettsferdsvederlag er ei oppreisingsordning frå Stortinget som skal gi økonomisk oppreising for skade eller ulempe som det offentlege kan klandrast for. Det er Statens sivilrettsforvaltning som koordinerer arbeidet for Stortinget og Udir behandlar søknader som gjeld opplæringsområdet.

Vi ser ei utvikling av innhald og omfang i sakene vi får. Sakene har dei siste åra blir meir komplekse, og søknadstalet har auka. Frå 2018 til 2024 hadde vi ein jamn auke frå 212 søknader i 2018 til 278 søknader i 2024. I 2025 har vi sett ein stor auke av søknader. Vi registrerte 424 søknader i 2025.

¹⁰⁶ Stortinget, [Representantforslag om å sikre barn som har vært utsatt for svikt av det offentlige lik tilgang på erstatninger uavhengig av hvilken kommune de bor i.](#)

Vi veit ikkje sikkert kva som er grunnen til den auka søknadsmengda, men meiner det kan ha samanheng med at borgarane i samfunnet er betre kjende med rettane sine generelt, og at ordninga er betre kjend etter tiltak frå sivilrettsforvaltninga (oppfølging av vedtak i Stortinget).¹⁰⁷

Vi vurderer at det er sannsynleg at talet på søknader, og kompleksiteten i dei vil auke i åra framover. Dette aukar risikoen for auka behandlingstid og auka etterslep. Vi har sett i gang eit utforskande KI-prosjekt for å vurdere moglegheiter for bruk av KI på delar av behandlingsprosessen. Dette arbeidet held fram i 2026, og vi vil ha dialog med sivilrettsforvaltninga og andre direktorat som behandlar søknader om rettferdsvederlag i prosessen.

Rapportering på fellesføringar

Konsulentbruk

Vi har i 2025 kartlagt område der det ligg til rette for å utvikle eigen kompetanse framfor å kjøpe konsulenttenester. Gjennomgangen viser at vi i hovudsak kjøper konsulenttenester til innhaldsproduksjon for å utvikle støtte og rettleiingsressursar, og utvikling og forvaltning av IT-systema.

Vi vurderer at det vil vere effektivt å utvikle eigen kompetanse til arbeid med innhald til dei ulike kanalane våre, kampanjar, webinar, foto og film. Gevinstane vil vere både økonomiske og kvalitative, fordi det vil sikre ein betre heilskap og samanheng ut mot målgruppene våre. I 2025 starta vi arbeidet med å gjennomføre nødvendige organisatoriske og administrative grep for å setje verksemda i stand å sjølv i større grad utvikle og produsere innhald tilpassa ulike målgrupper, format og kanalar.

Vidare vurderer vi at det kan vere formålstenleg å utvikle kompetanse innomhus knytt til teknologival, arkitektur og produktleiiing for systemporteføljen vår. Samtidig er det fleire faktorar som må vurderast før vi tek stilling til kva slags fagmiljø Udir bør byggje internt. Vi vil derfor i året som kjem utarbeide ein strategi for IT-kompetanse.

Vi har i arbeidet med å redusere konsulentbruken hatt ein tett og god dialog med departementet.

Utdanningsdirektoratet kjøpte konsulenttenester for 208,6 millionar kroner i 2025, ein nedgang på 1,4 millionar kroner frå 2024. Konsulentdelen av samla driftsutgifter til Utdanningsdirektoratet, på alle kapittel og postar i 2025, var på 16,6 prosent. Dette var ein auke på 2,5 prosentpoeng samanlikna med året før, noko som kjem av ein nedgang i samla driftsutgifter frå 2024 til 2025.

¹⁰⁷ Stortinget, [Representantforslag om å sikre barn som har vært utsatt for svikt av det offentlige lik tilgang på erstatninger uavhengig av hvilken kommune de bor i.](#)

Tryggleik og beredskap

I tillegg til tildelingsbrev og verksemds- og økonomiinstruks ligg «Styringsdokument for arbeidet med sikkerhet og beredskap i Kunnskapsdepartementets sektor»¹⁰⁸ til grunn for arbeidet med samfunnstryggleik, nasjonal tryggleik, informasjonstryggleik og personvern i Udir.

I 2025 blei det oppretta ei ny avdeling for etatsstyring, samfunnstryggleik og beredskap i Udir. Etableringa av den nye avdelinga har styrkt arbeidet med tryggleik og beredskap og ført til at kartlegging og rapportering blir gjort heilskapleg på områda samfunnstryggleik, nasjonal tryggleik og informasjonstryggleik. Udir har innarbeidd fleire sentrale komponentar i tryggings- og beredskapsarbeidet, som leiingssystem for informasjonstryggleik, verksemd-ROS og beredskapsplanverk og kartlegging av verdjar.

Leiinga gjorde ein gjennomgang av status mot slutten av året og vedtok fleire tiltak for å utvikle og styrkje det heilskaplege arbeidet i tida som kjem.

I 2025 gjennomførte vi ei spørjing der alle vidaregåande skular og fylkeskommunar blei stilte spørsmål om dei har beredskapsplanar, og om dei gjennomfører øvingar. Kunnskapen frå spørjinga vil vi nytte i det vidare arbeidet vårt med å støtte sektoren i arbeidet med beredskap.

Tilsetjingar av personar med funksjonsnedsetjing og/eller frávær frå arbeid, utdanning eller opplæring

Utdanningsdirektoratet har rutinar for å avdekkje søkjarar med nedsett funksjonsevne eller høl i CV-en i søkjarmassen. Søkjarar som kjenner seg att i ein av desse kategoriane, kan krysse av for dette når dei søker på ei stilling i direktoratet. Vi kallar inn minst éin kvalifisert søkjar til intervju i kvar gruppe. Vi har også gjennomført ei rekkje tiltak med mål om å rekruttere eit større mangfald. Vi ser likevel at vi i liten grad lykkast med å tilsetje søkjarar frå desse målgruppene.

I 2025 var 54 av totalt 3 036 søkjarar personar med nedsett funksjonsevne. Ni av dei blei kalla inn til intervju, og mindre enn fem blei tilsette, som er fleire enn i 2024. 61 av søkjarane hadde høl i CV-en. Åtte av desse søkjarane var kvalifiserte og blei kalla inn til intervju, men ingen blei tilsette.

Redusere klimagassutslepp, naturfotavtrykk og energibruk

Verksemda til Udir er hovudsakleg kontorarbeid, med noko reiseverksemd. Arbeidet med å redusere klimagassutslepp, naturfotavtrykk og energibruk handlar derfor hovudsakleg om drift og vedlikehald av bygg, og dessutan vurderingar omkring behov for reise og konferanseaktivitet. Det ligg ikkje føre

¹⁰⁸ Kunnskapsdepartementet, Styringsdokument for arbeidet med sikkerhet og beredskap i Kunnskapsdepartementets sektor.

eit felles rammeverk for rapportering frå statlege verksemder på området. Vi vurderer at etablering av eit slikt felles rammeverk kan medverke til betre rapportering i stort og gi retning for arbeidet.

Offentlege innkjøp

Vi har i 2025 lyst ut og tildelt 20 ordinære konkurransar. Dette er éin meir enn i 2024. Statens innkjøpssenter tek seg av fleire fellesavtalar for staten, og vi bruker desse avtalane aktivt. Vi har fleire eigne rammeavtalar på område som ikkje blir dekte av statens innkjøpssenter og har køyrt 58 minikonkurransar i 2025. I 2024 var talet 75. Vår eigen rammeavtale på kurs og konferansetenester gjekk ut hausten 2024, og det er grunnen til at vi har færre minikonkurransar på eigne avtalar. Vi har gjennomført 83 minikonkurransar på rammeavtale om kurs- og konferansetenester i 2025.

Vi har i 2025 forbetra rutineane for å halde habilitetsreglane i heile innkjøpsprosessen, i førebuingssfasen, i sjølve gjennomføringa av innkjøpet og i kontraktssoppfølginga. På grunn av endringar i reglane om bruk av lærlingar har vi oppdatert rettleiinga og innkjøpsmalane for å halde dei nye krava der det er aktuelt.

Vi har interne retningslinjer for offentlege innkjøp som blir følgde opp i direktoratet.

Lærlingar

Direktoratet er knytt til opplæringskontoret OK stat og har som mål å ha åtte lærlingar i ulike lærefag. Dette er godt over målet i tildelingsbrevet, og eit relativt høgt nivå i statleg samanheng. Vi vurderer at dette ligg opp mot ei øvre grense for kva som er gjennomførbart med tanke på å kunne yte god og relevant opplæring og oppfølging.

I 2025 hadde direktoratet sju lærlingar. Det blei rekruttert fire nye lærlingar i tre ulike lærefag. Alle lærlingane fekk opplæring i lokala våre i Oslo i 2025. Det blir gjort ei årleg vurdering for rekruttering på dei andre stadene.

Direktoratet har godkjenning i fem ulike lærefag og blei i 2025 godkjent som lærebedrift i innhaldsproduksjon. Vi gir no opplæring i service- og administrasjonsfaget, IT-driftsfaget, IT-utviklarfaget (sett på pause til 2026), mediedesignfaget og innhaldsproduksjonsfaget.

Helse, miljø og sikkerheit

I Utdanningsdirektoratet blir det jobba systematisk med helse-, miljø- og sikkerheitsarbeid for å sikre eit godt arbeidsmiljø for alle tilsette. HMS-handboka vår legg til rette for at dette arbeidet blir handtert i samsvar med krav til lover og forskrifter og er tilgjengeleg for alle tilsette.

Måla våre for HMS-arbeidet i Udir 2025 var

- gode og inkluderande arbeidsfellesskapar
- trygge og funksjonelle arbeidsplassar
- god tryggingsskiltur og beredskap

Arbeidsmiljøutvalet (AMU) har medlemmer som representerer alle kontorstadene våre, og det har kvartalsvise møte.

Som ein del av det systematiske HMS-arbeidet og kartlegging av risiko for arbeidsmiljøet i direktoratet jobbar vi kontinuerleg med vår overordna risikovurdering for verksemda, i samarbeid med vernetenesta. Risikovurderinga og evaluering av tiltak blir følgt opp etter kvart.

For å sikre relevant og nødvendig HMS-opplæring for dei tilsette blei det gjennomført ulike faglege og sosiale HMS-aktivitetar ved alle kontorstadene til Udir. Det blei i tillegg gjennomført felles HMS-opplæring for AMU i desember 2025.

Sjukefråværet i direktoratet har dei siste åra vore noko høgare enn målet vårt på 5 prosent, sjølv om det blei noko redusert i 2025 samanlikna med 2024. Vi har derfor styrkt arbeidet med sjukefråværsoppfølging gjennom revidering av ei rettleiing og kurs i sjukefråværsoppfølging for alle mellomleiarar. I tillegg har vi revidert livsfasepolitikken vår. Dette og andre tiltak blir omtalte nærmare i vedlegg om arbeidet for likestilling og mangfald.

Vi starta også arbeidet med å revidere Akan-retningslinjene våre hausten 2025 og vil halde fram arbeidet i 2026.

Del V Framtidsutsikter

I fjor peika vi på fallande læringsresultat og tilbakegang i trivsel hos barn og unge som dei viktigaste prioriteringane til direktoratet i åra framover. Vi ser no nokre teikn til stabilisering og positiv utvikling, men biletet er framleis alvorleg. Derfor er det viktig å framleis halde fast ved innsatsen knytt til læringsresultat og trivsel.

Ei av dei største utfordringane er at stadig fleire elevar presterer på dei lågaste nivåa. Desse elevane møter ofte store barrierar seinare i opplæringsløpet, noko som aukar risikoen for at dei ikkje fullfører vidaregåande opplæring og får svakare tilknytning til arbeidslivet. I tillegg ser vi at forskjellane i læringsresultat mellom elevgrupper har auka. Desse utviklingstrekk handlar om meir enn skulekvardagen. Endringane må sjåast i lys av forhold både i skulen og utanfor skulen, som sosioøkonomiske forhold, auka bruk av sosiale medium, konsentrasjon og meir uro, helse og auka fråvær.

Å forbetre læringsresultata krev tidleg innsats og heilskapleg og systematisk arbeid over tid. Læring skjer i klasserommet og er avhengig av kompetansen til lærarane, tid, støtte og rammevilkår. Samtidig må statlege verkemiddel vere tydelege og enkle å ta i bruk. I tida framover vil vi arbeide målretta med å justere verkemidla våre. Vi vil mellom anna utvikle tydelege, praksisnære og kunnskapsbaserte støtteressursar. Det er også viktig å byggje vidare på den positive utviklinga i trivselen og skulemiljøet til elevane. Læring og trivsel forsterkar kvarandre.

Ein god barnehage er viktig for ein god barndom og for den vidare utviklinga til barna og læring. Derfor er det viktig med eit barnehagetilbod som held god kvalitet. Verkemidla til Udir handlar primært om å støtte barnehagane slik at dei kan jobbe godt innanfor dei rammene dei har. Dei viktigaste verkemidla våre for å bidra til dette er lovverk, rammeplan, utvikling og formidling av kunnskap, støtte og råd, tilskot, tilsyn og dessutan støtte til kompetanse- og kvalitetsutvikling.

Bemanning og rekruttering i sektoren vil framleis vere blant dei mest kritiske faktorane framover. TALIS-undersøkingane viser eit tydeleg behov for meir støtte til lærarar, pedagogar og andre tilsette. Kvalifisert personale og gode rammer for profesjonsutøving er nødvendige for å løfte kvaliteten i barnehagen og skulen. Direktoratet vil derfor prioritere tiltak som styrkjer kompetansen hos tilsette i barnehage og skule. Vi vil også vektleggje verkemiddel som avlastar, støttar og vidareutviklar profesjonane.

Kommunane har ulik kompetanse og kapasitet og derfor ulike føresetnader for å ta i bruk statlege verkemiddel. Derfor vil vi framleis tilpasse verkemidla våre i større grad, slik at dei er tilpassa behov, enkle å bruke og nyttige.

Den teknologiske utviklinga, særleg innanfor KI, stiller nye krav til skulen og utfordrar både læring, eksamenssystemet og vurderingspraksis. For å møte desse krava trengst det god digital kompetanse i sektoren. Digitalisering og personvern vil framleis vere viktige område. Vi må sikre at elevane utviklar god digital kompetanse, og at digitale løysingar blir brukte der dei gir pedagogisk verdi, samtidig som barn og elevar har eit trygt personvern. Dette inneber mellom anna utvikling av den nasjonale støttetjenesta for vurdering av personvern, informasjonstryggleik og universell

utforming. I tillegg arbeider vi med justeringar i læreplanane, der utvikling av digitale ferdigheiter blir sett i samanheng med lærings- og utviklingsbehovet til elevane. For å støtte dette vil også tilby ressursar som kan bidra til kompetanseheving i sektoren.

Arbeidet med å kvalitetssikre eksamen dei siste åra gir eit solid grunnlag, men risikoen knytt til gjennomføring av eksamen er framleis høg. I 2026 vil vi derfor greie ut fleire tiltak for å redusere kompleksitet og risiko ved dagens ordning og for å utvikle meir robuste og framtidsretta løysingar på lengre sikt.

Fullføringsreforma vil vere eit viktig arbeid i mange år framover. Ei stadig viktigare målgruppe er vaksne som treng vidaregåande opplæring for å bli kvalifiserte til arbeidslivet. Behovet for fleire fagarbeidarar i arbeidslivet forsterkar denne utviklinga. Modulisert opplæring, betre læringsstøtte og målretta karriererettleiing blir viktige satsingsområde. Etableringa av Nasjonalt senter for yrkesfag vil styrkje utviklinga av kvalitetsarbeid i fag- og yrkesopplæringa.

Direktoratet har gjort endringar i innretning av verkemiddel og tilpassa støtte basert på oppdatert kunnskap og innsikt. Vi vil halde fram med å utvikle kunnskapsgrunnlaget, analysane og innsikt i endå større grad slik at verkemidla blir tilpassa utfordringsbiletet.

Del VI Årsrekneskap

Leiingskommentar til årsrekneskapen

Formål

Utdanningsdirektoratet blei oppretta i 2004 og er underlagt Kunnskapsdepartementet. Utdanningsdirektoratet er eit ordinært statleg forvaltningsorgan som fører rekneskap i samsvar med kontantprinsippet, slik det går fram av prinsippnoten til årsrekneskapen.

Utdanningsdirektoratet skal bidra til å nå sektormåla for barnehagen og grunnopplæringa i Prop. 1 S (2024–2025) for KD. Det overordna målbiletet for barnehagen og grunnopplæringa skal danne grunnlag for prioriteringa av faglege mål og temaområde, og for utviklinga av nye tiltak og verkemiddel.

Utdanningsdirektoratet har etatsstyringsansvar for dei samiske vidaregåande skulane som gir opplæring etter opplæringslova. Styringsansvaret til Utdanningsdirektoratet inneber mellom anna å utarbeide styringsdokument, tildele midlar, sørgje for styringsdialog og vurdere måloppnåing.

Stadfesting

Årsrekneskapen er avlagd i samsvar med forskrifta bestemmelse om økonomistyring i staten, rundskriv R-115 frå Finansdepartementet og krav frå Kunnskapsdepartementet i verksemds- og økonomiinstruks for økonomiforvaltninga i Utdanningsdirektoratet. Vi meiner rekneskapen gir eit dekkjande bilete av Utdanningsdirektoratets disponible løyvingar, rekneskapsførte utgifter, inntekter, egedelar og gjeld.

Vurderingar av vesentlege forhold

Utdanningsdirektoratet har samla disponert tildelingar på utgiftssida på 17 113 millionar kroner. Etter fullmakt frå Finansdepartementet har vi utgiftsført betalt meirverdiavgift på kapittel 1633 Nettoordning statleg betalt meirverdiavgift, post 01 driftsutgifter med 118 millionar kroner.

Utgifter på 14 360 millionar kroner gjeld tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten.

Driftsutgifter som er rapporterte til løyvingerekneskapen, utgjer 1 255 millionar kroner. Av dette utgjer lønn og sosiale kostnader 31,5 prosent og andre utbetalingar til drift 68,5 prosent. Vi viser til note 2 og 3.

Utdanningsdirektoratet har totale inntekter rapportert til løyvingerekneskapen på 165,7 millionar kroner.

Oppstillinga av løyvinger rapporteringa viser ein del avvik mellom rekneskapsførte utgifter og samla tildeling, sjå kolonnen «Meirutgift (–) og mindreutgift». Dette har ei naturleg forklaring fordi dei vesentlege avvika kjem av tildelingar og fullmakter som er gitt til andre statlege verksemdar i samsvar med tildelingsbrevet frå Kunnskapsdepartementet.

I tillegg har det vore nokre mindre avvik mellom tildelte midlar på utgiftssida og rekneskapsførte utgifter, som går fram av note B. Utdanningsdirektoratet søker om overføringar innanfor 5-prosentregelen og med tilvising til stikkordet «kan overførast».

Vurderingar av endringar frå 2024 til 2025

Utdanningsdirektoratet hadde ein nedgang i andre utbetalingar til drift på 269 millionar kroner, tilsvarande 23,8 prosent frå 2024 til 2025. I all hovudsak gjaldt dette kjøp av studieplassar. Dette kjem hovudsakleg at frå haustsemesteret blei ein del midlar til studieplassar direkte tildelt UH-sektoren og ikkje lenger via Utdanningsdirektoratet. I tillegg blei det gjort ny vurdering om at midlar som gjekk til innkjøp av studieplassar, skulle handterast som tilskot og ikkje lenger som eitt kjøp.

Tilskotsforvaltninga og andre overføringar frå staten auka med 1 089 millionar kroner, altså 8,2 prosent, frå 2024 til 2025. Ein stor del av auken kjem av tilskot til private skular og då særleg private vidaregåande skular på grunn av auka satsar og auke i elevtal.

Tilleggsopplysningar

Riksrevisjonen er ekstern revisor og stadfestar årsrekneskapen for Utdanningsdirektoratet. Årsrekneskapen er ikkje ferdig revidert per dags dato, men revisjonsrapporten ligg etter alt å dømme føre i løpet av andre kvartal 2026. Rapporten er halden unna offentleg innsyn fram til Stortinget har fått Dokument 1 frå Riksrevisjonen, men vil bli publisert på udir.no så snart dokumentet er offentleg.

Oslo, 13.03.2026



Morten Rosenkvist
Utdanningsdirektoratet

Prinsippnote til årsrekneskapen

Årsrekneskapen for Utdanningsdirektoratet er utarbeidd og avlagd etter nærmare retningslinjer fastsett i forskrifta bestemmelse om økonomistyring i staten (føresegnene). Årsrekneskapen er i samsvar med krav i føresegnene punkt 3.4.1, i nærmare føresegner i Finansdepartementets rundskriv R-115 av november 2025 og eventuelle tilleggskrav som er fastsette av overordna departement.

Oppstillinga av løyingsrapporteringa og artskontorrapporteringa er utarbeidd med utgangspunkt i føresegnene punkt 3.4.2 – dei grunnleggjande prinsippa for årsrekneskapen:

- a. Rekneskapen følgjer kalenderåret.
- b. Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret.
- c. Rekneskapen er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet.
- d. Utgifter og inntekter er førte i rekneskapen med bruttobeløp.

Oppstillinga av løyings- og artskontorrapporteringa er utarbeidd etter dei same prinsippa, men gruppert etter ulike kontoplanar. Prinsippa samsvarer med krav i føresegnene punkt 3.5 til korleis verksemdene skal rapportere til statsrekneskapen. Sumlinja «Netto rapportert til løyingsrekneskapen» er lik i begge oppstillingane.

Utdanningsdirektoratet er knytt til konsernkontoordninga i Noregs Bank i samsvar med krav i føresegnene punkt 3.7.1. Bruttobudsjetterte verksemdar blir ikkje tilførte likviditet gjennom året, men har ein trekkrett på konsernkontoen sin. Ved årsslutt og overgang til nytt år blir saldoen på kvar enkelt oppgjerskonto nullstilt.

Løyingsrapporteringa

Oppstillinga av løyingsrapporteringa omfattar ein øvre del med løyingsrapporteringa og ein nedre del som viser beholdningar verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen.

Løyingsrapporteringa viser rekneskapstal som Utdanningsdirektoratet har rapportert til statsrekneskapen. Det blir stilt opp etter dei kapitla og postar i løyingsrekneskapen som Utdanningsdirektoratet har fullmakt til å disponere. Kolonnen «Samla tildeling» viser kva Utdanningsdirektoratet har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrevet for seg og underlagde verksemdar, for kvar kombinasjon av kapittel/post. Oppstillinga viser alle finansielle egedelar og forpliktingar Utdanningsdirektoratet står oppført med i kapitalrekneskapen til staten.

Mottekne fullmakter til å belaste kapittel/post hos ei anna verksemd (belastningsfullmakter) blir ikkje viste i kolonnen for «Samla tildeling», men er omtalt i note B til løyingsoppstillinga. Utgiftene til mottekne belastningsfullmakter er bokførte og rapporterte til statsrekneskapen, og er viste i kolonnen for «Rekneskap».

Avgitte belastningsfullmakter er inkluderte i kolonnen for «Samla tildeling», men blir ikkje bokførte og rapporterte til statsrekneskapen frå Utdanningsdirektoratet sjølv. Avgitte belastningsfullmakter blir bokførte og rapporterte av verksemda som har fått belastningsfullmakta, og blir derfor ikkje viste i kolonnen for «Rekneskap». Dei avgitte fullmaktene kjem fram i note B til løyingsoppstillinga.

Artskontorrapporteringa

Oppstillinga av artskontorrapporteringa har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemdar og ein nedre del som viser egedelar og gjeld som inngår i mellomvære med statskassen. Artskontorrapporteringa viser rekneskapstal Utdanningsdirektoratet har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan

for statlege verksemdar. Utdanningsdirektoratet har ein trekkrett på konsernkonto i Noregs Bank. Tildelingane er ikkje inntektsførte og derfor ikkje viste som inntekt i oppstillinga.

Rekneskapstal i løyving- og artskontorrapportering med notar viser rekneskapstal som er rapporterte til statsrekneskapen. I tillegg viser noten til artskontorrapporteringa «Samanheng mellom avrekning med statskassen og mellomvære med statskassen» bokførte tal frå kontospesifikasjonen til Utdanningsdirektoratet i kolonnen «Spesifisering av bokført avrekning med statskassen». Noter viser skilnaden mellom beløp Utdanningsdirektoratet har bokført på eigedels- og gjeldskontoar i kontospesifikasjonen til Utdanningsdirektoratet (medrekna saldo på kunde- og leverandørreskontro) og beløp Utdanningsdirektoratet har rapportert som fordringar og gjeld til statsrekneskapen, og som inngår i mellomværet med statskassen.

Utdanningsdirektoratet har innretta bokføringa slik at ho følgjer krava i forskrifta bestemmelser om økonomistyring i staten. Dette inneber at alle opplysningar om transaksjonar og andre rekneskapsmessige disposisjonar som er nødvendige for å utarbeide pliktig rekneskapsrapportering, jf. føresegnene punkt 3.3.2, og spesifisering av pliktig rekneskapsrapportering, jf. føresegnene punkt 4.4.3, er bokført. Føresegnene krev mellom anna utarbeiding av kundespesifisering og leverandørspesifisering. Dette medfører at sals- og kjøpstransaksjonar blir bokførte i kontospesifikasjonen på eit tidlegare tidspunkt enn dei blir rapporterte til statsrekneskapen, og inneber kundefordringar og leverandørgjeld i kontospesifikasjonen.

Oppstilling av løyvingrapportering for rekneskapsåret 2025

Utgifts-kapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst	Note	Samla tildeling	Rekneskap 2025	Meirutgift (-) og mindreutgift
0201	Analyse og kunnskapsgrunnlag	21	Spesielle driftsutgifter	A, B	400 000	395 021	4 979
0220	Utdanningsdirektoratet	01	Driftsutgifter	A, B	437 511 000	435 553 050	1 957 950
0220	Utdanningsdirektoratet	21	Spesielle driftsutgifter	A, B	280 622 000	266 748 226	13 873 774
0220	Utdanningsdirektoratet	70	Tilskot til læremiddel	A, B	90 027 000	90 030 749	-3 749
0222	Statlege skular og fjernundervisningstenester	01	Driftsutgifter	A, B	165 469 000	499 743	164 969 257
0222	Statlege skular og fjernundervisningstenester	45	Større utstyrsinnkjøp og vedlikehald	A, B	1 986 000		1 986 000
0224	Tilskot til freds- og menneskerettssenter	70	Freds- og menneskerettssenter	A, B	175 427 000	175 427 000	0
0225	Tiltak i grunnopplæringa	01	Driftsutgifter	A, B	29 791 000		29 791 000
0225	Tiltak i grunnopplæringa	21	Spesielle driftsutgifter	A, B	142 629 000		142 629 000
0225	Tiltak i grunnopplæringa	60	Tilskot til landslinjer	A, B	285 337 000	285 337 000	0
0225	Tiltak i grunnopplæringa	63	Tilskot til samisk i grunnopplæringa	A, B	104 853 000	99 051 676	5 801 324
0225	Tiltak i grunnopplæringa	64	Tilskot til opplæring av barn og unge som søker opphald i Noreg	A, B	240 860 000	240 552 568	307 432
0225	Tiltak i grunnopplæringa	66	Tilskot til skuleturar i samband med handlingsplan mot antisemittisme	A, B	17 595 000	17 545 185	49 815
0225	Tiltak i grunnopplæringa	67	Tilskot til opplæring i kvensk og finsk	A, B	8 827 000	874 470	7 952 530
0225	Tiltak i grunnopplæringa	68	Tilskot til opplæring i kriminalomsorga	A, B	364 090 000	348 463 000	15 627 000
0225	Tiltak i grunnopplæringa	69	Tiltak for fullføring av vidaregåande opplæring	A, B	508 400 000	508 399 998	2
0225	Tiltak i grunnopplæringa	74	Prosjekttilskot	A, B	10 429 000	10 157 100	271 900
0225	Tiltak i grunnopplæringa	75	Grunntilskot	A, B	112 451 000	112 450 997	3
0226	Kvalitetsutvikling i grunnopplæringa	21	Spesielle driftsutgifter	A, B	1 102 196 000	474 005 846	628 190 154
0226	Kvalitetsutvikling i grunnopplæringa	22	Vidareutdanning lærarar og skuleleiarar	A, B	1 458 699 000	1 444 925 953	13 773 047
0226	Kvalitetsutvikling i grunnopplæringa	61	Tilskotsordning til rettleiing for nyutdanna og nytilsette lærarar	A, B	145 390 000	145 118 528	271 472
0226	Kvalitetsutvikling i grunnopplæringa	62	Tilskot til skulebibliotek og lesestimulering	A, B	50 000 000	49 982 400	17 600

Utgifts- kapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst	Note	Samla tildeling	Rekneskap 2025	Meirutgift (-) og mindreutgift
0226	Kvalitetsutvikling i grunnopplæringa	63	Tilskot til utstyr og læringsarenaer på 5.-10. trinn	A, B	160 000 000	160 000 000	0
0226	Kvalitetsutvikling i grunnopplæringa	65	Tilskot til skulemiljøteam og beredskapsteam	A, B	125 000 000	124 944 000	56 000
0227	Tilskot til særskilde skular	63	Tilskot til kommunar og fylkeskommunar	A, B	46 307 000	38 556 000	7 751 000
0227	Tilskot til særskilde skular	78	Tilskot	A, B	212 594 000	212 594 000	0
0228	Tilskot til private skular osv.	70	Private grunnskular	A, B	4 289 373 000	4 288 846 016	526 984
0228	Tilskot til private skular osv.	71	Private vidaregåande skular	A, B	2 469 596 000	2 468 956 673	639 327
0228	Tilskot til private skular osv.	72	Diverse skular som gir yrkesretta opplæring	A, B	170 861 000	170 861 155	-155
0228	Tilskot til private skular osv.	73	Private grunnskular i utlandet	A, B	160 985 000	133 480 436	27 504 564
0228	Tilskot til private skular osv.	74	Private vidaregåande skular i utlandet	A, B	28 101 000	24 569 678	3 531 322
0228	Tilskot til private skular osv.	75	Private skular med særskilt tilrettelagd opplæring for elevar med dokumenterte behov	A, B	608 175 000	607 566 268	608 732
0228	Tilskot til private skular osv.	76	Andre private skular	A, B	79 116 000	79 080 683	35 317
0228	Tilskot til private skular osv.	77	Den tysk-norske skulen i Oslo	A, B	44 155 000	44 154 772	228
0228	Tilskot til private skular osv.	78	Kompletterande undervisning	A, B	26 395 000	25 337 232	1 057 768
0228	Tilskot til private skular osv.	79	Toppidrett	A, B	86 017 000	86 017 000	0
0228	Tilskot til private skular osv.	81	Elevutveksling til utlandet	A, B	467 000	467 241	-241
0228	Tilskot til private skular osv.	82	Kapital- og husleigetilskot til private skular	A, B	80 375 000	80 255 818	119 182
0228	Tilskot til private skular osv.	83	Særtilskot til Møbelsnekkerskolen, Plus-skulen og Hjerleid Handverksskole	A, B	5 190 000	5 190 000	0
0228	Tilskot til private skular osv.	84	Redusert foreldrebetaling i skulefritidsordninga ved private skular	A, B	110 231 000	108 666 826	1 564 174
0228	Tilskot til private skular osv.	85	Særtilskot til private kombinerte grunnskular	A, B	90 000 000	89 950 390	49 610
0230	Statleg spesialpedagogisk teneste	01	Driftsutgifter	A, B	50 000	48 456	1 544
0231	2 barnehagar	21	Spesielle driftsutgifter	A, B	660 301 000	315 338 865	344 962 135
0231	2 barnehagar	60	Innføre toppa bemanning i barnehagane	A, B	200 000 000	199 998 874	1 126
0231	2 barnehagar	61	Tilskot til auka pedagogtettleik og auka grunnbemanning i barnehagar i levekårsutsette område	A, B	208 900 000	208 900 000	0

Utgifts- kapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst	Note	Samla tildeling	Rekneskap 2025	Meirutgift (-) og mindreutgift
0231	2 barnehagar	63	3430 Tilskot til tiltak for å styrkje språkutviklinga blant minoritetsspråklege barn i barnehagen	A, B	226 258 000	226 257 582	418
0231	2 barnehagar	66	Tilskot til auka barnehagedeltaking for minoritetsspråklege barn	A, B	24 375 000	24 374 989	11
0231	2 barnehagar	70	Tilskot til symjing i barnehagane	A, B	77 735 000		77 735 000
0253	Folkehøgskular	70	Tilskot til folkehøgskular	A, B	1 141 321 000	1 141 320 734	266
0253	Folkehøgskular	71	Tilskot til Folkehøgskolerådet	A, B	6 285 000	6 285 000	0
0253	Folkehøgskular	72	Tilskot til Nordiska folkhøgskolan	A, B	825 000	825 000	0
0275	Tiltak for høgare utdanning og forskning	21	Spesielle driftsutgifter	A, B	900 000	909 362	-9 362
0431	Kriminaldirektoratet	01	Driftsutgifter		1 000 000	1 000 000	
0601	Utgreiingsverksemd, forskning osv.	21	Spesielle driftsutgifter		375 000	375 000	
0714	Folkehelse	21	Spesielle driftsutgifter		2 250 000	381 456	
0733	Habilitering og rehabilitering	21	Spesielle driftsutgifter		562 500	468 750	
0760	Kommunale helse- og omsorgstenester	21	Spesielle driftsutgifter		330 000	330 000	
0854	Tiltak i barne og ungdomsvernet	23	Kompetansehevingstiltak i barnevernet		330 000	330 000	
0858	Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet	01	Driftsutgifter		470 000	375 000	
0900	Nærings- og fiskeridepartementet	73	Tilskot til entreprenørskapsfremjande aktivitetar for ungdommar		35 200 000	34 667 520	
1633	Nettoordning, statleg betalt meirverdiavgift	01	Nettoføring for mva. i staten		0	118 324 757	
<i>Sum utgiftsført</i>					<i>17 113 394 500</i>	<i>15 735 524 043</i>	
Inntektskapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst		Samla tildeling	Rekneskap 2025	Meirinntekt og mindreinntekt (-)
3220	Utdanningsdirektoratet	01	Inntekter ved oppdrag		2 685 000	2 184 463	-500 537
3222	Statlege skular og fjernundervisningstenester	02	Salsinntekter osv.		29 124 000		-29 124 000
3225	Tiltak i grunnopplæringa	04	Refusjon av ODA-godkjende utgifter		163 475 000	163 475 000	0
5309	Tilfeldige inntekter	29	Ymse		0	11 836 123	
5700	Inntektene til folketrygda	72	5400 Arbeidsgivaravgift		0	47 876 017	

Utgifts- kapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst	Note	Samla tildeling	Rekneskap 2025	Meirutgift (-) og mindreutgift
<i>Sum inntektsført</i>					195 284 000	225 371 603	
Netto rapportert til løyvingerekneskapen						15 510 152 441	
Kapital-kontoar							
60053801	Noregs Bank KK / innbetalingar					213 353 425	
60053802	Noregs Bank KK / utbetalingar					-15 721 666 857	
702832	Endring i mellomvære med statskassen					-1 839 009	
<i>Sum rapportert</i>						0	
Behaldningar som er rapporterte til kapitalrekneskapen (31.12.)							
Konto	Tekst				2025	2024	Endring
702832	Mellomvære med statskassen				-29 716 123	-27 877 114	-1 839 009

Note A: Forklaring av samla tildeling utgifter for 2025

Kapittel og post	Overført frå i fjor	Tildelingane i år	Samla tildeling
020121		400 000	400 000
022001	8 370 000	429 141 000	437 511 000
022021	8 191 000	272 431 000	280 622 000
022070		90 027 000	90 027 000
022201	2 391 000	163 078 000	165 469 000
022245		1 986 000	1 986 000
022470		175 427 000	175 427 000
022501		29 791 000	29 791 000
022521		142 629 000	142 629 000
022560		285 337 000	285 337 000
022563		104 853 000	104 853 000
022564		240 860 000	240 860 000
022566		17 595 000	17 595 000
022567		8 827 000	8 827 000
022568		364 090 000	364 090 000
022569		508 400 000	508 400 000
022574		10 429 000	10 429 000
022575		112 451 000	112 451 000
022621	62 895 000	1 039 301 000	1 102 196 000
022622		1 458 699 000	1 458 699 000
022661		145 390 000	145 390 000
022662		50 000 000	50 000 000
022663		160 000 000	160 000 000
022665		125 000 000	125 000 000
022763		46 307 000	46 307 000
022778		212 594 000	212 594 000
022870		4 289 373 000	4 289 373 000
022871		2 469 596 000	2 469 596 000
022872		170 861 000	170 861 000
022873		160 985 000	160 985 000
022874		28 101 000	28 101 000
022875		608 175 000	608 175 000
022876		79 116 000	79 116 000
022877		44 155 000	44 155 000
022878		26 395 000	26 395 000
022879		86 017 000	86 017 000
022881		467 000	467 000
022882		80 375 000	80 375 000
022883		5 190 000	5 190 000
022884		110 231 000	110 231 000
022885		90 000 000	90 000 000
023001		50 000	50 000
023121		660 301 000	660 301 000
023160		200 000 000	200 000 000
023161		208 900 000	208 900 000
023163		226 258 000	226 258 000
023166		24 375 000	24 375 000
023170		77 735 000	77 735 000
025370		1 141 321 000	1 141 321 000
025371		6 285 000	6 285 000
025372		825 000	825 000
027521		900 000	900 000

Note B: Forklaring til brukte fullmakter og utrekning av mogleg overførbart beløp til neste år

	Stikkord	Meirutgift (-) / mindreutgift	Utgiftsført av av andre i samsvar med avgitte belastningsfullmakter (-)	Meirutgift (-) / mindreutgift etter avgitte belastningsfullmakter	Meirinntekter/mindreinntekter (-) i samsvar med meirinntektsfullmakt	Omdisponering frå post 01 til 45 eller til post 01/21 frå neste års løyving	Innsparingar	Sum grunnlag for overføring	Maks overførb. beløp
020121		4 979		4 979				4 979	
022001		1 957 950		1 957 950				1 957 950	21 4
022021	Kan nyttast under post 70	13 873 774		13 873 774	-500 538			13 373 236	13 6
022070	Kan nyttast under post 21 Kan overførast	-3 749		-3 749				-3 749	176 7
022201		164 969 257	-158 439 699	6 529 557	659 699			7 189 256	8 1
022245	Kan overførast	1 986 000	-1 986 000	0				0	4 3
022470		0		0				0	
022501		29 791 000	-29 438 078	352 922				352 922	1 4
022521		142 629 000	-142 253 370	375 630				375 630	7 1
022560		0		0				0	
022563	Kan overførast	5 801 324	-2 379 485	3 421 839				3 421 839	259 1
022564		307 432		307 432				307 432	
022566		49 815		49 815				49 815	
022567		7 952 530	-7 351 023	601 507				601 507	
022568		15 627 000	-15 586 000	41 000				41 000	
022569		2		2				2	
022574		271 900		271 900				271 900	
022575		3		3				3	
022621	Kan overførast	628 190 154	-551 860 093	76 330 061				76 330 061	2 590 6
022622		13 773 047	-5 809 070	7 963 977				7 963 977	
022661		271 472		271 472				271 472	
022662		17 600		17 600				17 600	
022663		0		0				0	

	Stikkord	Meirutgift (-) / mindreutgift	Utgiftsført av av andre i samsvar med avgitte belastningsfullmakter (-)	Meirutgift (-) / mindreutgift etter avgitte belastningsfullmakter	Meirinntekter/mindreinntekter (-) i samsvar med meirinntektsfullmakt	Omdisponering frå post 01 til 45 eller til post 01/21 frå neste års løyving	Innsparingar	Sum grunnlag for overføring	Maks overførb. beløp
022665		56 000		56 000				56 000	
022763		7 751 000	-7 751 000	0				0	
022778		0		0				0	
022870	Overslagsløyving	526 984		526 984				526 984	
022871	Overslagsløyving	639 327		639 327				639 327	
022872	Overslagsløyving	-155		-155				-155	
022873	Overslagsløyving	27 504 564	-27 885 921	-381 357				-381 357	
022874	Overslagsløyving	3 531 322	-3 341 250	190 072				190 072	
022875	Overslagsløyving	608 732		608 732				608 732	
022876	Overslagsløyving	35 317		35 317				35 317	
022877	Overslagsløyving	228		228				228	
022878		1 057 768		1 057 768				1 057 768	
022879		0		0				0	
022881		-241		-241				-241	
022882		119 182		119 182				119 182	
022883		0		0				0	
022884		1 564 174		1 564 174				1 564 174	
022885		49 610		49 610				49 610	
023001		1 544		1 544				1 544	
023121	Kan overførast	344 962 135	-295 585 929	49 376 206				49 376 206	1 565 6
023160		1 126		1 126				1 126	
023161		0		0				0	
023163		418		418				418	
023166		11		11				11	
023170		77 735 000	-77 564 704	170 296				170 296	
025370		266		266				266	

	Stikkord	Meirutgift (-) / mindreutgift	Utgiftsført av av andre i samsvar med avgitte belastningsfullmakter (-)	Meirutgift (-) / mindreutgift etter avgitte belastningsfullmakter	Meirinntekter/mindreinntekter (-) i samsvar med meirinntektsfullmakt	Omdisponering frå post 01 til 45 eller til post 01/21 frå neste års løyving	Innsparingar	Sum grunnlag for overføring	Maks overførb. beløp
025371		0		0				0	
025372		0		0				0	
027521	Kan overførast	-9 362		-9 362				-9 362	1 8

Opplysningar om avgitte belastningsfullmakter på inntektskapittel

Kapittel og post	Meirinntekt og mindreinntekt (-)	Inntektsført av andre i samsvar med avgitte belastningsfullmakter (+)	Meirinntekt og mindreinntekt (-) etter avgitte belastningsfullmakter
322202	-29 124 000	29 783 699	659 699

Forklaring til brukte fullmakter

Mottekne belastningsfullmakter

Utdanningsdirektoratet har fått belastningsfullmakt frå andre statlege verksemder:

Kr. 1 000 000 på kap. 431 post 01 frå Kriminalomsorgsdirektoratet
 Kr 375 000 på kap. 601 post 21 frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet
 Kr 2 250 000 på kap. 714 post 21 frå Helsedirektoratet
 Kr 562 500 på kap. 733 post 21 frå Helsedirektoratet
 Kr 330 000 på kap. 760 post 21 frå Helsedirektoratet
 Kr 330 000 på kap. 854 post 23 frå Bufdir (Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet)
 Kr 470 000 på kap. 858 post 01 frå Bufdir (Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet)
 Kr 35 200 000 på kap. 900 post 73 frå Nærings- og fiskeridepartementet

Tildelingsbrev og avgitte belastningsfullmakter (utgiftsførte av andre)

Utdanningsdirektoratet har gitt tildelingsbrev innanfor fleire kapittel/postar i 2025. Mottakarane av tildelingsbrev er statsforvaltarane, Sørsamisk kunnskapspark og dei samiske vidaregåande skulane. I tillegg har Utdanningsdirektoratet gitt belastningsfullmakt til 4 andre mottakarar. Fordelinga ser slik ut:

Tabell 1 – tildelingsbrev og avgitte belastningsfullmakter

Kapittel og post	Tildelingsbrev statsforvaltarar	Utgiftsført statsforvaltarar	Meirutgift (-) og mindreutgift
022501	29 048 000	29 438 078	-390 078
022521	142 628 000	142 253 370	374 630
022563	5 301 000	2 379 485	2 921 515
022567	7 453 000	7 351 023	101 977
022568	15 586 000	15 586 000	0
022621	561 607 000	544 934 537	16 672 463
022622	1 800 000	1 299 819	500 181
022763	7 751 000	7 751 000	0
022873	27 402 000	27 885 921	-483 921
022874	3 430 000	3 341 250	88 750
023121	304 616 000	295 585 929	9 030 071
023170	77 735 000	77 564 704	170 296

Sum utg.	1 184 357 000	1 155 371 116	28 985 884
Kapittel og post	Tildelingsbrev Samiske skular	Utgiftsført Samiske skular	Meirutgift/mindreinntekt (-) og mindreutgift/meirinntekt
022201	163 897 000	158 439 699	5 457 301
022245	1 986 000	1 986 000	0
022566	17 766	0	17 766
022622	4 504 251	4 509 251	-5 000
Sum utg.	170 405 017	164 934 950	5 470 067
322202	-29 124 000	-29 783 699	659 699
Sum innt.	-29 124 000	-29 783 699	659 699
Kapittel og post / mottakar	Belastningsfullmakt Andre	Utgiftsført Andre	Meirutgift (-) og mindreutgift
022621 / Helse- og omsorgsdepartementet	5 000 000	5 000 000	0
022621 / Noregs forskingsråd	2 000 000	1 615 265	384 735
022621 / Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet	230 000	142 375	87 625
022621 / Foreldreutvalet for grunnsopplæringa	200 000	167 916	32 084
Sum utg.	7 430 000	6 925 556	504 444

Meir-/mindreutgift for Utdanningsdirektoratet er korrigert for utgifter som er rapporterte av mottakarar av tildelingsbrev/belastningsfullmakter. Det er i tillegg korrigert for meir-/mindreinntekt etter meirinntektsfullmakt frå samiske skular på kapittel/post 022201 (jf. 322202, Samiske skular).

Av utgiftsført av statsforvaltarar, samiske skular og andre som vist i tabell I , gjeld følgjande tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten:

Tabell 2 – tilskot som er utgiftsførte av andre

Tilskot som er utgiftsførte av andre	
	31.12.2025
Tilskot til kommunar	323 681 720
Tilskot til fylkeskommunar	33 435 272
Tilskot til ikkje-finansielle føretak	62 103 424
Tilskot til hushald	412 250
Tilskot til ideelle organisasjonar	110 839 753
Tilskot til statsforvaltninga	349 741 278
Sum tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten	880 213 697

I oversikta nedanfor er det vist kva som er utgiftsført som tilskotsforvaltning og andre kontoar på dei ulike postane:

Tabell 3 – oversikt over fordeling postar som er utgiftsførte av andre

Belasta av andre på	Tilskotskontoar	Andre kontoar	Sum utgiftsført av andre
Postane 01–2x	738 354 314	445 031 925	1 183 386 239
Post 45		1 986 000	1 986 000
Postane 50–7x	141 859 383		141 859 383
Sum	880 213 697	447 017 925	1 327 231 622

Note C: Oversikt over binding på framtidige års løyvingar

Avtalar om leige av kontorlokale				
Attverande tid per 31.12.	Årleg leigebeløp	Av neste års løyving	Av seinare års løyving	Samla binding på framtidige års løyvingar
Tid: 1–5 år				
Leigekontrakt for lokale på Hamar	2 400 000	2 400 000	7 200 000	9 600 000
Leigekontrakt for lokale i Tromsø	3 200 000	3 200 000	12 800 000	16 000 000
Tid: over 5 år				
Leigekontrakt for lokale i Oslo	27 000 000	27 000 000	216 000 000	243 000 000
Leigekontrakt for lokale i Molde	4 100 000	4 100 000	20 500 000	24 600 000
I alt	36 700 000	36 700 000	256 500 000	293 200 000
Vesentlege avtalar om kjøp av tenester				
Attverande tid per 31.12.	Årleg beløp	Av neste års løyving	Av seinare års løyving	Samla binding på framtidige års løyvingar
Tid: inntil 1 år				
Forsking og evaluering		11 743 965		11 743 965
Internasjonale undersøkingar		3 500 000		3 500 000
Tid: 1–5 år				
Lisensar, Microsoft Enterpriseavtale Azure	15 000 000	15 000 000	30 000 000	45 000 000
Lisensar, anna	9 000 000	9 000 000	36 000 000	45 000 000
Avrop på rammeavtale for IT-kompetanse	135 000 000	135 000 000	240 000 000	375 000 000
Driftsavtale med Orange Business Services	9 000 000	9 000 000	14 000 000	23 000 000
Forsking og evaluering	10 732 766	13 261 595	15 971 595	29 233 190
Internasjonale undersøkingar	18 439 980	18 939 980	22 449 116	41 389 096
Tid: over 5 år				
Avrop på rammeavtale for IT-kompetanse	120 000 000	50 000 000	840 000 000	890 000 000
Utvikling og forvaltning av fellestenester for sektoren (Feide, læremiddelkatalog og støttetjeneste)	60 000 000	60 000 000	540 000 000	600 000 000
Forsking og evaluering	5 000 000	5 000 000	55 000 000	60 000 000
Internasjonale undersøkingar	19 896 898	19 896 896	84 363 387	104 260 283
I alt	402 069 644	350 342 436	1 877 784 098	2 228 126 534

Oppstilling av artskontorrapportering for 2025

	Not e	2025	2024
Driftsinntekter rapportert til løyvingsrekneskapen			
Innbetalinger frå gebyr	1	0	0
Innbetalinger frå tilskot og overføringar	1	165 659 463	223 664 870
Andre innbetalningar	1	237 241	130 802
<i>Sum innbetalningar frå drift</i>		<i>165 896 704</i>	<i>223 795 672</i>
Driftsutgifter som er rapporterte til løyvingsrekneskapen			
Utbetalningar til lønn	2	395 462 900	360 312 797
Andre utbetalningar til drift	3	859 699 261	1 128 776 560
<i>Sum utbetalningar til drift</i>		<i>1 255 162 160</i>	<i>1 489 089 356</i>
Netto rapporterte driftsutgifter		1 089 265 457	1 265 293 685
Investerings- og finansutgifter som er rapporterte til løyvingsrekneskapen			
Utbetaling til investeringar	5	2 199 348	8 173 133
Utbetaling av finansutgifter	4	7 035	2 942
<i>Sum investerings- og finansutgifter</i>		<i>2 206 383</i>	<i>8 176 075</i>
Netto rapporterte investerings- og finansutgifter		2 206 383	8 176 075
Innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten			
Innbetaling av skattar, avgifter, gebyr m.m.	6.	11 169 769	17 925 643
<i>Sum innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten</i>		<i>11 169 769</i>	<i>17 925 643</i>
Tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten			
Utbetalningar av tilskot og stønader	7	14 360 067 984	13 271 173 545
<i>Sum tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten</i>		<i>14 360 067 984</i>	<i>13 271 173 545</i>
Inntekter og utgifter som er rapporterte på felleskapittel			
Gruppelivsforsikring konto 1985 (jf. kap. 5309, inntekt)		666 353	616 948
Arbeidsgivaravgift konto 1986 (jf. kap. 5700, inntekt)		47 876 017	44 227 485
Nettoføringsordning for meirverdiavgift konto 1987 (jf. kap. 1633, utgift)		118 324 757	119 234 814

<i>Netto rapporterte utgifter på felleskapittel</i>		69 782 386	74 390 381
Netto rapportert til løyvingsrekneskapen		15 510 152 441	14 601 108 043
Oversikt over mellomvære med statskassen			
Eigedelar og gjeld		2025	2024
Fordringar på tilsette		18 603	0
Skuldig skattetrekk og andre trekk		-16 876 152	-13 101 256
Skuldige offentlege avgifter		-1 695 892	-1 550 059
Avsett pensjonspremie til Statens pensjonskasse		-10 454 020	-13 088 395
Anna gjeld		-708 662	-137 404
Sum mellomvære med statskassen	8	-29 716 123	-27 877 114

Note 1: Innbetalningar frå drift

	31.12.2025	31.12.2024
<i>Innbetalningar frå tilskot og overføringar</i>		
Tilskot og overføringar frå andre statlege verksemder	163 475 000	222 920 000
Tilskot frå EU	1 584 463	668 470
Andre tilskot og overføringar	600 000	76 399
Sum innbetalningar frå tilskot og overføringar	165 659 463	223 664 870
<i>Andre innbetalningar</i>		
3900 Anna driftsrelatert inntekt	237 241	130 802
Sum andre innbetalningar	237 241	130 802
Sum innbetalningar frå drift	165 896 704	223 795 672

Innbetalningar av tilskot og overføringar frå andre statlege verksemder gjeld refusjon av ODA-godkjende utgifter. Refusjon av ODA-godkjende utgifter etter statistikkdirektiv frå OECD blir definert som offentlig utviklingshjelp og blir rekna av tilskot til opplæring av barn og unge som søkjer opphald i Noreg over kap. 225 post 64. Endringa i talet på flyktningar, dei med kollektivt vern og dessutan ODA-delane er årsak til endringa.

Note 2: Utbetalinger til lønn

	31.12.2025	31.12.2024
Lønn	311 464 117	283 249 682
5400 Arbeidsgivaravgift	47 876 017	44 227 485
Pensjonsutgifter	22 204 827	24 137 090
Sjukepengar og andre refusjonar (-)	-15 700 517	-17 938 234
Honorar, styre, råd og utval	24 803 228	21 406 306
Andre ytingar	4 815 228	5 230 467
Sum utbetalinger til lønn	395 462 900	360 312 797
Tal på utførte årsverk	341	329
	31.12.2025	31.12.2024
Lønn og andre ytingar til verksemdsleiaren		
Morten Rosenkvist	2 197 841	2 066 116

Auken i lønn frå 2024 kjem av i hovudsak at lønnsoppgjeret i 2024 først blei utbetalt i 2025, i tillegg til ein auke i utførte årsverk samanlikna med i fjor.

Note 3: Andre utbetalinger til drift

	31.12.2025	31.12.2024
Husleige	30 527 688	29 928 661
Vedlikehald og ombygging av leigde lokale	199 520	131 853
Andre utgifter til drift av eigedom og lokale	10 292 151	13 754 648
Reparasjon og vedlikehald av maskiner, utstyr osv.	169 267	208 776
Mindre utstyrsinnkjøp	1 982 417	1 590 037
6495 Leige av maskiner, inventar og liknande	41 939 528	39 267 156
Kjøp av konsulenttenester	208 576 898	210 024 947
Kjøp av framande tenester frå UH-sektoren, medrekna studieplassar	266 461 172	543 300 310
Kjøp av andre framande tenester	221 395 937	207 468 018
Reiser og diett	16 761 308	16 316 485
Andre driftsutgifter	61 393 373	66 785 669
Sum andre utbetalinger til drift	859 699 261	1 128 776 560

I all hovudsak kjem nedgangen av i andre utbetalinger til drift i Utdanningsdirektoratet, endringar i ordninga og nedgang i kjøp av studieplassar. Dette kjem hovudsakleg at frå haustsemesteret blei ein del midlar til studieplassar direkte tildelt UH-sektoren og ikkje lenger via Utdanningsdirektoratet. I tillegg blei det gjort ny vurdering om at midlar som gjekk til innkjøp av studieplassar, skulle handterast som tilskot og ikkje lenger som kjøp av tenester. Sjå note 7.

Note 4: Finansinntekter og finansutgifter

	31.12.2025	31.12.2024
<i>Utbetaling av finansutgifter</i>		
Renteutgifter	7 035	2 942
Sum utbetaling av finansutgifter	7 035	2 942

Note 5: Utbetaling til investeringar

	31.12.2025	31.12.2024
<i>Utbetaling til investeringar</i>		
Immaterielle egedelar og liknande	24 630	44 902
Driftslausøyre, inventar, verktøy og liknande	2 174 718	8 128 231
Sum utbetaling til investeringar	2 199 348	8 173 133

Reduksjonen kjem i hovudsak av driftslausøyre og inventar i samband med ombygging av lokala til Utdanningsdirektoratet i Oslo i 2024.

Note 6: Innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten

	31.12.2025	31.12.2024
Tilfeldige og andre inntekter (statskonto 530929)	-11 169 769	-17 925 643
Sum innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten	-11 169 769	-17 925 643

Innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten gjeld tilbakebetaling av tidlegare års tilskot frå Utdanningsdirektoratet. Reduksjonen kjem hovudsakleg av tilbakebetalingar i 2024 av unyttta midlar til PISA-undersøkingane.

Note 7: Tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten

	31.12.2025	31.12.2024
Overf. til forv.organ med særskilde fullmakter	98 171 179	26 650 000
Tilskot til kommunar	2 533 490 801	2 534 466 474
Tilskot til fylkeskommunar	1 639 333 730	1 500 071 863
Tilskot til ikkje-finansielle føretak	147 950 154	140 493 271
Tilskot til private skular og ideelle organisasjonar	9 769 524 452	8 901 502 856
Tilskot til statsforvaltninga	830 000	5 000 000
Tilskot til utlandet	170 767 668	162 989 081
Sum tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten	14 360 067 984	13 271 173 545

Auken i overføringar til forvaltningsorgan med særskilde fullmakter kjem i all hovudsak av at innkjøp av studieplassar etter ny vurdering skulle handterast som tilskot og ikkje lenger som eit kjøp av tenester. Sjå note 3.

Ein del av auken i tilskot til fylkeskommunar kjem av at tilskot til opplæring av barn og unge som søker opphald i Noreg, blei utbetalt direkte frå Utdanningsdirektoratet i 2025. Tidlegare blei dette utbetalt via statsforvaltarane. I tillegg kjem noko av auken av tilskot til rettleiing for nyutdanna nytilsette lærarar.

Auken i tilskot til private skular kjem i hovudsak av auka satsar både til private grunnskular og vidaregåande skular, i tillegg til noko auke i elevtal.

Viser til tabell I I Tilskot utgiftsført av andre, der tilskot som er utgiftsførte av andre på kapitla og postane til Utdanningsdirektoratet, kjem fram.

Note 8: Skilnaden mellom avrekning med statskassen og mellomvære med statskassen

	31.12.2025	31.12.2025	Skilnad
	Spesifisering av <u>bokført</u> avrekning med statskassen	Spesifisering av <u>rapportert</u> mellomvære med statskassen	
Omløpsmidlar			
	Andre fordringar	18 603	18 603
	<i>Sum</i>	<i>18 603</i>	<i>18 603</i>
Kortsiktig gjeld			
	Leverandørgjeld	-26 262 408	0
	Skuldige skattetrekk og andre trekk	-16 876 152	-16 876 152
	Skuldige offentlege avgifter	-1 880 453	-1 695 892
	Anna kortsiktig gjeld	-3 034 763	-11 162 682
	<i>Sum</i>	<i>-48 053 776</i>	<i>-29 734 727</i>
Sum	-48 035 173	-29 716 123	-18 319 049

Forklaring på mellomvære med statskassen

Skuldige offentlege avgifter omfattar meirverdiavgift for fjerde kvartal 2025.

Saldoen på anna kortsiktig gjeld omfattar periodisering av inngåande fakturaer som er bokførte i 2026, men som har fakturadato i 2025. I tillegg består saldoen av oppdrag som blir førte vidare i 2026, og som blir balanseførte per 31.12. før overføring til det aktuelle oppdraget i 2026.

Vedlegg til årsrapporten til Utdanningsdirektoratet

Om økonomiske tilsyn med private barnehagar i 2025

Overordna vurdering

Udir har ansvar for å føre tilsyn med bruken bruk av tilskot og foreldrebetaling i private barnehagar, og for å rettleie desse barnehagane om regelverket. Dette følgjer av barnehagelova. Formålet med reglane er å sikre at både offentlege tilskot og foreldrebetaling kjem ungane til gode.

Barnehagen spelar ei viktig rolle i å gi barn ein god start i livet. Om lag halvparten av norske barn går i ein privat barnehage. Desse barnehagane får årleg rundt 27 milliardar kroner i tilskot og foreldrebetaling, og det er bruken av desse midlane vi fører tilsyn med.

Vår vurdering er at dei aller fleste barnehagane ønskjer å følgje regelverket. Samtidig ser vi at både regelverket og rammevilkåra dei må halde seg til, blir stadig meir komplekse. Dette gjer at ikkje alle barnehagane alltid lykkast med å oppfylle krava, sjølv om dei ønskjer det. Vi ser også at enkelte barnehagar og konsern ser ut til å vilje utfordre regelverket.

I 2025 har vi prioritert å forbetre rettleiinga om krava til bruk av tilskot og foreldrebetaling. I tillegg har vi ført tilsyn med etterlevinga til barnehagane av regelverket for 2023. Vi gjennomførte om lag 60 tilsyn, mellom anna med vekt på lønn, husleige, privat forbruk, kjøp av tenester og finanskostnader.

Arbeidet vårt med rettleiing og tilsyn bidreg til å sikre at tilskot og foreldrebetaling i private barnehagar kjem ungane til gode.

Dei vesentlegaste aktivitetane i 2025

Vi nyttar måltal som indikatorar på aktivitetsnivå og grunnlag for å følgje utviklinga gjennom året. Samtidig er det lagt vekt på kontinuerleg prioritering av ressursar mellom ulike aktivitetar, slik at innsatsen til kvar tid kan tilpassast risikobiletet og tilgjengeleg kapasitet.

Erfaringar og kunnskap frå gjennomførte tilsyn gir verdifull innsikt i etterleving av regelverket. Kunnskapen blir brukt både til å spisse rettleiingsaktivitetar overfor sektoren og som grunnlag for innspel til vidareutvikling og presisering av regelverket.

Tilsyn

I tidlegare oppsummeringar av tilsyn med private barnehagar har vi nytta førebelse tilsynsrapportar (varsel om vedtak) for å skildre talet på tilsyn, funn og reaksjonar. Frå og med i år av har vi valt å bruke informasjon frå endelege tilsynsrapportar (vedtak). Dette kan innebere noko overlapp med tilsvarande oppsummering for 2024. Dette gjer også at funna frå enkelte tilsyn kan vere omtalte både i oppsummeringa for 2024 og 2025.

I 2025 blei det gjennomført 176 tilsyn. Det blei gjort vedtak med brot på regelverket i om lag 53 prosent av tilsyna. Rundt 60 av tilsyna inkluderte ei vurdering av materielle krav heimla i barnehagelova § 23. Eit tilsyn kan omfatte fleire tema. Tabellen nedanfor viser talet på tilsyn der eit bestemt tema har blitt vurdert, og talet på tilsyn der vi har gjort vedtak om brot på det aktuelle området. Dei endelege rapportane våre blir publiserte på tilsyn.udir.no.

Tabell: Nøkkeltal om økonomiske tilsyn med private barnehagar i 2025

Tilsynsystema	Talet på tilsyn der tilsynsystema inngår	Talet på tilsyn med brot
Tilsyn med materielle krav i barnehagelova § 23		
40 Forbruk av andre varer	6.	2
40 Forbruk av matvarer	10	7
50 Lønn til eigar og nærstående til eigar	17	5
50 Personalkostnader	3	1
53 Anna oppgåvepliktig godtgjering	1	1
59 Annan personalkostnad	1	1
60 Avskrivning, immaterielle egedelar	3	2
60 Avskrivning, inventar	1	1
63 Leige av barnehagelokale	5	2
65 Verktøy, inventar og driftsmateriale som ikkje skal avskrivast	1	1
66 Reparasjon og vedlikehald, anna	1	–
67 Framandtenester, anna	8	2
69 Kontorkostnad, telefon og porto, o.l.	2	2
70 Bilkostnader	1	1
71 Kostnad og godtgjering for reise, diett, bil o.l.	4	–
78 Tap o.l.	1	1
81 Finanskostnad	4	4
Lån frå nærstående	3	2
Lån til nærstående	4	4
I alt	76	39
Kontrolltilsyn, heimla i forskrift til barnehagelova		
Avtalar med nærstående, jf. øk.forsk. § 6	18	11
Dokumentasjon, jf. øk.forsk. §§ 4 og 5	33	11
Krav til avdelingsrekneskap for tilleggsverksemd, jf. øk.forsk. § 4	1	–
Manglande rapportering, jf. øk.forsk. § 8	42	3
Rapportering av transaksjonar med nærstående i Basil, jf. øk.forsk. § 8	14	14
Rapportering av årsrekneskap og revisjonsrapport, jf. øk.forsk. § 8	11	2
Rapportering på standardisert skjema, jf. øk.forsk. § 8	37	27
Revisjon og attesting, jf. øk.forsk. § 7	21	16
Spesifisering av handel med nærstående i note til årsrekneskap, jf. øk.forsk. § 4	9	7
Tilleggsverksemd, jf. øk.forsk. § 3	2	1
Utarbeiding av eigen rekneskap for kvar barnehage, jf. øy.forsk. § 5	2	2
I alt	190	94

For mindre, enkeltstående barnehagar ser vi at risikoen for brot på det materielle kravet frå barnehagelova ofte er knytt til samanblanding av barnehageøkonomien og privatøkonomien til eigaren. Dette blir spegla i ein høg del brot på tema som kjøp av matvarer og forbruk av andre varer.

For barnehagar som inngår i konsern, er risikoen i større grad knytt til konserninterne transaksjonar. Kravet om at barnehagen skal vere eit sjølvstendig rettssubjekt, har ført til at fleire barnehagar no er organiserte som eigne einingar og skilde frå anna verksemd og frå andre barnehagar i same konsern. Når barnehagen ikkje lenger inngår i eit felles rettssubjekt, vil kostnader som tidlegare blei *fordelte*, i staden ofte bli *fakturerte* frå nærstående. Pliktene til barnehagen ved behandling av avtalar med nærstående følgjer av økonomiforskrifta § 6. For å kartleggje etterlevinga av desse krava prioriterte vi i 2025 tilsyn med temaet behandling av avtalar med nærstående. Det blei avdekt brot i ein høg prosentdel av tilsyna.

I 2025 prioriterte vi også tilsyn med etterlevinga til barnehagane av krava til revisjon og attestasjon av rekneskapen. Når ei verksemd er underlagd særlovgiving, har revisor ei utvida plikt til å setje seg inn i og kontrollere etterlevinga av dei særskilde krava, i tillegg til ordinær rekneskapsrevisjon. Revisor utgjer dermed ei viktig førstelinje i arbeidet med å sikre at kravet frå barnehagelova blir etterlevd.

Frå 1. januar 2023 blei det innført fleire nye krav i barnehagelova med forskrift:

- krav om sjølvstendig rettssubjekt
- forbod mot anna verksemd
- krav om lån i finansføretak
- meldeplikt
- ny økonomiforskrift med nye krav til rekneskapsførar, revisjon og dokumentasjon av avtalar med nærstående

Vi har valt å føre fleire tilsyn med dei nye krava i lov og forskrift. Sjølv om desse reglane ikkje direkte gjeld korleis barnehagen bruker midlane, bidreg reglane til å sikre at midlane kjem ungane til gode. Til dømes bidreg tilsyn med kravet om at barnehagen skal ha ein revisor, til å sikre at ein uavhengig revisor vurderer rekneskapen til barnehagen.

Rettleiing

Rettleiing er eit viktig og ressurseffektivt verkemiddel for å sikre betre regelverksetterleving. Det er behov for å nå ut til sektoren med tydeleg og praktisk informasjon, og det gjer vi gjennom fleire kanalar, som skriftlege rettleiingar, kontaktmøte med aktørane og filmar på udir.no. I 2025 har vi mellom anna jobba med å gjere språk og struktur i dei skriftlege rettleiingane tydelegare og meir lesarvennleg. Brukarinnsikt viser at dette har hatt god effekt, med ein auke i talet på besøk på over 300 prosent.

Vi får positive tilbakemeldingar om nytta av rettleiinga vi gir. Kontakten med sektoren gir oss dessutan verdifull innsikt i behov og utfordringar i sektoren. I 2025 fekk vi mellom anna tilbakemeldingar om at mange opplevde krava til behandling og rapportering av avtalar med

nærstående, som vanskelege. Dei skriftlege rettleiingane blei oppdaterte for å spegle dette informasjonsbehovet.

I 2025 har vi prøvd ut ein ny metode for å få til meir differensiert og målretta informasjon og rettleiing. Ved hjelp av tenestedesign som metode, intervju, tilbakemeldingar frå lesarane og nettstatistikk kartla vi brukarbehova i sektoren. Vi såg at det er store variasjonar i kunnskapsnivå og utfordringar. Vi identifiserte også at utfordringane ikkje berre knyter seg til komplekst økonomisk regelverk, men at dei også omfattar problemstillingar som gjeld til dømes rapportering i Basil. I 2026 vil vi halde fram utviklinga av rettleiinga basert på dei brukarbehova som blir kartlagde.

Regelverksutvikling

For å leggje til rette for kontinuerleg vidareutvikling, forbetring og forenkling av regelverket, vurderer vi løpande om regelverket innfrir formålet med barnehagelova kap. V. På bakgrunn av dette gir vi departementet innspel og forslag til regelverksforbetringar. Nokre innspel blir gitt som ledd i opne høyringar, andre på eige initiativ eller på oppfordring frå departementet.

I 2025 har vi gitt innspel til forbetringar av økonomiforskrifta til barnehagelova. Endringane var nødvendig for at ordlyden i forskrifta skulle bli i samsvar med ny definisjon av nærstående i barnehagelova. Departementet endra forskrifta frå 1. januar 2026. Vidare leverte vi svar på to høyringar om ulike endringar i barnehagelova med forskrifter.

Utviklingsarbeid

I 2025 utvikla vi Dokumentsjekkaren, eit kunstig intelligens-verktøy som automatiserer kontrollen av vedlegg som private barnehagar sender inn i Basil. Dokumentsjekkaren reduserer tida som blir brukt for kontroll frå rundt tretti minutt per barnehage til berre tre minutt. Den automatiserte prosessen eliminerer også menneskelege feil. Tidlegare har vi av ressursmessige årsaker ikkje kunna kontrollere alle vedlegg, men med denne løysinga kan vi no gjere det.

Dokumentsjekkaren gjer det mogleg å kontrollere at rette vedlegg er lasta opp, samanlikne data i vedlegga med rapporteringa, hente ut relevant informasjon og presentere han på ein oversiktleg måte. Verktøyet gjer det mellom anna enklare å oppdage atterhald og presiseringar frå revisor og gir innsikt i kva informasjon barnehagane gir i noteopplysningane sine i årsrekneskapen. Dette gir oss betre oversikt over innsend informasjon og styrkjer kvaliteten i arbeidet vårt.

Klageavgjerder og dommar

I 2025 tok vi imot 17 klager på tilsynssakene våre. To av klagen blei seinare trekte. Ei av sakene gjaldt spørsmålet om Udir hadde heimel til å bruke eksternt takstfirma i samband med eit tilsyn.

14 av klagen som er realitetsbehandla, gjaldt vedtak der vi har pålagt barnehagane å betale tilbake tilskot til kommunen som følgje av brot på krava i barnehagelova kap. V. Tema for klagesakene har vore mellom anna handel med nærstående til barnehagen, oppkjøpskostnader og personalkostnader. To av sakene blei delvis omgjorde av Udir sjølv etter klage. 14 klager er sende over til Kunnskapsdepartementet for behandling.

I 2025 avgjorde Kunnskapsdepartementet totalt 18 klagesaker. I to av sakene fekk klagaren delvis medhald. Eitt vedtak blei oppheva. I dei resterande 15 sakene heldt departementet fast ved vedtaket frå Udir.

Vi har gått gjennom klagevedtaka frå departementet og justert praksis i samsvar med dei. Vi omtaler også nye, prinsipielle klageavgjerder i rettleiinga vår.

Mottekne klager i Udir 2025

Mottekne klager	Trekte klager	Klager som blei delvis omgjorde av Udir	Klager som blei heilt omgjorde av Udir	Klager som blei delvis omgjorde av KD	Klager som ikkje fekk medhald i KD	Klager under behandling i KD
17	2	2	0	0	4	11

Ei av dei tidlegare tilsynssakene våre blei behandla av domstolen. Oslo tingrett avsa dom 14. januar 2025 (24-097592TVI-TOSL/03). Saka handla om i kva grad eit klagevedtak om tilbakebetalingskrav som følgje av brot på barnehagelova kap. V var gyldig. Vi hadde i tilsynet vedteke tilbakebetalingskrav til to barnehagar som følgje av at barnehagane var belasta kostnader for oppkjøp av barnehagar. Staten fekk medhald i at vedtaket var gyldig. Dommen er anka og skal etter planen behandlast av lagmannsretten i 2026.

Undersøking frå Riksrevisjonen

I 2025 har Riksrevisjonen gjennomført og publisert ei undersøking av Utdanningsdirektoratets økonomiske tilsyn med private barnehagar og skular, rapportert i Dokument 1 (2025–2026). Konklusjonen frå Riksrevisjonen er at Udir «ikke gjennomfører økonomiske tilsyn og veiledning fullt ut i tråd med gjeldende regelverk».

Riksrevisjonen tilrår at Udir

- etablerer rutinar som sikrar at dei private barnehagane og skulane som opplyser at dei ikkje har nærståandeproblematikk eller driv tilleggsverksemd, også inngår i risikovurderingane
- gjennomfører tilsyn som er reelle tilsyn av om midlane kjem ungane og elevane til gode

I tida framover vil vi følgje opp desse oppfordringane.

Risikovurdering

Effektive økonomiske tilsyn føreset tilgang til korrekt og dekkjande informasjon, eit tydeleg regelverk og reaksjonsmidlar som blir opplevde som relevante og tilstrekkelege. Det krev også kompetanse, kapasitet og ein heilskapleg bruk av verkemidla tilsyn og rettleiing. Manglar på eit av desse områda representerer sentrale risikofaktorar.

Private barnehagar er avhengige av tydeleg og tilgjengeleg informasjon frå både Udir og kommunen for å kunne etterleve regelverket.

Udir har vore nasjonal tilsynsmakt for bruken til dei private barnehagane av tilskot og foreldrebetaling i fire år, og vi vurderer at området no er godt etablert i direktoratet, i form av stabilt personell med rett kompetanse innanfor jus og økonomi. At tilsynsmakta blei samla i Udir har gitt høve til å yte meir rettleiing og gjennomføre fleire tilsyn, og dessutan at utfordringar kan sjåast i samanheng på tvers av kommunegrensene. Rettleiing er ein viktig risikoreduserande aktivitet.

Vi har bede departementet vurdere om det hadde vore formålstenleg med fleire reaksjonsformer for å gjere tilsyna våre meir effektive. Per i dag har vi ikkje høve til å gi verken straffegebyr eller tvangsmulkt. Vi kan heller ikkje rette tilbakebetalingskrav mot tredjepersonar som har skodd seg på kostnad av barnehagen. Ei utviding av reaksjonsmoglegheitene våre vil sikre meir treffande reaksjonar for ulike typar lovbrøt. Dette vil bidra til å redusere risikoen for at tilskot og foreldrebetaling ikkje kjem barna til gode.

Vidare arbeid med økonomisk tilsyn med private barnehagar

I 2026 har vi to hovudprioriteringar:

1 Følgje opp oppmodingane frå Riksrevisjonen

Eit ledd i dette arbeidet er å sikre betre og korrekte data om tilskot, barnehagar og bruken av tilskotet.

Vi vil vidare etablere rutinar som sikrar at dei private barnehagane som opplyser at dei ikkje har nærståandeproblematikk eller driv tilleggsverksemd, også inngår i risikovurderingane.

Vidare vil vi skilje tydelegare mellom dokumentasjonskontrollar og konkrete tilsyn av om midlane kjem ungane i barnehagen til gode. Tilsyn med bruk av midlane vil vere risikobaserte og følgje av tilsynsplanen. Det er desse tilsyna vi vil bruke hovudvekta av ressursane våre på.

2 Halde fram satsinga på rettleiing

Vi vil halde fram satsinga vår på rettleiing. Vi vil også vidareutvikle rettleiingsmateriellet vårt for å gjere det meir tilpassa brukarane og kunstig intelligens. Inntrykket vårt er at mange av brukarane nyttar kunstig intelligens for å utforske regelverket, gi tilsvar og klage. Dersom vi optimaliserer innhaldet vårt med tanke på kunstig intelligens, vil dette gi positive effektar. Vi vil også greie ut moglegheita for utvikling av nye digitale løysingar for å gi barnehagane nyttige verktøy som sikrar etterleving.

Vi ser at det framleis er behov for vidare arbeid med å sikre forståing av barnehagelova i store delar av sektoren. Gjennom avklaringar i tilsyn kan vi bidra til ei einskapleg forståing av krava i barnehagelova. Dette er viktig for å gjere drifta meir føreseieleg for sektoren og auke den preventive effekten av verkemidla våre.

Om tilsyn med privatskular i 2025

I tidlegare oppsummeringar av privatskuletilsyn har vi nytta førebelse tilsynsrapportar (varsel om pålegg) for å skildre talet på tilsyn, funn og pålegg. Frå og med i år av har vi valt å bruke informasjon frå endelege tilsynsrapportar (vedtak). Dette kan innebere noko overlapp med tilsvarande oppsummering for 2024. Dette gjer også at funna frå enkelte tilsyn kan vere omtalte både i oppsummeringa for 2024 og 2025. Vi vil publisere ei oppsummering av tilsyna på udir.no som gir ei detaljert oversikt over regelverksbrot og tilsynstema.

Overordna vurdering

Udir har ansvar for å føre tilsyn med i kva grad privatskular etterlever privatskulelova. Formålet med tilsyn på feltet er å bidra til auka sannsyn for å nå målet om ei opplæring som gir god læring, utvikling og danning på privatskulefeltet.

I 2025 utarbeidde vi 60 endelege tilsynsrapportar for private skular, med i gjennomsnitt tre kontrollspørsmål per tilsyn. 13 av tilsyna blei gjennomførte med tilsynsbesøk. Tilsyna omfatta til saman 58 ulike skular, noko som svarer til om lag 15 prosent av alle godkjende privatskular. I berre seks av tilsyna blei det ikkje avdekt brot på regelverket. Totalt identifiserte vi 115 regelverksbrot, som gir eit snitt på to brot per tilsyn.

Samla vurderer vi at utvalet av tilsynsobjekt var treffsikkert. Tilsyna har hatt god effekt ved at dei både avdekte regelverksbrot og førte til at skulane sette i verk tiltak for å rette brota. Vi vurderer også at tilsyna i stor grad har vore riktig innretta. Dette ser vi mellom anna ved at det blei undersøkt relativt få kontrollspørsmål per tilsyn, og at det likevel blei avdekt brot i 78 prosent av kontrollspørsmåla som blei undersøkte.

Tabell: Nøkkeltal om tilsyn med privatskular i perioden 2021–2025

	2021	2022	2023	2024	2025
Førebelse rapportar (sjå «Kva er ein førebels rapport?»)	49	46	77	53	64
Endelege rapportar (sjå «Kva inneheld endeleg rapport?»)	36	55	53	54	60
Opna tilsyn (sjå «Når og kvifor blir det opna tilsyn?»)	58	44	82	56	86
Avslutta tilsyn (sjå «Når kan eit tilsyn avsluttast?»)	40	44	49	65	64
Førebelse rapportar utan brot på regelverket der vi gjekk rett til endeleg rapport (sjå «Kva gjer vi når vi ikkje finn brot på regelverket?»)	0	3	24	10	
Talet på kontrollerte kontrollspørsmål (sjå «Kva er eit kontrollspørsmål?»)	187	329	207	130	148
Gjennomsnittleg tal på kontrollspørsmål per tilsyn	4	7	3	2	3
Talet på kontrollspørsmål med brot	84	133	113	97	115
Prosentdel kontrollspørsmål med brot	45 %	40 %	55 %	75 %	78 %
Talet på endelege rapportar utan brot					6

I 2025 førte vi flest tilsyn med montessoriskular (18) og livssynsskular (17). Vidare har vi ført mellom fire og seks tilsyn med steinerskular, internasjonale IB-skular og profilskular. Vi har ført færrest (mellom eitt og tre) tilsyn med norske skular i utlandet, skular utan særskilt grunnlag, skular som er godkjende for yrkesfagleg opplæring, entreprenørskular (tidlegare særskild profil), toppidrettsskular og skular som er godkjende for tradisjonshandverkarfag.

Dei vesentlegaste aktivitetane i 2025

Tilsyn som har vore særskilde fordi vi har ført tilsyn med fleire tema eller på grunn av reaksjonsbruken vår

Innhald	Talet på tilsyn	Kommentar
Livssynsskular	5	Alle er klaga på til Kunnskapsdepartementet
Tilsyn der vi har trekt tilbake godkjenninga til skulen (fleire tema)	2	Begge sakene blei avgjorde av Kunnskapsdepartement etter klage

Tilsyn med livssynsskular

På oppdrag frå Kunnskapsdepartementet opna vi i 2024 tilsyn med fem livssynsskular der vi for første gong undersøkte om innhaldet i undervisninga var i tråd med formålsreglane, og om innhaldet i undervisninga påverkar skulemiljøet negativt. Tilsyna avdekte at skulane ikkje oppfyller krava til ei opplæring som er jamgod med offentlege skular, særleg når det gjeld undervisning om likestilling, ikkje-diskriminering og formålsregelen. Det blei avdekt manglar i undervisninga og læremidla knytt til homofili, samlivsformer, synd, frykt, likestilling, demokratiforståing, kritisk tenking og læra om opphavet til jorda. Det blei også avdekt at skulane ikkje identifiserer sårbarheitsfaktorar eller risikoar som kan påverke skulemiljøet til elevane negativt, og det blei peika på at dei må setje inn tiltak for å fremje helse, inkludering, trivsel og læring. Vi fann også at skulane ikkje reelt var opne for alle, og at styret ved fire av skulane ikkje tok ansvaret sitt som det øvste organet til skulen, men i for stor grad blei påverka av eigaren.

Alle livssynsskulane klaga på delar av vedtaka våre til Kunnskapsdepartementet. Dei har samtidig opplyst at dei er i gang med å rette enkelte brot som blei påpeika i rapportane. Vi er i ein prosess med skulane for å rette brota som ikkje er klaga på.

Tilsyn der vi har trekt godkjenninga til skulen tilbake

I 2025 gjorde vi vedtak i to tilsyn om å trekkje tilbake godkjenninga til skulen. I tilsyna blei det avdekt alvorlege og gjentekne brot på regelverket, mellom anna manglande kompetanse, manglande individuell tilrettelegging, ulovlege bonusutbetalingar til eigaren, brot på utbytteforbodet, ikkje forsvarleg økonomi- og rekneskapsforvaltning, og manglande tiltak for å sikre eit trygt og godt skulemiljø for elevane. I det eine tilsynet stadfesta Kunnskapsdepartementet vedtaket vårt om å trekkje godkjenninga til skulen. I det andre tilsynet gjorde vi om vedtaket vårt om å trekkje godkjenninga til skulen, ettersom skulen gjorde endringar på eigar- og driftssida, slik at vi godtok at dei kunne drive vidare. Dette førte til at det var berre tilbakebetalingskravet i den saka som blei

klagebehandla av Kunnskapsdepartementet. Skulen blei likevel slått konkurs undervegs i prosessen, mellom anna på grunn av tilbakebetalingskravet i tilsynet.

Tilsyn med økonomiforvaltninga til private skular

Tema	Talet på tilsyn	Kommentarar
Manglande avdelingsrekneskap	6	1 utan brot
Handel med nærstående (notekrav og utlån)	4	
Tilleggsverksemd	3	
Bruk av tilskot og skulepengar	1	
Tapt eigenkapital	1	Utan brot

Vi har ført tilsyn med fem ulike tema som gjeld økonomiforvaltninga til skulane. I tillegg har vi kontrollert årsrekneskapane til alle privatskulane. Tilsynet har avdekt mangelfull dokumentering og vurdering av handel med nærstående, at styra i fleire tilfelle ikkje har vurdert om handel med nærstående er til elevane sitt beste, eller om dei er økonomisk rasjonelle. Tilsyn har også vist at det har vore tilfelle av utlån av midlar som stammar frå statstilskot eller skulepengar, og dessutan manglande sikring og dokumentasjon for slike transaksjonar. Vi ser også at manglande avdelingsrekneskap for tilleggsverksemdar har gjort det vanskeleg å kontrollere at statstilskot og skulepengar berre blir brukte til elevane sitt beste, og det er avdekt tilfelle der statstilskot og skulepengar er nytta til oppstartskostnader eller andre ikkje-relevante utgifter.

Tilsyn med innhaldet ved private skular

Innhald	Talet på tilsyn	Kommentar
Gjennomføring av elevundersøkinga	25	
Politiattest	2	
Skulemiljø og internkontroll	3	2 utan brot
Individuelt tilrettelagd opplæring	4	1 utan brot
Styret sitt ansvar	3	1 utan brot
Inntak	1	

I eitt av tre tilsyn med skulemiljø og internkontroll, avdekte vi brot på kravet om varsling og oppfølging ved mistanke om krenkingar. I dei to andre tilsyna avdekte vi ikkje brot på regelverket. I tilsyn med individuelt tilrettelagd opplæring avdekte vi at ikkje alle styra sikrar at skulen gjennomfører den individuelt tilrettelagde opplæringa i samsvar med vedtaket når det gjeld innhald, omfang, organisering og kompetanse. Vi avdekte også at styra må bli betre til å vise elevar vidare til PPT utan ugrunna opphald i dei tilfella der opplæringslova krev det, og dessutan at styret må sikre at skulen set i gang den individuelt tilrettelagde opplæringa frå vedtaksdatoen, eller frå den datoen vedtaket fastset.

Tilsyna med gjennomføring av Elevundersøkinga, har avdekt at fleire skular ikkje melder opp alle elevane dei skal, på dei obligatoriske trinna til Elevundersøkinga. Vi fann også at omtrent halvparten av dei 25 skulane ikkje var klar over at det var ein kortare gjennomføringsperiode av undersøkinga enn tidlegare år. Dette var tilfellet trass i informasjon og påminning frå Utdanningsdirektoratet.

I 2025 bad vi 24 privatskular om å skildre korleis dei sikrar at dei krev politiattest av alle som blir tilsette i faste og mellombelse stillingar. Vidare bad vi skulane skildre korleis dei sikrar at dei ikkje tilset personar som legg fram politiattest med dom eller vedteke førelegg for seksuelle overgrep mot mindreårige. Vi avslutta undersøkinga med 13 av skulane i 2025 utan brot og gjorde vedtak med pålegg om å rette til 2 skular. For resten av skulane held undersøkinga fram i 2026.

Vi har ført tre tilsyn der vi kontrollerte krava til samansetninga til styret, representantar med møte- og uttalerett, vedtak av budsjett og rekneskap, tilsetjing av dagleg leiar og behandling av tilstandsrapport. Vi fann brot i to av tilsyna.

Tilsynet med inntak, avdekte at skulen ikkje gjennomførte inntak og avslag i samsvar med eige inntaksreglement. I tillegg fann vi at inntaksreglement ikkje var tilgjengeleg for moglege søkjarar før dei søkte om skuleplass, noko som svekkjer openheita og føreseielegheita i opptaksprosessen.

Risikovurdering

Etter vår vurdering har tilsyna hatt god effekt i sektoren. Vi ser at dei aller fleste privatskulane rettar avdekte brot på regelverket forholdsvis raskt. Samtidig tyder mykje på at mange av brota kunne vore avdekte tidlegare av skulen eller styret dersom det hadde vore etablert eit godt fungerande internkontrollsystem. Når private skular har god internkontroll og sjølve avdekkjer og korrigerer ulovleg praksis, bidreg det både til betre regeletterleving og til redusert behov for tilsyn. Sjølv om betre internkontroll ikkje vil erstatte behovet for tilsyn, vil det påverke kor ofte og i kva omfang tilsyn blir gjennomført. Tilsyna våre skal vere eit supplement til styret si eiga oppfølging av skulen, ikkje ei erstatning.

Vidare arbeid med tilsyn med privatskular

I 2026 vil vi halde fram med å gjennomføre risikobaserte tilsyn med både økonomiforvaltninga til skulen og innhaldet i opplæringa ved private skular. Våre førebelse risikovurderingar viser at det vil bli gjennomført tilsyn også i 2026 med fleire av dei same temaa som det var tilsyn med i 2025.

Vedlegg til årsrapporten til Utdanningsdirektoratet

Om tilskotsforvaltning og tilskotskontroll i 2025

Overordna vurdering

Udir har ansvar for 66 tilskotsordningar. Formålet med desse ordningane er at tilskota samla skal bidra til trygge, gode og likeverdige barnehage- og opplæringstilbod. Tilskota er utforma for å stimulere til drift eller auka ressursbruk på utvalde område hos mottakarane. Dette kan skje ved å målrette ekstra ressursar, eller ved å stimulere til arbeid med kvalitet, kompetanse og utvikling. Tilskota skal også bidra til likeverdighet og utjamning på tvers av husstandar, barnehagar, skular og kommunar. Kvar tilskotsordning har eit tydeleg definert formål som er forankra i tildelingsbrev, budsjettproposisjonen og/eller gjeldande regelverk.

Tilskotsforvaltninga vår er utforma i tråd med reglement for økonomistyring i staten. Forvaltninga skal sikre kontroll med at midlane blir brukte i tråd med formålet sitt, at ordningane er formålstenleg utforma, slik at dei kan skape nytte, og at forvaltninga er korrekt, effektiv og rettferdig.

Tilskotsforvaltning i 2025

Figur 1 viser nøkkeltal om tilskota vi forvalta i 2025. I tilskotsporteføljen var det totalt 66 tilskotsordningar, éi færre enn i 2024. Total budsjetttramme var 12,809 milliardar kroner, som er ein auke på 1,021 milliardar kroner samanlikna med 2024. Årsakene til auken er knytt til auke i elevtilskotet til private grunnskular, overgangsordninga og særtilskotet til dei private grunnskulane, og dessutan elevtilskotet til dei private vidaregåande skulane i Noreg. I tillegg har løyvinga til tilskot til rettleiing for nyutdanna nyttilsette lærarar auka på grunn av utviding av målgruppe for ordninga, og dessutan at tilskot til skulemiljøteam er utvida til også å omfatte beredskapsteam.

I 2025 fekk vi fem nye ordningar med ei tildeling på om lag 284,6 millionar kroner. Ordningane gjekk mellom anna til toppa bemanning i barnehage og samarbeid mellom SFO og kulturskule, idrettslag og andre frivillige organisasjonar.


Seks ordningar blei avslutta i 2024, og dei hadde ei samla tildeling på om lag 317,5 millionar kroner.

Hovuddelen av tilskotsmidlane vi betaler ut, går til private skular. Kommunar/fylkeskommunar og folkehøgskular følgjer etter det. Sjå figur 2 for mottakarar og prosentdelen tilskotsmidlar som blir mottekne.


For å sikre ei effektiv, einsarta og robust tilskotsforvaltning er heilskapleg forvaltningsløysing (HFL) eit sentralt verktøy. HFL er ei eigenutvikla løysing av system som administrerer arbeidet vårt med godkjenningar av skular, forvaltning av dei økonomiske verkemidla våre og tilsyna våre med

sektoren (private skular og private barnehagar). Løysinga utfører ei rekkje automatiske kontrollar før vi betaler ut tilskot. I tillegg gjennomfører vi manuelle kontrollar av søknader, budsjett og rapportar frå tilskotsmottakarane og statsforvaltarane.

Figur 1: Tal om tilskot i 2025



Figur 2: Mottakarar av tilskot og deira del av utbetalt tilskot 2025



Andre aktivitetar i 2025

Ny lov om folkehøgskular

I 2025 blei det vedteke ei ny lov om folkehøgskular og ei tilhøyrande ny forskrift, som samla sett moderniserer og tydeleggjer regelverket for sektoren og gjer det mogleg å føre tilsyn med folkehøgskulane. Den nye lova erstattar folkehøgskulelova frå 2002 og byggjer på oppfordringane frå NOU 2022:16 *En folkehøgskole for alle*. Formålet er å sikre høg kvalitet, føreseielege rammer og auka mangfald i folkehøgskulane. Udir har lagt ned mykje arbeid i å få på plass det nye regelverket og å tilpasse systemet der folkehøgskulane rapporterer kurs og elevar, som utgjør hovudgrunnlaget for fordelinga av tilskotsmidlane.

Forskrifta til den nye lova blei sett i kraft 25. august 2025 og inneheld ny tilskotsmodell, medrekna tydelegare krav til kurs av kortare lengd og definisjon av særtilskotelevar, og dessutan nye reglar om dokumentasjon av fullført kurs og fråvær.

Bruk av KI i søknadsbehandling

Udir forvaltar eit aukande tal på tilskotsordningar som er søknadsbaserte, og som skal behandlast ut frå skjønn. Slike tilskotsordningar kan potensielt ha mange søkjarar og mange krav som må oppfyllest, og kvar enkelt søknad kan ha mange tekstlege beskrivingar med ustrukturert informasjon. For å gjere saksbehandlinga meir effektiv har vi derfor starta eit utviklingsarbeid for å ta i bruk kunstig intelligens (KI). Bruk av KI gjer det mogleg å handtere ei stor mengd informasjon på kortare tid og bidreg til å standardisere vurderingsprosessen ved at informasjonen blir samanlikna på ein konsistent måte.

KI-verktøyet skal vere eit supplement til, og underlag for, vurderingane som blir gjorde av saksbehandlarar. Det kan mellom anna flagge avvik og/eller manglar i søknader tidleg i prosessen, og gi forslag til rangering og vurdering av søknadene. Vi vil vidare teste verktøyet i kontroll av rapportering. KI-verktøyet gir oss dermed ei raskare oversikt over eventuelle behov for meir informasjon eller avklaringar frå søkjarane.

Standardvilkår for budsjettstyrte tilskotsordningar

Budsjettstyrte tilskotsordningar har ikkje det same lovverket å støtte forvaltninga av tilskotet på, slik som i regelstyrte tilskotsordningar som er heimla i lov eller forskrift. Dette kan gjere det utfordrande å utøve ein einsarta forvaltningspraksis. Det blei derfor i 2025 utarbeidd eit sett med standardvilkår for dei budsjettstyrte ordningane som vil gjelde frå 2026. Standardvilkåra seier mellom anna noko om bruk av midlane, effektiv ressursbruk, tiltak ved mishald og tilbakebetaling.

Standardvilkåra vil til kvar tid vere tilgjengeleg på nettsidene våre, samtidig som dei blir lagde ved tilskotsbrev til mottakarane i dei budsjettstyrte ordningane. Tilskotsbrev kan dermed kortast ned og bli meir tydelege. På udir.no vil potensielle søkjarar om tilskot enkelt sjå kva krav og forventingar som blir stilte når ein får tilskotsmidlar frå oss.

Risikovurdering

Vi vurderer årleg risikoen for kvar enkelt tilskotsordning og for porteføljen samla sett. I tilskotsforvaltning og -kontroll blir vurdert risiko langs fleire dimensjonar. Overordna handlar dette om tilskota er eigna til å skape ønskte effektar i sektoren, og om dei er innretta på ein måte som legg til rette for god forvaltning og kontroll. Risikovurderingane bidreg til å identifisere område med uro for måloppnåing, ressursbruk, effektar og forvaltning.

Samla vurderer vi at vi har god innsikt i, og kontroll over, risikoen i tilskotsporteføljen. Risikoen blir vurdert som innanfor eit akseptabelt nivå.

I 2025 har vi arbeidd med å utvikle ein ny metode for porteføljevurdering, kalla screening. Hausten 2025 blei metoden testa ut i ein pilot på eit utval tilskotsordningar og prosjektmidlar. Formålet med screeninga er å identifisere moglege risikoområde og utfordringar som kan påverke måloppnåing, ressursbruk og effekten av ordningane. Målet er å vurdere fleire tilskot opp mot kvarandre basert på seks dimensjonar: relevans, måloppnåing, kostnadseffektivitet, overlapp med andre ordningar, berekraft og utilsikta konsekvensar. Dette gir eit heilskapleg bilete av tilskota som blir vurderte, og god informasjon om funksjon og risiko for kvar enkelt ordning. I 2026 vil vi halde fram dette utviklingsarbeidet.


Ved vurdering av risiko for kvar enkelt ordning gjennomfører vi også ei klassifisering. Ordningane blir plasserte i risikoklassar frå låg til høg risiko. Dei fire risikoklassane er forklarte i tabell 1 nedanfor. Den samla innsikta vi får gjennom året kan føre til at tilskotsordningar endrar risikoklasse frå året før. Klassifiseringa gjer det mogleg å følgje utviklinga i porteføljen og å prioritere kontroll og analysar på dei områda og ordningane der risikoen blir vurdert som størst.

Tabell 1: Risikoklasse


Klasse	Risiko	Grunngiving
1	Låg	Mykje relevant informasjon som kan gi eit godt bilete av om tilskotet kjem målgruppa til gode. Jamlege kontrollhandlingar i samband med saksbehandling og anna oppfølging. Det er høve til å gi sanksjonar mot tilskotsmottakarane.
2	middels	Usikkert informasjonsgrunnlag. Omfanget av insentivproblem blir vurdert som relativt lite, eller midlane er forholdsvis små. Ordningane blir følgde opp med stikkprøver. For å kunne vurdere behovet for fleire kontrollhandlingar eller evalueringar blir ordningane følgde opp med stikkprøver.
3	Høg	Blir kjenneteikna av måleproblem, få kontrollmekanismar og insentivproblem. Ordningar i denne klassen treng meir transparens og fleire kontrollar for å sikre at dei blir forvalta i tråd med intensjonen.
4	Ikkje vurdert	Nye ordningar som endå ikkje er klassifiserte, eller ordningar som blir forvalta på ein slik måte at det ikkje er naturleg å klassifisere dei.

Vi klassifiserte alle 66 ordningane i 2025. Det er få endringar i forhold til vurderinga i 2024. Dei fleste endringane gjeld ordningar som var nye i 2024, som no har blitt vurderte, og nye ordningar i 2025 som endå ikkje er vurderte. Figur 3 og 4 viser prosentdelen innanfor kvar klasse, for høvesvis ordningar og utbetalte tilskotsmidlar.

Figur 3: Klassifisering, talet på ordningar



Figur 4: Klassifisering, utbetalte tilskotsmidlar



Auken i andelen tilskotsmidlar klassifisert med låg risiko kjem av ein nedgang i talet på tilskotsordningar vi forvalta, samanlikna med 2024. Den prosentvise fordelinga blir derfor annleis enn i 2025, sjølv om talet på ordningar med låg risiko er det same som i 2024. Tilsvarende gjeld for tilskotsordningane som er klassifiserte i klasse 2, middels risiko.

Det er inga endring i talet på ordningar som er klassifiserte i klasse 3, høg risiko. Det er berre tilskot til diverse skular som tilbyr yrkesretta opplæring, som er klassifiserte i denne klassen. Bakgrunnen for klassifiseringa kjem i stor grad av manglande kunnskapsgrunnlag om skulane og elevgruppene, og dessutan uklare detaljar om måloppnåing. Totalt er 91 prosent av ordningane i tilskotsporteføljen vurderte å ha låg eller middels risiko.

Ser vi klassifiseringa i forhold til utbetalte midlar på ordningane som er plasserte i dei ulike risikoklassane, blir fordelinga litt annleis. Dette gir seg særleg utslag i prosentdelane for «middels risiko» og «ikkje vurdert».

Nærmare om vesentlege risikoar

Risiko knytt til låg kapasitet hos tilskotsmottakarane

Som omtalt fleire stader i hovuddokumentet til årsrapporten er det vesentleg risiko knytt til at kommunane har avgrensa tilgang til kapasitet og kompetanse. Denne avgrensinga påverkar også moglegheitene til å søkje om tilskot, og å gjennomføre og følgje opp tiltak på ein måte som gir ønskt og varig endring. Overordna vurderer vi at det er vesentleg risiko knytt til om kommunane er i stand

til å dra nytte av dei moglegheitene som ligg i søknadsbaserte tilskotsordningar. Det same kan gjelde for ein del private tilskotsmottakarar.

Risiko knytt til små og regelstyrte tilskotsordningar

Fleire av ordningane våre har lågt budsjett og blir fordelte basert på talet på barn og/eller elevar. Samtidig har mange av tilskotsmottakarane få barn og/eller elevar i tilboda: Meir enn ein tredel av kommunane i landet har under 3 000 innbyggjarar, og 71 private grunnskular og 10 private vidaregåande skular har 50 eller færre elevar. Vidare er det omtrent 480 ordinære barnehagar som har 20 eller færre barn.

I sum tilseier det at ein stor del av tilskotsmottakarane får låge tilskot. Dette må sjåast i lys av at det å få tilskot medfører ein administrativ kostnad hos mottakaren. Vi vurderer at det er risiko for at effektane av desse midlane er avgrensa.

Risiko for manglande heilskap og langtidsperspektiv i verkemidla

Ulike statlege verksemder utviklar ulike problemoppfatningar, ulike oppfatningar av kva som er rett og relevant verkemiddelbruk, og set grenser for kva som kan og ikkje kan sjåast i samanheng. Derfor vil forvaltningsregimet knytt til kvar enkelt tilskotsordning ofte vere prega av sektoren sine egne behov og problemforståing. Aktørar som får tilskot frå fleire statlege verksemder i ulike sektorar, kan dermed ikkje sjå midlane i samanheng, og dermed heller ikkje løyse dei samla utfordringane hos aktøren på ein heilskapleg og kostnadseffektiv måte. Den tverrsektorielle tilskotsordninga for førebyggjande tiltak for barn og unge som kjem i 2026, er eit bidrag til å endre på dette.¹⁰⁹

I nokre ordningar kan det skje endringar i utforming og/eller budsjett frå år til år. Det kan føre til at tilskotsmottakarane ikkje torer å leggje langsiktige planar, særleg der det krevst investeringar, årsverk eller kompetansebygging. Dette gjeld særleg for ordningar som ikkje er forankra i lov. Vi forvaltar tilskot med kortvarig og langsiktig perspektiv, men der det likevel blir innvilga tilskot for eitt år om gongen. Dette kan vere ei utfordring for tilskotsmottakarane.

Risiko for at tilskot ikkje skaper varige effektar hos mottakaren

Prosjektprega tilskot eller tilskot med små budsjett blir ofte lagde til enkeltpersonar eller avdelingar hos mottakaren. Om ikkje linjeleiinga tek fullt ansvar for å endre praksis og strukturar, kan ein risikere at tilskotet ikkje blir bygd inn i ordinære budsjett, bemanning, planar eller rapportering. Erfaringar risikerer å halde fram med å vere lokale, personavhengige og tidsavgrensa, i staden for å bli standardiserte og skalerte. Vi har ei oppfatning om at dette kan vere tilfellet i enkelte søknader vi behandlar. Søknadene ber preg av å vere skrivne i hastverk, at dei er kopi av søknader som er sende til andre statlege verksemder, eller at søknaden gir liten informasjon om korleis aktøren skal jobbe

¹⁰⁹ [Bufdir.no. Ny ordning fra 2026: Programfinansiering skal styrke kommunenes forebyggende arbeid for barn og unge.](#)

for å nå målet med tilskotet. I slike tilfelle gir vi aktøren høve til å gi oss meir utfyllande og klargjerande informasjon før søknaden blir behandla.

Vidare arbeid med tilskotsforvaltning og -kontroll

Vi har godt etablerte metodar og verktøy for å gjere kvantitative og kvalitative vurderingar av enkeltordningar og av porteføljen samla sett, og det har fungert godt over tid. Vi ser likevel behov for å vidareutvikle metodar og verktøy slik at dei er i tråd med dagens situasjon og føresetnader. Det blei i 2025 starta arbeid med ny metode for porteføljevurdering, og arbeidet vil halde fram i tida som kjem.

Vidare vil vi halde ved like og utvikle vertikalane i HFL-løysinga, og ved behov utvikle nye vertikalar, for å gjere arbeidet med godkjenning av skular, forvaltning av økonomiske verkemiddel og tilsyn med sektor endå meir effektivt og robust.

Metodar i tilskotsforvaltninga må også tilpassast til nye teknologiske moglegheiter. I 2026 vil vi halde fram utforskinga av korleis KI kan brukast som støtteverktøy i behandling av søknader og rapportering. Vi ser mellom anna moglegheit for å tilpasse verktøyet til bruk på fleire tilskotsordningar og i vurdering av budsjett for nye skular. Verktøyet vil også kunne hjelpe oss med å analysere store mengder data for å identifisere mønster og trendar, noko som kan bidra til betre avgjerder om tildeling av tilskot.

Førebyggje økonomisk kriminalitet og mishald av tilskotsmidlar

Noreg er eit lite og tillitsbasert samfunn, og vi har generelt eit høgt velferdsnivå. Openheit er eit grunnprinsipp for det norske demokratiet og viktig for at befolkninga skal ha tillit til styresmaktene. Samtidig er openheit og tillit faktorar som er sårbare for utnytting frå kriminelle aktørar, og desse aktørane blir også stadig meir profesjonelle. Dette stiller høge krav til beredskap og tverrfagleg kompetanse for å identifisere og førebyggje misbruk av tilskotsordningar, i tillegg til samhandling med andre kontrollatar og med aktørane i sektoren. Utbreidd misbruk av velferdsordningane, utan at kontrollorgan eller kontrollmekanismar evnar å stoppe dette, kan redusere tilliten befolkninga har til styresmaktene.

DFØ har varsla at dei våren 2026 vil publisere ei rettleiing om økonomisk kriminalitet og risikobasert kontroll. Med utgangspunkt i denne rettleiinga vil vi gjere fleire tiltak som styrkjer tilskotsforvaltninga på våre område. Vi vil mellom anna publisere informasjon og rettleiing på udir.no og tilskudd.no for å gjere forvaltninga meir transparent, og gjere det tydeleg kva som skjer ved eventuelle brot. Vi vil vidare halde fram arbeidet med å kartleggje svakheiter i tilskotsordningane vi forvaltar, og i dei interne systema og rutineane våre. Bruk av ny teknologi vil vere ei viktig støtte i arbeidet med å handtere risikoane som eventuelt blir avdekte.

Oversikt over dei ulike tilskotsordningane i 2025

Tabell 2 viser tilskota direktoratet har forvalta i 2025. Av tabellen kjem det også fram om tilskota er budsjettstyrte (B) eller regelstyrte (R), løyving, risikoklasse, tilskotsmottakarar, og om Utdanningsdirektoratet (U) og/eller statsforvaltarane (SF) har forvaltningsoppgåver.

Tilskotsmottakarar: kommunar (K), private barnehagar (PB), fylkeskommunar (FK), statlege skular (S), private skular (PS), folkehøgskular (FHS), internasjonale skular (I), andre (A) og statsforvaltarar (SF).

Tabell 2: Tilskotsordningar 2025

Kapittel	Post	Tilskot til	Ordninga er	Tildeling i 2025	Forbruk per 31.12.	Klasse i 2025	Mottakarar	Forvaltar
220	70	Tilskot til læremiddel og pedagogisk barnehagemateriell utan marknadsgrunnlag	B	90 027 000	90 030 749	1	Andre	U
224	70	Tilskot til freds- og menneskerettssenter	B	175 427 000	175 427 000	1	Andre	U
225	60	Tilskot til landslinjer	B	285 337 000	285 337 000	2	FK	U
	63	Tilskot til samisk i grunnopplæringa – vidaregåande opplæring	B	21 783 000	21 782 440	1	FK, PS	U
		Tilskot til samisk i grunnopplæringa – studiepermisjonar for vidareutdanning og rekrutteringsstipend for lærarstudentar	B	5 801 000	2 379 485	1	K, FK, PS, S	U/SF
		Tilskot til samisk i grunnopplæringa – grunnskule	B	60 538 913	60 539 149	1	K, PS	U
		Tilskot til samisk i grunnopplæringa – kompensasjonstilskot for grunnskule	B	16 730 087	16 730 087	2	K	U
	64	Tilskot til opplæring av barn og unge som søker opphald i Noreg – grunnskule	B	193 580 000	194 640 964	1	K	U
	64	Tilskot til opplæring av barn og unge som søker opphald i Noreg – vidaregåande	B	47 280 000	45 911 604	1	FK	U
	66	Tilskot til skuleturar i samband med handlingsplan mot antisemittisme	B	17 595 000	17 562 951	2	K, FK, PS, A	U
	67	Tilskot til opplæring i kvensk eller finsk – grunnskule	B	7 089 000	7 088 124	1	K, PS	U/SF
		Tilskot til opplæring i kvensk eller finsk – vidaregåande opplæring	B	874 000	874 470	1	FK, PS	U
		Tilskot til opplæring i kvensk eller finsk – studiepermisjonar for vidareutdanning	B	864 000	262 899	1	K, FK, PS, S	U/SF
	68	Tilskot til opplæring i kriminalomsorga	B	364 090 000	364 049 000	1	FK, SF	U
	69	Tiltak for fullføring og kvalifisering i vidaregåande opplæring – tilskot til kvalifisering og formidling til læreplassar i fag- og yrkesopplæringa	B	479 000 000	479 000 000	1	FK	U
		Tiltak for fullføring og kvalifisering i vidaregåande opplæring – forsøk med tilskot til bedrifter for å få fleire vaksne til å oppnå fagbrev	B	14 400 000	14 400 000	4	FK	U
		Tiltak for fullføring og kvalifisering i vidaregåande opplæring – fleksible og desentraliserte tilbod innanfor yrkesfag i gravgrendte strøk	B	15 000 000	14 999 998	4	FK	U

Kapittel	Post	Tilskot til	Ordninga er	Tildeling i 2025	Forbruk per 31.12.	Klasse i 2025	Mottakarar	Forvaltar
	74	Prosjekttilskot	B	10 429 000	10 157 100	2	A	U
	75	Grunntilskot	B	112 451 000	112 450 997	2	A	U

Kapittel	Post	Tilskot til	Ordninga er	Tildeling i 2025	Forbruk per 31.12.	Klasse i 2025	Mottakarar	Forvaltar
226	21	Samarbeid mellom SFO og kulturskule, idrettslag og andre frivillige organisasjonar	B	20 000 000	19 999 991	4	K	U
		Tilskot til Stiftelsen Lenken	B	2 000 000	2 000 000	1	A	U
		Tilskot til Støttegruppen etter 22. juli	B	5 500 000	5 500 000	1	A	U
		Tilskot til WorldSkills Norway	B	4 000 000	4 000 000	1	A	U
	61	Tilskotsordning til rettleiing for nyutdanna nytilsette lærarar	B	145 390 000	145 118 528	2	K, FK, PS	U
	63	Tilskot til utstyr og praktiske læringsarenaer på 5.-10. trinn.	B	160 000 000	160 000 000	2	K	U
227	63	Tilskot til skulemiljøteam og beredskapsteam	B	125 000 000	124 944 000	2	K	U
		Tilskot til Fjellheimen leirskole	B	7 751 000	7 751 000	1	K	U/SF
		Tilskot til vaksenopplæring i Sandefjord kommune	B	6 330 000	6 330 000	1	K	U
		Tilskot til dei kommunale sameskulane i Snåsa og Målselv	B	30 307 000	30 307 000	1	K	U
	78	Tilskot til dei kommunale sameskulane i Snåsa og Målselv – skuleskyss	B	1 919 000	1 919 000	1	K	U
		Tilskot til internatdrifta ved Krokeide videregående skole	B	31 564 000	31 564 000	1	PS	U
		Tilskot til Røde Kors Nordisk United World College	B	44 186 000	44 186 000	1	I	U
		Tilskot til Den franske skolen i Oslo	B	42 489 000	42 489 000	1	I	U
		Tilskot til Lycée International de Saint-Germain-en Laye	B	5 527 000	5 527 000	1	I	U
		Tilskot til Signo grunn- og videregående skole og Briskeby videregående skole	B	57 082 000	57 082 000	2	PS	U
		Tilskot til internatdrifta ved Feiring videregående skole	B	18 817 000	18 817 000	1	PS	U
	Tilskot til opplæring i rusinstitusjonar	B	12 929 000	12 929 000	1	FK, A	U	

Kapittel	Post	Tilskot til	Ordninga er	Tildeling i 2025	Forbruk per 31.12.	Klasse i 2025	Mottakarar	Forvaltar
228	70	Private grunnskular – elevtilskot	R	4 054 655 538	4 054 128 554	1	PS	U
		Private grunnskular – overgangsordning	B	234 717 462	234 717 462	1	PS	U
	71	Private videregående skular	R	2 469 596 000	2 468 956 673	2	PS	U
	72	Diverse skular som gir yrkesretta opplæring	R	170 861 000	170 861 155	3	PS	U
	73	Private grunnskular i utlandet – elevtilskot	R	120 472 902	120 473 129	2	PS	U
		Private grunnskular i utlandet – overgangsordning	B	12 167 098	12 167 098	2	PS	U
		Private grunnskular i utlandet – individuell tilrettelagd opplæring	R	27 402 000	27 885 921	1	PS	U/SF
		Avtale Noreg–Sverige om grunnskuleopplæring i utlandet – Skolverket	R	943 000	840 209	1	A	U

Kapittel	Post	Tilskot til	Ordningaer	Tildeling i 2025	Forbruk per 31.12.	Klasse i 2025	Mottakarar	Forvaltar
	74	Private vidaregåande skular i utlandet – elevtilskot	R	24 671 000	24 569 678	2	PS	U
		Private vidaregåande skular i utlandet – individuell tilrettelagd opplæring	R	3 430 000	3 341 250	1	PS	U/SF
	75	Private skular med særskilt tilrettelagd opplæring for elevar med dokumenterte behov	R	608 175 000	607 566 268	2	PS	U
	76	Andre private skular	R	79 116 000	79 080 683	2	PS	U
	77	Tilskot til Den tysk-norske skolen i Oslo	B	44 155 000	44 154 772	2	I	U
	78	Kompletterande undervisning	B	26 395 000	25 337 232	2	A	U
	79	Toppidrett	B	86 017 000	86 017 000	2	PS, A	U
	81	Elevutveksling til utlandet	B	467 000	467 241	1	PS	U
	82	Kapital- og husleigetilskot til private skular	B	80 375 000	80 255 818	1	PS	U
	83	Særtilskot til Møbelsnekkerskolen, Plus-skulen og Hjerleid Handverksskole	B	5 190 000	5 190 000	2	PS	U
	84	Redusert foreldrebetaling i skulefritidsordninga ved private skular	B	110 231 000	108 666 826	1	PS, I	U
	85	Særtilskot til private kombinerte grunnskular	B	90 000 000	89 950 390	1	PS	U
231	60	Toppa bemanning i barnehage	B	200 000 000	199 998 874	4	K	U
	61	Tilskot til auka pedagogtettleik og auka grunnbemanning i barnehagar i levekårsutsette område	B	208 900 000	208 900 000	1	K	U
	63	3430 Tilskot til tiltak for å styrkje språkutviklinga blant minoritetsspråklege barn i barnehagen	B	226 258 000	226 257 582	2	K	U
	66	Tilskot til auka barnehagedeltaking for minoritetsspråklege barn.	B	24 375 000	24 374 989	2	K	U
	70	Tilskot til symjing i barnehagane	B	77 735 000	77 564 704	2	K, B, A	U/SF
253	70	Tilskot til folkehøgskular	B	1 141 321 000	1 141 320 734	2	FHS	U
	71	Tilskot til Folkehøgskolerådet	B	6 285 000	6 285 000	1	A	U
	72	Tilskot til Nordiska folkhøgskolan	B	825 000	825 000	1	I	U
900	73	Tilskot til entreprenørskapsfremjande aktivitetar for ungdommar	B	35 200 000	34 667 520	4	A	U

Vedlegg til årsrapporten til Utdanningsdirektoratet

Arbeid for likestilling og mangfald, og aktivitets- og forklaringsplikta

Denne delen av årsrapporten gjeld rapportering etter likestillings- og diskrimineringslova § 26 a. Første del skildrar faktisk tilstand for kjønnslikestilling i direktoratet. I andre del skildrar vi korleis vi jobbar for likestilling og mot diskriminering på bakgrunn av alle diskrimineringsgrunnlaga på områda rekruttering, lønns- og arbeidsvilkår, forfremjing og utviklingsmoglegheiter, tilrettelegging og moglegheit for å kombinere arbeid og familieliv.

Del 1: Tilstand for kjønnslikestilling

Rapportering kvart år

Kjønnsfordeling blant tilsette

I Utdanningsdirektoratet er vi 409 tilsette ved utgangen av 2025, 273 kvinner og 136 menn. Dette gir oss ein kvinnedel på 67 prosent og ein mannsdel på 33 prosent, som er same kjønnsdel som i 2024. Ved utgangen av 2025 er det fem kvinner og to menn i toppleiinga, som er same fordeling som i 2024. Vi har 27 avdelingsdirektørar med ei fordeling på 55,6 prosent kvinner og 44,4 prosent menn. I 2024 hadde vi 24 avdelingsdirektørar med ei fordeling på 50 prosent kvinner og menn.

Nivå	Tal			
	Kvinner	Menn	Kvinnedel	Totalt
Nivå 1 – Utdanningsdirektoratet	273	136	67 %	409
Nivå 2 – direktør		1		1
Nivå 3 – stabs-, divisjons- og avdelingsdirektør	20	14	59 %	34
Nivå 4 – seniorrådgivar	197	83	70 %	280
Nivå 5 – rådgivar	31	20	61 %	51
Nivå 6 – førstekonsulent/konsulent	4	8	33 %	12
Nivå 7 – lærlingar	4	3	57 %	7
Nivå X – prosjektleiar, utgreiingsleiar, spesialrådgivar og fagdirektør	17	7	71 %	24

Kjønn og deltid

I Utdanningsdirektoratet er det få tilsette som jobbar redusert. Alle stillingar i direktoratet er i utgangspunktet heiltidsstillingar. Det må søkjast om å jobbe redusert, og ved utgangen av 2025 jobba 2,9 prosent (12 tilsette, og 11 kvinner og éin mann) i reduserte stillingar. Tilrettelegging for

individuelle behov ved å innvilge redusert stilling eller permisjon er ein del av personalpolitikken i Utdanningsdirektoratet.

Kjønn og mellombels tilsetjing

Av dei tilsette er 1,47 prosent (19 tilsette) tilsette i mellombelse stillingar anten på engasjement eller i vikariat. Fordelinga av kvinner og menn i mellombelse tilsetjingsforhold er 12 kvinner og 7 menn. Av dei 19 tilsette i mellombelse stillingar er 7 lærlingar, og fire er kvinner og tre er menn.

Kjønn og uttak av foreldrepermisjon

I 2025 har 24 kvinner teke ut foreldrepermisjon. Gjennomsnittleg lengd på permisjon var 18 veker, og totalt fråvær var 2321 dagsverk. Tilsvarande har 3 menn teke ut foreldrepermisjon i 2025. Gjennomsnittleg lengd for permisjonen var 7 veker, og totalt fråvær var 100 dagsverk.

Rapportering annakvart år

Lønnsfordeling mellom kjønn (likelønnskartlegging) og ufrivillig deltid skal kartleggjast og rapporterast på annakvart år. Vi rapporterte på dette sist i 2023.

Lønnsfordeling mellom kjønn

Å bidra til likelønn er eit av dei fastsette måla i den lokale lønnspolitikken til Utdanningsdirektoratet. Målet blir følgt opp i gjennomføringa av lokale lønnsforhandlingar og ved fastsetting av lønn ved nye stillingar. Før stillingar blir lyste ut, blir kunngjeringsteksten med tilhøyrande lønnsspenn og stillingskode drøfta mellom arbeidsgivaren og dei tillitsvalde.

Stillingsnivåa er baserte på eksisterande stillingskategoriar i direktoratet. Alle stillingskodar som blir nytta i direktoratet, er drøfta med dei tillitsvalde. Kvalifikasjonskrav, ansvar og oppgåver for dei to største stillingskategoriane i Utdanningsdirektoratet, rådgivar og seniorrådgivar, er fastsette i lokal lønnspolitikk og er tilsvarande for alle tilsette på desse stillingsnivåa.

I 2025 ligg menn gjennomsnittleg noko høgare i lønn enn kvinner på verksemdsnivå og seniorrådgivarnivå, mens kvinner ligg gjennomsnittleg noko høgare enn menn på leiarnivå, rådgivarnivå og nivå x (prosjektleiar, utgreiingsleiar, spesialrådgivar og fagdirektør). Ved utgangen av 2025 er kvinnene sin del av lønna til menn 99,2 prosent. Det er ein liten reduksjon i lønnsforskjellen frå førre gong vi gjennomførte likelønnskartlegging i 2023, då han var på 98,3 prosent. På leiarnivå er kvinnene sin del 104,1 prosent samanlikna med lønna til menn. I 2023 var kvinnene sin del av lønna til menn på leiarnivå 102,2 prosent. Den største stillingsgruppa i direktoratet er seniorrådgivar. I denne gruppa er kvinnene sin del av lønna til menn på 96,6 prosent. Det er ein liten auke i lønnsforskjellen samanlikna med 2023, då han var på 97,1 prosent.

Tabellen nedanfor viser gjennomsnittslønna totalt og fordelt på kjønn på verksemdsnivå, og for dei mest brukte stillingskodane i direktoratet. I tillegg viser tabellen kvinner sin del av lønna til menn på verksemdsnivå og på dei ulike nivåa, og dessutan forskjellen mellom lønna til kvinner og menn i kroner. På grunn av personvernomsyn inneheld ikkje tabellen informasjon om lønn for dei stillingsnivåa som har færre enn fem tilsette totalt eller per kjønn. Det er få tilsette i kvar av stillingskategoriane prosjektleiar, utgreiingsleiar, spesialrådgivar og fagdirektør. Vi har derfor valt å slå saman desse kategoriane for å kunne vurdere lønnsfordeling mellom kjønn.

Lønnsfordeling mellom kjønn i Utdanningsdirektoratet

Nivå	Gjennomsnittslønn			Andel	
	Kvinner	Menn	I alt	Differanse mellom lønna til kvinner og menn (kr)	Kvinner sin del av lønna til menn (%)
Nivå 1 – Udir	794 787	801 472	798 130	-6 685	99,2 %
Nivå 2 – direktør					
Nivå 3 – stabs-, divisjons- og avdelingsdirektør	1 144 433	1 099 625	1 122 029	44 808	104,1 %
Nivå 4 – seniorrådgivar	786 667	814 565	800 616	-27 898	96,6 %
Nivå 5 – rådgivar	668 080	658 609	663 345	9 471	101,4 %
Nivå 6 – førstekonsulent/konsulent					
Nivå 7 – lærlingar					
Nivå X – prosjektleiar, utgreiingsleiar, spesialrådgivar og fagdirektør	918 050	872 919	895 485	45 131	105,2 %

Kjønn og overtid

Overtid skal vere pålagd og avtalt med nærmaste personalleiar. Overtid blir rekna ut som ein prosentsats av den avtalte lønna til den tilsette. Overtidskompensasjon vil variere avhengig av kva tid på døgnet overtida blir utført, om overtida løyser ut 50 prosent eller 100 prosent godtgjering, og ut frå korleis overtida skal kompenseras – som avspasering eller som utbetaling.

I 2025 jobba totalt 168 kvinner og 54 menn overtid i direktoratet. Totalt for direktoratet var kvinnene sin del av overtidstimane til menn 104,4 prosent. Når det gjeld overtidsgodtgjering, var kvinnene sin del 40,7 prosent av mennene sin. Overtidsarbeidet er utført av tilsette på ulike stillingsnivå og med varierende grunnlønn. Det er eit stort spenn i grunnlønna til dei tilsette som har jobba overtid i 2025. I tillegg har enkelte medarbeidarar med høg grunnlønn arbeidd mange overtidstimar, noko som i stor grad påverkar forskjellane i utbetalt overtidsgodtgjering.

Kjønn og skattepliktige naturalytingar og bonus

Alle tilsette i direktoratet får tilbod om mobiltelefon som tenestetelefon, og denne kan også brukast privat (skattepliktig naturalyting), så det utgjer ingen forskjell mellom kjønn. Bonus er ikkje med fordi vi ikkje nyttar bonusar i direktoratet.

Ufrivillig deltid

Nokre av dei tilsette har behov for å jobbe i reduserte stillingar i ein periode av ulike årsaker, til dømes delvis omsorgspermisjon, studiepermisjon eller permisjon på grunn av eiga helse. I dialog med dei tilsette jobbar vi kontinuerleg gjennom året med å kartleggje kva høve og ønske deltidstilsette har om å arbeide heiltid.

Del 2: Arbeidet vårt for likestilling og mot diskriminering

I arbeidet vårt for likestilling og mot diskriminering følger vi firetrinnsmetoden til Bufdir: a) kartleggje og undersøkje, b) analysere årsaker, c) setje i verk tiltak og d) vurdere resultat.



Illustrasjon: Bufdir

Arbeidet med aktivitets- og forklaringsplikta

Prinsipp, prosedyrar, standardar og struktur for arbeidet for likestilling og mot diskriminering

Udir har eit rammeverk for arbeidet for likestilling og mot diskriminering. Rammeverket dannar grunnlaget for leiinga sitt ansvar for, og medarbeidarane sitt bidrag til, arbeidet med å styrkje mangfald og inkludering internt i Udir.

Erfaringa vår er at arbeidet med å kartleggje, evaluere årsaker, setje i verk tiltak, og vurdere resultatet i løpet av eitt år, er krevjande. Vi valde derfor å lage ein handlingsplan for arbeidet som strekkjer seg over to år. Dette gir oss betre tid til å gjennomføre, og dessutan til å evaluere tiltaka i etterkant. Arbeidet blir synleggjort i fleire personalpolitiske dokument, som rekrutteringspolicy og livsfasepolitikk. Vidare har vi eit årshjul for HMS-arbeid som også inkluderer aktivitetar på mangfalds- og likestillingsområdet.

Vi har ei partssamansett arbeidsgruppe som jobbar med aktivitets- og forklaringsplikta. Arbeidsgruppa deltek mellom anna i utarbeiding og revidering av rammeverket for arbeidet for likestilling og mot diskriminering. I arbeidet med å revidere vår tilpassingsavtale til Hovudavtalen i 2025, tydeleggjorde vi rutineane våre for korleis partane skal vere involverte i ARP-arbeidet. AMU og IDF blir haldne oppdaterte om likestillings- og mangfaldsarbeidet ved behov.

Undersøkje og kartleggje risikoar for diskriminering og hinder for likestilling

Hausten 2023 gjennomførte vi ei omfattande kartlegging og undersøking av risiko for diskriminering og hinder for likestilling. Ingen store utfordringar blei avdekte, men nokre moglege risikoområde peika seg ut, slik som kjønn, alder, funksjonsnedsetjing og etnisitet. Resultatet frå kartlegginga blei brukt som grunnlag for strategien og handlingsplanen for 2024–2025. I 2025 har vi gjennomført kartlegging av risikoar innanfor mangfaldsrekruttering og -leiing. Både leiarar og medarbeidarar blei involverte i kartlegginga.

Vi skal gjennomføre medarbeidarundersøking i første kvartal 2026, der vi vil inkludere nokre spørsmål som gjeld aktivitets- og forklaringsplikta som ein del av kartleggingsarbeidet.

Tiltak som er sette i verk

Handlingsplanen for mangfalds- og inkluderingsarbeidet i direktoratet inneheld 28 tiltak fordelte på alle områda: kjønnsbalanse og mangfald i leiing og avgjerdstaking, kjønnsbalanse og mangfald i rekruttering av kompetanse, kjønnsbalanse og mangfald i karriereutvikling og å behalde kompetanse, lønns- og arbeidsvilkår, tilrettelegging, moglegheit for å kombinere arbeid og familieliv og tiltak mot vald og trakassering. Fleire av tiltaka i handlingsplanen er oppgåver som ligg i ordinære prosessar – til dømes ordningar etter Hovudtariffavtalen. Vi har valt å ta dette med i handlingsplanen for å vise totaliteten i arbeidet på området likestilling og diskriminering, og for å sikre at det blir gjennomført. Nedanfor skildrar vi nokre av områda vi har jobba med.

Livsfasepolitikk

Eit av måla i handlingsplanen er at Udir skal leggje til rette for tilsette i ulike livssituasjonar gjennom heile yrkeskarrieren. I 2025 reviderte vi livsfasepolitikken vår, der vi mellom anna har teke inn område som kvinnehelse, ung og ny i arbeidslivet, og kriser og alvorlege hendingar. Revisjonsarbeidet blei gjort i samarbeid med ei partssamansett arbeidsgruppe, og med brei involvering i direktoratet, der alle tilsette fekk høve til å gi innspel.

Livsfasepolitikken inkluderer også tilrettelegging i ulike livsfasar for å førebyggje sjukefråvær. Sjukefråværet i direktoratet har dei siste åra vore noko høgare enn målet vårt på 5 prosent. Vi har derfor styrkt arbeidet med sjukefråværsoppfølging gjennom revidering av rettleiing og leiaropplæring. Vi vil jobbe med innføring av revidert livsfasepolitikk i 2026.

Rekruttering

Vi har mål om å nå eit breiare mangfald når vi rekrutterer, og at alle som deltek i rekrutteringsprosessar, skal ha kunnskap om mangfaldsrekruttering. I 2025 har vi jobba med å forbetre kunngjeringsstekstane våre. Vi har også gjort tiltak for å auke talet på søkjarar med nedsett arbeidsevne, ved at tilpassingsavtalen seier at det skal vurderast om stillingsprosenten kan tilpassast for kandidatar som kan jobbe redusert. Dette kan å bidra til eit meir inkluderande arbeidsmiljø og gi fleire moglegheiter for arbeidssøklarar med ulike føresetnader.

Sjølv om vi har gjennomført fleire tiltak med mål om å rekruttere eit større mangfald, og har rutinar for rekruttering av personar med innvandrarbakgrunn, høl i CV-en og nedsett funksjonsevne, lykkast vi i liten grad med å tilsetje søkjarar frå spesielt målgruppene høl i CV-en og nedsett funksjonsevne. Vi har tidlegare hatt god erfaring med å rekruttere gjennom praktikantprogrammet i staten. I 2025 rekrutterte vi ikkje gjennom praktikantprogrammet, men har som mål å lyse ut éi praktikantstilling i 2026.

Kompetanseheving

Vi har tilgjengeleggjort kurs og gjennomført to workshopar om mangfaldsrekruttering og -leiing for alle leiarane i direktoratet. Vidare jobbar vi kontinuerleg med kompetanseheving for tillitsvalde og HR som er involvert i rekrutteringsprosessar.

Resultat av arbeidet og forventningar til arbeidet framover

Dei siste åra har vi målretta styrkt leiarane sine kompetanse på mangfaldsrekruttering og forbetra rekrutteringsprosessane våre. Arbeidet har gitt tydelege resultat. Vi ser ein jamn auke i både talet på søkjarar og tilsetjingar av personar med innvandrarbakgrunn. Talet på søkjarar som sjølve seier at dei har innvandrarbakgrunn, har gått frå 135 i 2023 til 369 i 2025. I 2025 tilsette vi fem personar, som er ein auke frå fjoråret. I året som gjekk, tilsette vi personar med nedsett funksjonsevne, men ingen med hòl i CV-en. I 2026 har vi som mål å auke rekrutteringa frå begge desse målgruppene.

Oversikt over oppdrag som er i gang og fullførte i 2025

Oppdrag som er i gang per 31. desember 2025

Dok.	År	Nr.	Tittel	Rad
TTB	15	9	Organisere og gjennomføre stipendordning for tilsette i undervisningsstillinger som manglar godkjend lærarutdanning	1
TTB	16	7	Gjennomføre sentrale tiltak i «Yrkesfaglærarløftet – for framtidens fagarbeidarar»	2
TTB	17	41	Evaluering av fagfornyelsen.	3
TTB	18	38	Sekretariat for fagleg råd for lærarutdanning	
TTB	19	17	Pilotar for meir inkluderande praksis i barnehage, skule og SFO – del 2	4
TTB	20	24	Evaluering av fagfornyinga for yrkesfag	5
TTB	20	40	Kompetanseløft i spesialpedagogikk og inkluderande praksis – setje i gang, utvikle vidare og følgje opp	6.
TB	21	3	Støtte til innføring av ny opplæringslov	7
TTB	21	27	Evaluering av samarbeids- og samordningsreglane i Prop. 100 L (2020–2021)	8
TTB	21	32	Kompetansetiltak for barnehage- og skulemiljø, mellom anna Læringsmiljøprosjektet	9
TB	22	3	Evaluering av utvida rett til vidaregåande opplæring	10
TB	22	9	Utviklingsarbeid i samband med samfunnskontrakten for fleire læreplassar	11
TTB	22	24	Oppfølging av fullføringsreforma – modulstrukturering av opplæring for vaksne	12
TTB	23	6.	Etatsgruppe for digital transformasjon i utdanningssektoren	13
TB	23	21	Forsking på trivsel hos barn og elevar i barnehage og skule	14
TTB	23	23	Styrkje arbeidet til skulane med fagfornyinga	15
TTB	23	24	Gjennomgang av fag- og timefordelinga for vidaregåande opplæring	16
TTB	23	27	Utgreiing av felles støttetjenester for personvern, informasjonstryggleik og universell utforming	17

Dok.	År	Nr.	Tittel	Rad
TTB	23	28	Oppfølging av 36 tiltak i strategi for digital kompetanse og infrastruktur i barnehage og skule	18
	23		Delta i etatssamarbeidet om utsette barn og unge (fleire oppdrag)	19
TB	24	4	Kompetanse og kvalitetsutvikling i SFO	20
TB	24	12	Kompetansepakke for folkehelse og livsmeistring	21
TTB	24	15	Tiltak for å redusere skulefråvær	22
TTB	24	18	Om urovekkjande skulefråvær og nasjonale faglege råd	23
TTB	24	20	Utarbeide rettleiing om det førebyggjande ansvaret til kommunen på oppvekstområdet	24
TTB	24	25	Utvikling av eit nasjonalt rammeverk for realkompetansevurdering for vaksne	25
TTB	24	26	Oppfølging av leselyststrategien	26
TTB	24	27	Etablere og vidareutvikle eit heilskapleg system for kompetanse- og karriereutvikling	27
TTB	24	28	Tydeleggjere målgruppa og betre tilbodet til personar med stort tilretteleggingsbehov innanfor lærekandidatordninga	28
TTB	24	30	Bidra til utvikling av digital foreldrestøtte	29
TB	24	31	Undersøking om regelverksetterleving og tilsyn i barnehagesektoren	30
TB	25	1	Kunnskap, status og tiltak for å sikre betre tidleg innsats, tilpassa opplæring og individuell tilrettelegging	31
TB	25	4	Greie ut ei sikrare og forbetra eksamensordning i vidaregåande opplæring	32
TB	25	5	Vurdere tiltak på teiknspråksfeltet	33
TB	25	6.	Etablering av eit nasjonalt senter for yrkesfag	34
TTB	25	7	Om endring av læreplan og eksamen i matematikk for samfunnsfag	35
TTB	25	9	Forsøk med tilskot til bedrifter for å få fleire vaksne til å oppnå fagbrev	36
TTB	25	12	Utgreiing av teknologifag og digitale ferdigheiter	37
TTB	25	13	Utvikle læreplan i teiknspråk som valfag og sende på høyring	38

Dok.	År	Nr.	Tittel	Rad
TTB	25	14	Tilrettelegging av sentralt gitt eksamen i yrkesfag på vg3-nivå	39
TTB	25	16	Vurdere vidareutvikling av dagens leiarutdanningar og utgreiing av arbeidssituasjonen til leiarane	40
TTB	25	17	Oppfølging av Meld. St. 34 (2023–2024) og tiltak for ein meir praktisk skule	41
TTB	25	18	Utvikle nye prøver med læringsstøttande formål	42
TTB	25	20	Utvikling av rettleiande innhaldslistar til læreplanverket	43
TTB	25	21	Oppdrag om beredskapsteam, utviding av talet på kommunar og presisering av retningslinjene for tilskotet	44
TTB	25	22	Haldningskampanje overfor elevar på ungdomsskulen og vidaregåande skular for å redusere bruken av narkotika	45
TTB	25	23	Etablering av støttetjeneste for personvern, informasjonstryggleik og universell utforming	46
TTB	25	24	Utvikle ei ny skulemiljøundersøking	47
TTB	25	25	Strukturendring i fellesfaga engelsk og norsk på dei yrkesfaglege utdanningsprogramma	48
TTB	25	27	Medverke til å lage e-læringskurs for å heve kompetansen i skule og SFO på negativ sosial kontroll og æresmotivert vald	49
TTB	25	29	Utarbeide og sende på høyring forslag til endring i økonomiforskrift og privatskuleforskrift til privatskulelova for å innføre heimel til tilsynsmakta til å gi straffegebyr for brot på enkelte reglar	50

Fullførte oppdrag i 2025

Dok.	År	Nr.	Tittel	Rad
TTB	18	38	Sekretariat for Fagleg råd for lærarutdanning 2025	1
TTB	23	25	Tverrsektorielt samarbeid i samband med straffegjennomføring for aldersgruppa 18–24 år	2
TTB	23		Styrkje kompetansen til lærarane til å ta i bruk dei nye læreplanane i fagfornyinga	3
TB	24	1	Tiltak for å auke leselest og motivasjon for lesing	4
TB	24	2	Kunnskapsinnhenting om læringsressursar på nynorsk	5
TB	24	5	Endringar i forskrift til opplæringslova om gratis SFO	6.
TB	24	6.	Heilskapleg gjennomgang av kva slags støtte det er behov for i arbeidet med kvalitetsutvikling i barnehagesektoren	7
TB	24	8	Vurdering av forskriftsendringar for å tryggje eksamensordninga	8
TTB	24	16	Greie ut moglegheit for å endre eksamenstidspunkt i vg3	9
TTB	24	19	Ferdigstille rettleiing og «spørsmål og svar» om atomberedskap for barnehage, skule og SFO	10
TTB	24	22	Endre forskrift til ny opplæringslov, slik at kravet til norsk kan dekkjast av bestemte nivå med språk frå dei nordiske landa for dei som skal opp til fag- eller sveineprøve	11
TTB	24	23	Tiltak som kan bidra til betre kvalitet i fjernundervisninga til elevar som får opplæring i samisk	12
TTB	24	29	Evaluering av tilskotsordning til skuleturar i samband med handlingsplan mot antisemittisme	13
TB	25	2	Nye rutinar for tilskot til lærebedrifter	14
TB	25	3	Analysenotat om søkjarar som ikkje får læreplass	15
TTB	25	8	Om beredskapsteam, utviding av talet på kommunar og presisering i retningslinjene for tilskotet	16

Dok.	År	Nr.	Tittel	Rad
TTB	25	10	Utarbeide plan for arbeidet med å utvikle ei ny skulemiljøundersøking	17
TTB	25	11	Oppfølging av barnehagar og skular utan beredskapsplanar og beredskapsøvingar	18
TTB	25	19	Kartleggje utfordringar for einslege mindreårige asylsøkjjarar og flyktningar og foreslå moglege tiltak	19
TTB	25	26	Tilskot til fleksible og desentraliserte tilbod innanfor yrkesfag i spreiddbygde strøk	20
TTB	25	28	Forslag til rammer og kriterium for programfinansiering	21

